

NIKU Rapport 41 – 2010

GUDSTENESTEREFORM OG VERNSTRATEGI

Anne Marta Hoff



Hoff, A. M. 2010. *Gudstenestereform og vernestrategi*. – NIKU Rapport 41. 57 sider. Pdf-fil på www.niku.no

Oslo, oktober 2010

NIKU Rapport 41
ISSN 1503-4895
ISBN 978-82-8101-087-1

Rettighetshaver © Copyright Stiftelsen Norsk institutt for kulturminneforskning, NIKU.
Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

Rapporten er kun tilgjengelig som pdf-fil på www.niku.no

Kontaktadresse: NIKU, Storgata 2, 0155 Oslo

Postadresse: NIKU, P.O.Box 736 Sentrum, NO-0105 Oslo
Tlf: 23 35 50 00
Fax: 23 35 50 01
Internett: www.niku.no

Forsidebilde: St. Jacob kirke, Bergen. Foto: Leidulf Mydland 2007.

Tilgjengelighet:	Åpen
Prosjektnr.:	1562365
Oppdragsgiver:	Riksantikvaren
Faglig ansvarlig hos NIKU:	Leidulf Mydland

Forord

Ei gudstenestereform er på trappene og skal handsamast på Kyrkjemøtet hausten 2010. I samband med det er spørsmål om grunnlaget for reforma, om konsekvensar for kyrkjebygningane med interiør og inventar, og om kva som kan gjerast for å møte desse konsekvensane på ein sakssvarande måte, aktualiserte. Det er viktig å komma med innspel til dette omdiskuterte feltet i den fassen vi er i, før reforma er vedteken.

Miljøverndepartementet har gjennom Riksantikvaren løyvt FoU-midlar til NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) til utgreiing av desse saksfelta. Delar av arbeidet med rapporten er betalt med eigenutviklingsmidlar frå Forskinsrådet og NIKU.

Forfattaren er forskar i NIKU og arbeider med dokumentasjon av kyrkjebygningar gjennom bokverket *Norges Kirker* og på nettstaden www.norgeskirker.no. Som leiar av Fagråd for kyrjekunst hjå Biskopen i Bjørgvin er ho vorten kjend med forvaltingsapparatet for kyrkjene. Forfattaren er kunsthistorikar med hovudfag i kunsthistorie frå UiB, og mellomfag i kristendomskunnskap frå UiO. Interesse for liturgien i kyrkja sett i samband med dei materielle uttrykka, har også vore grunnlag for at forfattaren er utnemnd som medlem i NFG (Nemnd for Gudstenesteliv) under Kyrkjerådet.

Takk til Oddbjørn Sørmoen, Jens-Christian Eldal og Karl Gervin som har lese manuskriptet og komme med verdfulle innspel.

Bergen, september 2010

Sammendrag

Hoff, A. M. 2010. *Gudstenestereform og vernestrategi*. – NIKU Rapport 41.

Det har vore ulike syn opp gjennom kyrkjens historie på kva som utgjer eit ideelt gudstenesterom. Den liturgiske rørsle som grodde fram for over 100 år sida, har hatt retning mot forenkling og demokratisering. Spørsmålet om korleis kulturminnevern kan sameinast med reform er no aktualisert ved gudstjenestereforma som er på trappene i Den norske kyrkja.

Rapporten trekker opp det historiske bakteppet for dagens situasjon, med vekt på kunsthistoria i kapittel 2 og liturgihistoria i kapittel 3. I kapittel 2 vert både kyrkjebygningane og inventaret kort gjennomgått. På grunnlag av den aktuelle liturgiske debatten er oversynet todelt med oldkyrkja som den første delen og den vidare utviklinga av kyrkjerommet fram til i dag som den andre.

I omtalen av den liturgiske utviklinga (kap 3) er hovudvekta lagt på tida etter 1900. Det vert gjort greie for Den liturgiske rørsle og det andre Vatikan-konsilet som begge er viktig føresetnad for dagens situasjon med internasjonale og interkonfesjonelle gudstenesteendringar.

Diskusjonen om konsekvensane av desse reformene vert referert, særleg på katolsk mark kan ein sjå ei motrørsle som peikar på viktige tap gjennom reformene. Dei norske reformtekstane som ligg til grunn for handsaming på Kyrkjemøtet hausten 2010, vert gjennomgått, og element i tekstane med konsekvensar for kyrkjerom og interiør, vert trekte fram.

Den norske kyrkja har eit ansvar for vern av kyrkjens kulturminne etter lova, men kulturminnevernet er også viktig for kyrkja som trussamfunn, eit forhold som ikkje har vore sterkt nok understreka frå kyrkja si side. Vidare har kyrkja eit verneansvar i rolla som samfunnsaktør. Også ansvaret for dokumentasjon av kyrkjebygningar, interiør og inventar vert trekt fram.

Rapporten konkluderer med at Gudstjenestereforma som er på trappene er i tråd med den generelle utviklinga etter Det andre vatikankonsilet. Reformtekstane inneheld få pålegg om endringar, men sterke føringar med konsekvensar for kulturminnevernet. Særleg er plasseringa av altaret utsett. Det er også konkludert med at det både internasjonalt og i Noreg er til dels sterke motreaksjonar mot tendensane i reformarbeida som Gudstjenestereforma er ei del av. Vidare er kyrkja sitt ansvar for kulturminnevernet påpeikt, og at kyrkja har ei eigainteresse i eit slikt vern.

Rapporten peikar på følgjande tiltak:

Det kyrkjelege forvaltningsapparatet bør styrkast, ikkje minst gjeld dette styrking av den kunst- og kulturminnefaglege kompetansen knytt til bispekontora.

Dokumentasjonsarbeidet for kyrkjene bør styrkast.

Det bør utarbeidast ein kyrkjeleg vernestrategi, og denne bør inkluderast i kyrkja sine grunnleggjande dokument.

Nøkkelord: altar, den liturgiske rørsle, dokumentasjon, fleksibilitet, gudstjenestereform, gudstenesterom, involvering, kulturminnevern, kyrkjelova, kyrkjemøtet 2010, liturgihistorie, vatikankonsilet, verneansvar, vernestrategi

Abstract

Hoff, A. M. 2010. *Church Reform and Heritage Preservation*. – NIKU Rapport 41.

Through time there have been many different views on the ideal design of the space in which the Christian service takes place. *The Liturgical Movement* that grew forth more than a century ago has had a preference for simplicity and democracy. The question about how protection of religious cultural heritage can be incorporated as a part of liturgical reform has now become current in connection with the coming reform in the church of Norway (*Gudstenestereform*).

The report describes the historical background for the current situation, focusing on art history in Ch. 2, and the history of liturgy in Ch. 3. In Ch. 2 the church buildings as well as their contents are considered. Based on the focus in the current debate, the chapter is structured in two parts, with the Early Church as the first part of the history of liturgy and the later developments as the second part.

The description of liturgical development (Ch. 3) focuses primarily on the period after 1900. The Liturgical Movement and Vatican II are considered, as they are important conditions for the current situation, what with changes to the services taking place both internationally as well as in an interdenominational context.

The consequences of the reforms for the church buildings and interiors rooms are discussed. Particularly in Catholic circles one can identify a counter-movement which points to important losses through reform. The reform documents which will be voted over in the Norwegian Church Assembly (*Kyrkjemøte*) in November 2010 are surveyed, and those elements with consequences for church spaces and interiors are emphasized.

The Church of Norway has a legal responsibility for the protection of its cultural heritage, but the protection of cultural heritage is also important for the church as a congregation, as the religious artefacts in many ways point to the content and meaning of faith and worship. This has largely been under-communicated. Further, the church has a responsibility through its wider role in society. Finally the responsibility for documentation of the churches, buildings as well as interiors and objects is stressed.

The report concludes that the *Gudstenestereform 2010* is in line with the general development following Vatican II. The reform documents contain very few demands for change, but strongly suggest some changes that will have consequences for religious cultural heritage and its preservation. In particular the placement of the altar is important. One may also reasonably conclude that the tendencies in the works of reform the *Gudstenestereform 2010* is part of are provoking reactions, internationally as well as in Norway itself.

The report outlines various possible actions:

- The Church's own heritage management apparatus should be strengthened, especially at the diocesan level, in view of the need for up-to-date knowledge on art and cultural history in order to fulfil their responsibilities.
- The documentation of church buildings including inventories of interiors and objects, must be given greater priority and funding.
- The Church ought to develop a strategy for heritage preservation, and this strategy should be incorporated in the basic documents of the Church.

Key words: altar, history of liturgy, Vatican Consil, Liturgical movement, documentation, flexibility, church reform, heritage preservation, church law.

Innhold

Forord.....	3
Sammendrag.....	4
Abstract	5
1 Kyrkje i endring.....	7
1.1 Gudsteneste og kyrkje i vedvarande utvikling	7
1.2 Kvifor kyrkjeleg kulturminnevern også er kyrkja si sak	8
1.3 Fokus i rapporten.....	8
2 Kunsthistorisk perspektiv.....	9
2.1 Den første tida	9
Bygningane	9
Inventaret	10
2.2 Mellomtida – år 400-1900	11
Bygningane	11
Inventaret	15
2.3 Dagens kyrkjer.....	18
Bygningane	18
Inventaret	19
2.4 Samla kunsthistorisk oversyn	21
3 Liturgihistorisk perspektiv med vekt på tida etter 1900	22
3.1 Bakgrunnen for endringa i vår tid og Den liturgiske rørsla.....	22
3.2 Diskusjonen omkring endringane – internasjonale innspel.....	25
3.3 Endringar i norske kyrkjerom etter vatikan-konsilet.....	32
3.3 Reformtekstane	35
4 Kyrkja og kulturminnevernet.....	37
4.1 Kyrkja sitt verneansvar etter lova.....	37
4.2 Kyrkja sitt verneansvar som trussamfunn.....	39
4.3 Kyrkja sitt verneansvar som samfunnsaktør.....	42
4.4 Ein kyrkjeleg vernestrategi.....	42
4.5 Dokumentasjon.....	46
5 Konklusjonar og framlegg til tiltak.....	49
5.1 Konklusjonar	49
5.2 Tiltak	50
Kjelder	52

1 Kyrkje i endring

1.1 Gudsteneste og kyrkje i vedvarande utvikling

Det er ikkje noko nytt for vår tid at synet på kva for bygningar og utstyr som vert oppfatta som tenlege for trusutøvinga endrar seg.

Kjend og framleis like aktuell er den klassiske diskusjonen som på 1200-talet fekk uttrykk gjennom diskusjonen mellom Bernard av Clairvaux på den eine sida og abbed Suger i St Denis nord for Paris på den andre, om kva som var det rette gudstenesterommet. Medan det heilt avskala, enkle, der det naturlege, skapte lyset som formidlar vart ståande for Bernard som det ideelle, var abbeden meir innstilt på å nytta kunsten til Guds ære. Dei edlaste metall og steinar kunne ikkje brukast betre enn til ære for Gud og til å formidla mysteriet gjennom sin glans.¹

Ved reformasjonen tidleg på 1500-talet, reinsa Calvinistane kyrkjene sine for måleri, skulpturar og anna utstyr. I den lutherske kyrkja var endringane mindre drastiske, noko ulikt frå land til land, men også her gjekk tendensen mot ei forenkling. I den romersk-katolske kyrkja vart det gjennom motreformasjonen på 1600-talet sett i gang ei storstilt barokkifisering av mellomalderkyrkjene. For alle var det eit mål å visa kva for ei ramme som på best måte fremja den sanne gudstenesta.

Då mellomalderen og gotikken som ein del av eit vaknande liturgisk medvit vart eit ideal både i teologiske og kunst- og arkitekturhistoriske krinsar, vart kyrkjene også utsette for store inngrep. Desse endringane kom frå 1700-talet og frametter, i Noreg først frå midten av 1800-talet. I Bergen vart til dømes eit heilt rokokkointeriør brent då Christian Christie i kulturminnevernets namn skulle verna Domkyrkja som mellomalderkyrkje.

Frå slutten av 1800-talet og uttetter på 1900-talet oppstod det på katolsk mark tankar som kom til å føra til ei vidfemnande rørsle som etter kvart fekk namnet *Den liturgiske rørsle*.² Rørsle gav seg utslag i forenklingar og endringar i kyrkjeromma, endringar som gjekk hand i hand med utviklinga av modernismen og funksjonalismens ikonoklasme. Ideala frå desse retningane er viktige premisser for det "reinska" kyrkjerommet som pregar dei nye kyrkjene også i vår tid.

'Det ideelle gudstenesterommet' skiftar med endringar i samfunnet generelt og med ulike kyrkjelege rørsler. Eit ideal kan vara i kortare eller lengre tid og kan vera meir eller mindre utbreidd. Den endringa som har skjedd i kyrkjeforståinga og som ligg bak Gudstenestereforma vi no står framfor i Den norske Kyrkja, tykkjest dels å vera ei følgje av den allmenne samfunnsutviklinga med fokus på demokratisering og delegering av ansvar.

I ein situasjon med store endringar er det likevel nødvendig at kyrkja spør seg kva ho forvaltar av varige skattar, kva i kyrkja som er det same i går og i dag og til evig tid, og korleis ulike tider har gjeve uttrykk for desse grunnleggjande sidene i truslivet. Dette er også viktig for å gje kyrkja ein substans som går utover å vera det omverda måtte ynskja til ei kvar tid. I denne kompliserte balansegangen, vil tidlegare tiders materielle uttryksformer kunna gje basis for ein meir kompleks og interessant kyrkjeidentitet enn den som vert formidla av den siste reformrørsle i ei ofte klisjéprega form.

¹ For ei utgreiing av diskusjonen, sjå Panofsky 1987, s. 139 ff.

² Den liturgiske rørsle er sentral for rapporten. Rørsle vert nemnt i Kap. 2.3 og gjennomgått nærare i Kap. 3.

1.2 Kvifor kyrkjeleg kulturminnevern også er kyrkja si sak

Den norske kyrkja står midt inne i eit omfattande arbeid med ei Gudstenestereform. Reforma kjem som følge av den liturgiske utviklinga som har funne stad i den vestlege kyrkja, særleg gjennom dei siste 50 åra, og som også låg til grunn for liturgireforma i 1970-åra. Røynslene med 1970-reforma og nye impulsar, saman med eit initiativ frå Ungdommens kyrkjemøte i 2003, har dei siste åra vore bakgrunn for ei ny gjennomdrøfting av området, og grunnlagsmaterialet for ei ny reform ligg føre. Det var først planlagt at reforma skulle opp til avrøysting ved kyrkjemøtet (KM) 2009, men dette viste seg å vera for raskt, og handsaminga er utsett til KM 2010.

Fokuset på liturgisk utvikling kan komma i konflikt med vernet av bygningar og innbu som er i kyrkja si eige. I denne situasjonen er det viktig at kyrkja parallelt med dei liturgiske endringane også fokuserer på dette feltet og utviklar ei medviten haldning til den rikdommen ho eig i den materielle arven som har følgd med gjennom dei tusen åra kyrkja har hatt fotfeste i landet. Liturgiarbeidet har omfatta intensivt arbeid på mange område, men fokuset på ein kyrkjeleg vernestrategi har til no i stor grad vore neglisjert.

Livet i kyrkja gjennom farne tider har gjeve seg kunstnarlege uttrykk i arkitektur, målarkunst, snekkarkunst og andre kunstformer, og har knytt seg til desse uttrykka, noko som har sett trus- og opplevingsprega merkje i kyrkjelydane fram til vår tid. Når kyrkjene skulle utstyrast, vart ofte dei fremste fagfolka engasjerte, og resultatet vart bygningar og innbu av høg kvalitet. Dette speglar seg i den store interessa som finst for kyrkjene både i det offentlege kulturminnevernet, som identitetsskaparar i lokalsamfunna og som sjåverdige mål for turismen.

At Riksantikvaren (Ra) som offentlig verneinstans har eit ansvar for vern av dei viktigaste kulturminneverdiane som kyrkjene og deira interiør og inventar representerer, er sjølv sagt. Men alt som er verd å verna, sett med auga til den lokale kyrkjelyden, og sett frå Den norske kyrkja sin synsvinkel, kan ikkje vera Riksantikvarens sak. Difor vil samstundes kyrkja som eigar av desse verdiane ha eit vesentleg ansvar for vern. Ved å byggja opp ein gjennomtenkt vernestrategi som legg grunnlaget for dokumentasjon, formidling og bevaring av den kyrkjelege kulturarven, vil kyrkja kunna unngå at denne arven går tapt, og sikra at han vert tilgjengeleg for kyrkjelivet i samtida og i tida som kjem. Ein slik desentralisert vernetanke er også på dagsorden på andre felt i samfunnet, og vert implementert i alle etatar.

I tillegg, og dette er eit viktig punkt, vil ein slik gjennomarbeidd strategi gjera det lettare å unngå unødvendige konflikter med det offentlege kulturminnevernet. Slike konflikter mellom bruk og vern kjem stundom til overflata gjennom media, og vert typisk framstilte som motsetnad mellom ei kyrkje som vil leva sitt liv utan omsyn til vern, og eit kulturminnevern som hindrar ei slik utfalding. Gjennom ei slik polarisering vert den rikdommen kyrkja eig oppfatta som ein hemske, meir enn som ei kjelde til innsyn i livet i kyrkja gjennom historia og i kristendommens kjernepunkt. Det offentlege kulturminnevernet vert kyrkja sin fiende, og kyrkjemedlemmer går glipp av den kyrkjelege ressursen kulturarven kan vera. Dette er ein uheldig situasjon som kan motarbeidast ved at kyrkja sjølv utarbeider ei medvita haldning til kulturarven.

1.3 Fokus i rapporten

Rapporten er tenkt som eit bidrag til samtalen mellom offentlig kulturminnevern og kyrkja, som eit innspel i prosessen fram mot Kyrkjemøtet 2010, og som grunnlag for oppbygging av ein kyrkjeleg fundert vernestrategi.

Merksemda i rapporten vil i kapittel 2 og 3 verta retta mot *den historiske bakgrunnen* for dagens situasjon. Det er ikkje tanken å skriva kunsthistoria eller liturgihistoria på nytt, men å trekka fram sider ved desse som kan visa ulike romformer og innbu og bruken av desse i

gudstenesteleg samanheng og sider ved den liturgihistoriske utviklinga som har verka inn på utforming av kyrkjerom og utstyr.

Kapittel 4 tek for seg Kyrkja sitt forhold til og ansvar for kulturminnevernet slik dette kjem til syne i lovverket. Kyrkja har etter lova eit omfattande kulturminneansvar. Eit hovudmål med rapporten er å visa korleis dette ikkje berre er eit ansvar som er pålagt kyrkja utafra, men som tener kyrkja sine egne interesser. Medlemmer i kyrkja har gjennom den materielle og liturgiske arven ein rikdom som kan setja trua og livet i kyrkja inn i ein samanheng og gje bakgrunn, identitet, kunnskap og innhald.

Kyrkja som samfunnsaktør har eit særleg ansvar for å ta vare på den kulturelle arven som ho forvaltar, og kyrkja sin bakgrunn vil vera viktig del av den formidlinga kyrkja må stå for utover i samfunnet.

Endeleg vil det bli peikt på korleis ansvaret for dokumentasjon av den materielle kyrkjelege arven er ei side av saka som også er av kyrkja si interesse.

Rapporten vert avslutta med kapittel 5 som inneheld konklusjonar og framlegg til tiltak.

2 Kunsthistorisk perspektiv

Det liturgiske livet i oldkyrkja og utforminga av gudstenesterommet der liturgien fann stad, har vore eit grunnleggjande ideal for endringane av kyrkjerommet i vår tid. Som i modernismen elles har ein freista å finna attende til ein mest mogeleg opphavleg situasjon. Etter måten nyfunne kjeldetilfang for dette tidsrommet har, saman med arkeologiske funn, skapt optimisme med omsyn til å komma fram til eit bilete av dei tidlege formene for kristent gudstenesteliv. Desse vert haldne fram som eit ideal for dagens kyrkje.

Det meningsinnhaldet som ligg i dei ulike inventardelane, og den vekta desse har fått gjennom tida, har band i mange retningar både i tidlegare tider og i samtidige religiøse uttrykk. Målet med oversynet over inventaret er å visa til hovudtrekk ved utviklinga og peika på trekk ved dagens forståing sett i ein historisk samanheng.

2.1 Den første tida

Bygningane

Domus ecclesiae

Når omgrepet *domus ecclesiae* er vorte så viktig i *Den liturgiske rørsle*, er det mellom anna for å understreka det viktige steget vekk frå dei gamle templa, både det greske tempelet og tempelet i Jerusalem. I templet var det gudsnærveret gjennom gudebiletet eller paktkista som var avgjerande for utforming av bygningen. Presteskapets offerhandling var det sentrale, og denne var meir eller mindre uavhengig av at folket tok del.

Før kristendommen vart tillaten i Romarriket ved dekretet i Milano under Konstantin i 313, og seinare på 300-talet vart Romarrikets offisielle religion, vart gudstenestelivet etter det vi veit i hovudsak feira omkring i heimane hjå sentrale kristne som stilte husa sine til disposisjon. Her vart det innreidd særlege rom i huset til denne bruken, og det har såleis utvikla seg egne kyrkjerom svært tidleg.

Slike kyrkjer i vanlege bustadhus, *huskyrkjer*, fanst over alt der kristendommen fekk fotfeste. Berre i Roma var det 25 *tituli* som var det romerske namnet, og desse 25 er framleis i bruk som kyrkjestader.³

³ Paulsson 1977, s. 5.

Den latinske termen for dei tidlege kyrkjene er *domus ecclesiae*, den greske *oikos ekklesias* 'kyrkjas hus' eller 'Kirkens hus' som så talande er vorte namnet på kyrkjias administrasjonsbygg i Oslo. *Domus ecclesiae* står i reformtankane gjerne som ei markering i forhold til *domus dei*, Guds hus, som lenge har vore vanleg å bruka om kyrkjene. *Eccelsia*, kyrkje, står for både bygning og forsamling, og i reforma har det vore ein leiande tanke at kyrkja er forsamlinga av dei kristne og det kristne fellesskapet.

Det eldste og mest kjende dømet på ei huskyrkje er frå den vesle garnisonsbyen *Dura Europos*.⁴ I tillegg til huskyrkja ein fann her, hadde byen den tidlegaste kjende diasporasynagogen og mange tempel for ulike gudar.

Huskyrkja i *Dura Europos* vart endra frå vanleg bustadhus til kyrkje kring 240 e.Kr., og har hatt denne funksjonen i om lag 16 år fram til byen vart øydelagd i 256.⁵ Huset var eit anlegg med atrium med rom kring. På eine sida av ariet var kyrkjerommet som hadde lengderetning. I eine kortenden av dette rommet var det podium for bispens stol og plass for *dei eldste* saman med han. Framfor dei stod eit bord for eukaristien. Nedafor podiet sat kyrkjelyden. Eit eige rom i eit motsett hjørne av huset hadde truleg dåpsbasseng under baldakin og andre rom i huset kan også ha vore brukte av kyrkjelyden til dåpsundervisning, måltidsrom og minnemåltid for døde. Alt på denne tida kan det sjå ut som om liturgien var rikt utvikla med ulike stader og rom for ulike delar av gudstenesta.⁶

Peters hus i Kapernaum skal også ha vore ei slik huskyrkje. Stephen Sloeder viser teikninga av huset slik det stod det første hundreåret, og det same huset på 300-talet. På 500-talet vart det bygt ei oktogonal kyrkje over denne huskyrkja.⁷

Inventaret

Altaret

For dei jødane som i den første tida samla seg for å feira minnemåltidet om Jesu siste nattverd, hans død og oppstode, var det truleg naturleg å feira dette i ein heim slik vi ser det avbilda i katakombene, der alle sat/låg på ein benk på den eine sida av eit kurveforma bord slik det siste måltidet hadde vore. Skilnaden var at det siste måltidet hadde vore retta framover i tid, medan måltidet no var retta attende mot det som hadde skjedd. Dette var grunnen til at ein kom saman, og måltidet var difor ikkje lengre eit vanleg måltid. Det var eit møte med han dei kjende att då han braut brødet i Emmaus. Handlinga hørde ikkje heime i synagogen, for dette var "ny vin", men eit kyrkjerom var enno ikkje utvikla. Når kristendommen etter kvart også spreidde seg utafor det jødiske området, følgde skikken med å komma saman i ein heim som var tilpassa bruken med, og altartanken var knappast tilstades i dei første samlingane om *eukaristien* (nattverden).

I huskyrkja i *Doura Europos* var golvnivået noko høgre i aust der biskopen sat og bordet stod enn vest i rommet der lekfolket hadde sin plass.⁸ Dette kan ha vore gjort for å framheva det viktige i handlinga, og å gjera staden betre synleg.

⁴ Byen vart funnen ved ei utgraving i 1930-åra under leiing av Franz Cumont og Michael Rostovtzeff. Plassen har vorte undersøkt på nytt frå 1980-åra, i regi av Centre National de la Recherche Scientifique (CNRS). Byen, som hadde ein typisk hellenistisk plan, vart grunnlagd omkring 300 f.Kr., vart ein del av Romarriket i 165 e.Kr. og vart øydelagd i 256 e.Kr.

⁵ <http://archaeology.com/od/churches/ig/Great> Churches of the world/Doura Europos og http://www.syriagate.com/Syria/about/cities/Deir_Ezzor/douraeuropos.htm.

⁶ Paulsson 1977, s. 6.

⁷ Sloeder 1998, s 176. Schloeder viser ikkje til kjelde for teikningane.

⁸ Paulsson 1977, s. 6.

Dåp og døypefont

Går vi til det bibelske materialet, døypte Johannes i Jordan, altså i ei rennande elv. Elles er det få opplysningar om korleis det gjekk for seg konkret når heile familiar med born vart døypte.

I Didaché frå omkring år 90 heiter det om dåpen i ei svensk omsetjing:

*Vid dopet skal ni döpa på följande sätt: Efter att ha sagt alt detta, döpa i Faderens och Sonens och den heliga Andes namn i rinnande vatten. Om du inte har rinnande vatten, döpa då i annat vatten. Om du inte kan döpa i kallt, så döpa i varmt. Om du inte har någotdera, gjut då vatten tre gånger över huvudet i Faderns och Sonens och den heliga Andens namn.*⁹

Kring 250 har dåpen utvikla seg til eit sakrament som vart gjennomført på ein eigen stad i nærleiken av kyrkjerommet. I *Dura Europos* vart det funne eit rom med overdekt basseng i eit anna rom i huset enn samlingsrommet. Dette har vorte tolka som eit baptisterium. Fleire ulike dåpsbasseng frå dei første hundreåra er framleis bevarte, t.d. i Ravenna og også i Nord-Afrika.¹⁰

Preikestol

Kyrkja har frå den første tida hatt stader for Ordets liturgi, for tekstlesingar og for ulike former for utleggingar og tiltalar, og desse hadde truleg igjen opphav i førkristne tradisjonar, til dømes frå den jødiske synagogen der ein hadde ein opphøgd stad, *almemor*, for lesing av skrifter.¹¹ I *Dura Europos* fann ein som nemnt eit platå sentralt i eine kortenden av kyrkjerommet, og ein reknar med at dette var staden der bispens stol, *cathedra*, var plassert. Her sat biskopen og frå denne stolen leia han den første delen av gudstenesta, Ordets liturgi.

Sitjeplassar

Går ein heilt attende til den nytestamentlege røyndommen og til det siste påskemåltidet Jesus hadde med læresveinane sine i "ein sal ovanpå med benker og puter"¹², må ein tru at situasjonen har vore som framstilt i katakombemåleri, at dei sat eller halvlåg på benker på den eine sida av eit bord som kunne ha boga form (mest som ein altarring!). Verten eller hovudpersonen i laget ville då ha plassen sin sentralt ved bordet på same sida som gjestene. Denne forma ser ut til å ha endra seg nokså tidleg gjennom at nattverden fekk preg av å vera eit rituelst måltid. Alt i det *domus ecclesiae* som ein finn døme på i *Dura Europos*, ser det ut som dei som er tilstades er prinsipielt oppdelte i to, aust og vest for bordet. Kor vidt det var sitjeplassar for dei som sat i vest, går ikkje fram av dei arkeologiske utgravingsresultata.

2.2 Mellomtida – år 400-1900

Bygningane

Dagens situasjon kan minna om ein renessansetanke der det som har lege mellom denne første kristne kyrkja og vår tid, vert oppfatta som ein mellomperiode, på same måten som 'mellomalder' vart ei negativ nemning om alt som låg mellom antikken og den gryande renessansen i det italienske 1300-talet. Det følgjande er eit alt for enkelt bilete, det kan seiast mykje om ulike retningar innafor ulike kyrkjesamfunn gjennom dette tidsrommet.¹³ Likevel er det påfallande kor sameinte t.d. den lutherske og den romerskkatolske kyrkja er i dagens debatt om emnet og dette er grunnlaget for denne enkle skissa av utviklinga av kyrkjebygningane i dette tidsrommet.

⁹ André 2006, Didaché 7, s. 19.

¹⁰ For oversyn, sjå Stauffer 1994.

¹¹ KN 13, 429.

¹² Lukas 22,12, *Bibelen* (Det norske Bibelselskap 1978), Oslo 1992.

¹³ Sjå t.d. Yates som har ein grundig gjennomgang av den historiske utviklinga av kyrkjerommet og Kindle som gjev eit nyansert bilete av utviklinga i USA.

Statskyrkjeleg arkitektur – basilikaen og andre kyrkjeformer

Etter at kristendommen vart statens religion i Romarriket, vart det bruk for større kyrkjer. På same måten som synagogen hadde gjort det,¹⁴ tok kyrkja i bruk ein profan, offentleg bygningstype, den romerske basilikaen, som grunnmodell for dei kyrkjene som vart bygde. Større kyrkjer vart bygde som langkyrkjer i form av eit basilikaliknande anlegg med kor og etterkvart apside og tverrskip i aust til bruk for den liturgiske handlinga, medan langskipet var folket sin del. Rommet for presteskapet i aust vart heva for at det skulle vera synleg frå langskipet. Presteskapet hadde her eigen plass i apsiden, der dei sat i halvsirkel med biskopen sentralt plassert på bispestolen (*cathedra*). Slike store kyrkjer i Roma var Lateranbasilikaen, gamle St. Peters kyrkje, St. Paulus' kyrkje utafor murane – og den store Mariakyrkja. Den første av desse store basilikaene i Roma, Lateranbasilikaen, vart oppført av Konstantin kort etter Milano-ediktet.

Desse store kyrkjene må likevel ha vore unntaket, og mindre kyrkjebygningar har samstundes vorte oppførte i framhald av huskyrkjetradisjonen. Eit døme på slike kyrkjer er dei eldste delane av San Clemente i Roma frå slutten av 300-talet.¹⁵

Eit særtrekk ved den romerske byggeskikken var at kvar funksjon skulle ha sin bygningstype.¹⁶ Då keisar Konstantin og mora, Helena, bygde kyrkje over Jesu grav i Jerusalem i 337, fekk martyriet form som eit romersk mausoleum, medan palasskyrkja som vart bygd saman med dette vart basilikal. Martyriet vart typedannande for kristne gravkyrkjer i seinare kristen arkitektur. Gravkyrkjer for martyrar fekk såleis rotundeform.

Dåpskyrkjer vart også runde eller åttekanta. Ved dei store kyrkjene vart dei oppførte som anneks knytte til kyrkjerommet med korridor. Baptisteria tok forma si frå dei små, romerske badehusa, men forma kunne også konnotera til gravkyrkja med bakgrunn i synet på dåpen som død og nytt liv (Rom 6, 1-11).

Ein finn også døme på andre kyrkjeformer frå tidleg statskyrkje-tid. I Milano vart S Lorenzo frå 370 bygd med firpassforma plan + atrium. Apostelkyrkja til Ambrosius der bygginga starta i 382, også den i Milano, hadde krossform og det hadde også dei arianske keisarkyrkjene. I vest gjekk krossforma og basilikaen etter kvart opp i ein syntese som den normale krosskyrkja.¹⁷

Går vi ein etasje opp i S Clemente som er nemnt ovafor, finn vi golvet og fleire inventardelar frå den gamle kyrkja bevarte i ei 7-800 år yngre kyrkje. Mellom presbyteriet og skipet her står eit *Scola Cantorum* frå den gamle kyrkja. Dette er eit sentralt rom avgrensa med heile, låge marmorskrankar til alle sider og med plass for kannikar eller munkekor. På vestsida ber skranken to amboar for tekstlesingane. Dette var eit steg mot ei funksjonell tredeling, presteskapet fekk differensierte funksjonar, austdelen av kyrkja voks, vstdelen vart verande slik som før.¹⁸ Det lange "koret" vi kjenner frå dei store kyrkjene hjå oss, som t.d. Stavanger domkyrkje, har sine røter i dette fenomenet.

Dei romanske kyrkjene

Dei romanske kyrkjene peikar på mange måtar attende til basilikale anlegg, men dei store har gjerne krossform med eit utvida presbyterium, rom for presteskapet, i aust. Mindre romanske kyrkjer har oftast rektangulær plan. Kyrkjene har markert lengderetning og har ofte ein tung, solid karakter, tjukke murar med små vindaugsopningar høgt oppe, som i

¹⁴ Ratzinger 2001, s. 48.

¹⁵ Paulsson 1977, s. 16. Clemens var den tredje biskopen i Roma.

¹⁶ Paulsson 1977, s. 15.

¹⁷ Paulsson 1977, s. 23.

¹⁸ Paulsson 1977, s. 19.

basilikaen. Mange av kyrkjene har mura tønnekvell i staden for den flate himlingen som var vanleg i dei romerske kyrkjene.

Dei gotiske kyrkjene

Etter ein glidande overgang med fleire nye arkitektoniske element som knippesøyler og krysskvell, utvikla det seg i Frankrike eit nytt bygningskonsept fram mot høggotikken. Kyrkjene vart høge og lange, og ved at vekta vart kanalisert til søyler og eksterne strebepillarar kunne veggene gjerast opnare og vindaugsflatene større. I tillegg til at retninga og vegen frametter og oppetter vart understreka, vart det i pilegrimskyrkjene laga ambulatorium rundt altaret der folket kunne gå i prosesjon for å komma nær relikviane (som til dømes i Santiago i Compostella). I ekstreme tilfelle som t.d. i Sainte Chapelle i Paris, forsvann veggene meir eller mindre og fekk ein gjennomskinleg struktur, dvs at ein nærast ikkje oppfatta veggene som vegg, men som lysande ramme av fargar (glasmåleri) om eit anna tilvære, som Det himmelske Jerusalem. Dette vart *domus dei* som mennesket fekk ta del i, meir enn *domus ecclesia*.

Eit markant trekk var også utviding av kora, i Noreg særleg frå 1200-talet. Med eit altar plassert aust i eit langt kor vart den liturgiske hendinga ved høgaltaret utført langt vekk frå kyrkelyden. Dette innebar ein understreking av vegen til det heilage langt der framme, men også skiljet mellom lekfolk og presteskap slik mange forfattarar har understreka. Ein praktisk årsak til at denne utviklinga fann stad, var også korstolane i kyrkjer med plass for kannikar og i klosterkyrkjer med munkekor som song vekselsong. Korstolane vart plasserte mellom altaret og kyrkjelyden. Koret fungerte også i slike tilfelle som kyrkjerom ved dei altartenestene der det ikkje var nokon kyrkjelyd tilstades. Utviklinga av dei gotiske kyrkjene hadde ikkje berre ein kunstnarleg og arkitektonisk bakgrunn. Saman med det arkitektoniske gjekk ei teologisk utvikling fram mot Thomas Aquinas og skolastikken der den skapte og den uskapte røyndommen vart balanserte mot einannan i ein fullkommen syntese.¹⁹

Renessansens sentralkyrkjer

Renessansens sentralkyrkjer kom primært som eit resultat av ei italiensk arkitektonisk utvikling der målet var å nå fram til den antikke harmonien i bygningane. Renessansens arkitekturprosjekt hadde ingen sterke parallellar i den liturgiske utviklinga. Antikken var ikkje den perioden der kyrkja vanlegvis såg etter sine ideal. I den grad det var eit samanfall mellom desse, var det i ei humanisering innafor kyrkja, der mennesket kom meir i sentrum. Ei slik utvikling kan ein finna frå høggotikken og frametter. Sentralkyrkjene vart aldri noko vellukka eksperiment sett frå kyrkja si side. Eit problem som har vore framheva i diskusjonen, var at ein her ikkje fann ein plass for altaret som fungerte i liturgisk samanheng. Dei viktigaste trekkene frå renessansens tankegods i kyrkjearkitekturen finn ein i fasadar og dekor meir enn i bygningsformer. Dette gjeld også i seinare klassiserande periodar.

Barokk og rokokko

Barokken var den katolske motreformasjonens understreking av korleis dei såg på romarkyrkja som den sigrande kyrkja. Sjølv om fasadane var inspirerte av renessansen var det no igjen lengde- og høgderetninga som vart aksentuert. Den tyske, katolske liturgikaren Klemens Richter viser korleis tilbedinga av sakramentelementa i barokken vart så sterkt understreka at kyrkjerommet vart ein tronsal, noko som gjorde dei gotiske sideskipkapella uinteressante og unødvendige. Alle skulle kunna sjå monstransen. Dette skapte eit felles fokus om "sakramentskulturn", men ikkje om den liturgiske feiringa. Denne haldninga varte i alle fall fram til det andre vatican-konsilet, og tabernakelet på altaret styrka denne kyrkjeforståinga innafor den katolske kyrkja.²⁰

¹⁹ Panofsky 1951.

²⁰ Richter 1999, s. 22.

Barokken hadde på mange måtar sitt utgangspunkt i den katolske kyrkja sitt eige liv. Den kom som eit mottrekk mot reformasjonen tidleg på 1500-talet. I dei enorme illusjonistiske takmåleria får det katolske hierarkiet sin legitimitet i det det vert teke imot i ein open himmel av Faderen, Sonen og Jomfru Maria, og der monstransen gjerne har ein sentral plass. Rokokkoen vart ikkje ein kyrkjeleg bygningsstil, men meir ein ornament- og interiørstil med dekorativ funksjon i dei barokke kyrkjene, der kyrkjeinteriøret vart festleggjort gjennom rankeverk og rocailler som slynga seg over vegger og tak.

Dei etterreformatoriske kyrkjene på protestantisk område fekk naturleg nok ei anna utvikling. I Noreg fekk kyrkjene frå 1600-talet noko ulike utformingar, i store trekk langkyrkjer, men også kyrkjer som i eksteriøret kan oppfattast som sentralkyrkjer. Det vart oppført krosskyrkjer, åttekankyrkjer og den særlegge Y-kyrkja med tre armar. Kyrkjene var likevel i prinsippet innreidde som langkyrkjer, slik at retninga fram mot altarområdet var tydeleg. Altarområdet vart ofte skilt frå skipet med eit traleverk, eit gitter av dreia pillarar på brystning. Frå 1700-talet har vi i byane døme på lutherske "sentralkyrkjer" der ein har samla altar, preikestol og orgel i ein vertikal akse ved ein av veggene med kyrkjelyden plasserte på tre sider, Nykirken i Bergen og Kongsberg kyrkje er slike kyrkjer.

Klassisismen

Tidleg på 1800-talet med empiren kom klassiske element også inn i kyrkjebygginga, og ein skilde kyrkjer vart utforma nærast som greske tempel. Døme på dette er St. Magdalena i Paris og Domkyrkja i København. I Noreg vart det også bygt klassisk inspirerte kyrkjer som Østsiden i Fredrikstad og Emmanuelkyrkja i Halden. Som nemnt ovafor var dette likevel ingen kyrkjeleg stil, og i dei fleste tilfelle var det klassiske avgrensa til dekor og stilpreg. Ein del av dei norske typekyrkjene som vart teikna i første halvdel av 1800-talet fekk eit slikt preg.

Fram mot "The gothic revival"

Bortsett frå renessansens sentralkyrkjer, ser langkyrkja ut til å ha vore den dominerande kyrkjetypen, gjennom heile kyrkjens historie. Denne tendensen heldt seg også framover i opplysningstida, og det vart i hovudsak oppført langkyrkjer fram til kulminasjonen med "the gothic revival" og historismen mot slutten av 1800-talet. Rett nok fekk vi som nemnt i Noreg ein del åttekantkyrkjer frå slutten av 1700-talet, men også her ser vi at sjølve åttekanten gjerne vert trekt ut i lengderetning med kor utbygd ved den austre veggflata og våpenhus ved den vestre. Også på 1900-talet var langkyrkjene det vanlegaste valet heilt fram til konsekvensane av det liturgiske arbeidet tok til å visa seg.

Nygotikk

Mot slutten av 1800-talet sverma ein generelt for ulike stilar til ulik bruk, det var til dømes typisk for rikare heimar å ha damesalongar med rokokkopreg og røykerom med tunge klassiserande møblar for mennene. Mellomalderen og gotikken vart prototypen på den *religiøse* tida og sjølve stilen og bygningstypene vart også oppfatta som kyrkjelege. I Noreg og andre stader førte folkeauke og ynskje om fornying av kyrkjene til ein storstilt byggjeperiode med ei mengd nye kyrkjer, dei fleste av dei i ein meir eller mindre uttrykt nygotisk stil, og framleis er det kyrkjer frå denne tida som dominerer det norske kyrkjelandskapet. Dette var altså eit første steg i det som seinare utvikla seg som *Den liturgiske rørsle*, men der idealet låg i gotikken.

Oppsummering

Det vil gå fram av det korte oversynet at kyrkja i store trekk har hatt det langstrekte rommet som hovudform gjennom 2000 år – heilt attende til *Doura Europos*. Eit unntak utgjør renessansekyrkjene og kyrkjer tenkte til særskild bruk som gravkyrkjer og dåpskyrkjer.

Inventaret

Altaret

Måltidsbordet var etter det ein kan sjå sentralt i den første kristne tida. Det tok likevel ikkje lang tid før offertanken igjen kom inn i søndagssamlingane, med bakgrunn i den felles arven i offerreligionane i den nære Austen. Den store skilnaden var at det offeret som skjedde mellom dei kristne, var eit ublodig offer.

Då kyrkja under Konstantin vart ein statsreligion på 300-talet, hadde nattverdbordet utvikla seg til eit bord med plate og ein eller fleire føter av stein som snart vart supplert med *confessio*-altar, eit mura kammer over ei martyrgrav. Altaret fekk plass på ein opphøgd stad, *bema*, i absiden i aust.²¹ På denne tida må nattverden ha hatt preg av eit rituellet måltid. Egeria skriv kring 380 såleis om påskefeiringa i ei kyrkje i Jerusalem der alle tok del i eukaristien på skjærtorsdag. Så skunda dei seg heim for å eta, før dei møttest att ved ei anna kyrkje.²² Utanom skjærtorsdagen skriv ho vanlegvis berre at offeret vart bore fram.

Altaret i dei tidlege kyrkjene har stått ein stad i grensa mellom kor og skip. Frå 500-talet og frametter kom det inn sidealtar i kyrkjene, noko som har hatt samband auka interesse for helgenar i kyrkja og at det vart halde sjelemesser for dei døde. Frametter i mellomalderen vart høgaltaret flytta austover til det frå 700-talet står ved austveggen i apsiden. Frå dogmet om Transsubstansiasjonen vart fastsett i 1215, vart prestens rolle som offerprest forsterka, og offeret er gyldig sjølv om det ikkje er nokon kyrkjelyd tilstades. Det er då heller ikkje nødvendig med nærleik mellom kyrkjelyd og altar.²³ Som vern og til ære vart altaret i mellomalderen oftast overdekt av ciborium eller baldakin av tre, stein eller tøy, enten på hjørnestolpar, eller festa til vegg eller tak.

Etter det vi kjenner frå norske kyrkjer var den vanlegaste plasseringa av sidealtar i austhjørna i skipet. Der det var korskranke, kunne det i tillegg vera plassert altar inntil vestsida av denne. Ein del av korskrankane kan nettopp ha vorte oppførte som bakgrunn for nye altar.²⁴ I større kyrkjer vart det også oppretta altar, dels i eigne kapell, i sideskipa eller mot søylene mellom midtskip og sideskip. Planen for St. Gallen-klosteret (ca 800) har ei mengd sidealtar.

Altartavla

Altartavlene kom inn i denne perioden. Det tok til med retabel i bakkant av altaret for relikviøgøyme, og desse retabela vaks til dei i seinmellomalderen utgjorde store, fleifløya altarskåp. Også etter reformasjonen heldt tavletradisjonen seg, men då noko enklare. Luther hadde eit moderat forhold til det mellomalderske utstyret. For han var det ei hovudsak at ikkje altartavler og skulpturar skulle brukast feil, det vil seia at helgenar som var framstilte vart tilbedne, men om dei ikkje vart det, kunne dei verta ståande. Det er såleis bevart mange mellomalderske altartavler og skulpturar i kyrkjer og på museum i Noreg. Rett nok fekk vi ein strengare praksis med superintendent Jens Schielderup og innføringa av katekismetavlene i Bergens stift i 1590. Dette var reine skrifttavler, men alt kring 1600 ser ein at små figurframstillingar kjem inn att på altartavlene, og eit par tiår etter har figurmåleriet teke heilt over att. I klassiserande kyrkjer frå 1800-talet var det gjerne berre ein kross i bakkant av altaret.

Korskiljet

Ved sida av at korskiljet, enten i form av ein skranke eller eit oppbygg med plass for lektorium og/eller triumfkross, skulle gje plass for lekmannsaltar på vestsida, har det også hatt andre funksjonar. Det har meir eller mindre effektivt stengt kommunikasjonen mellom kor

²¹ KN 1, 108 ff.

²² Egeria 35, 2.

²³ Kroesen 2004, s. 41.

²⁴ Kroesen 2004, s. 53.

og skip, og gjort koret til eit eige kyrkjerom for prestar og munkar ev kannikar. I slike tilfelle har lektoriet på oppbygget også hatt ein funksjon som lesestasjon mot aust. Men det har truleg også hatt andre funksjonar mot lekfolket enn som altarplass og lesestasjon, i det Krossen over skiljet, som var retta mot vest, må ha hatt ein sentral funksjon i messa som symbol på Kristi siger over døden. Altaret sentralt på vestsida i korskiljet er då også ofte kalla 'krossaltar' og i England vert sjølv oppbygget kalla *rood loft* (krossloft eller rodeloft). Ved krossaltaret kunne lekfolket ta i mot kommunionen og ta del i messa.

Preikestolen

I bispekyrkjene preika frå først av bispane frå bispestolen, *cathedra*. Seinare kom *amboen* i kyrkjer som ikkje var episkopale. Amboen var, slik vi kjenner han frå dei eldste bevarte eksempla frå til dømes San Clemente i Roma og San Miniato al Monte i Firenze, forma som "a tribunelike elevation in stone, usually with two flights of steps and a lectern [lesebrett] on the parapet".²⁵ Frå 900-talet hadde kyrkjene oftast to amboar, ein i nord for evangeliet og ein i sør for episteltekstane med koret mellom, alt omgitt av låge brystningar, *cancelli*, som i San Clemente (sjå ovafor). Evangelieamboen var ofte større og med rikare utforming enn epistelamboen, og påskelyset stod ofte ved evangelieamboen.

Preikestolen, slik vi kjenner han, går attende til mellomalderen. Dei eldste preikestolane finst i Italia, der det er bevart 260 mellomalderstolar, 81 av desse i Toscana. Dei bevarte preikestolane frå dette området er i hovudsak frå 11- og 1200-talet. Dei fleste av dei som er bevarte lengre nord er seinare, frå 1400- og 1500-talet.²⁶ Dei italienske preikestolane er av stein og har utvikla seg frå dei tidlegare lesebretta/amboane/lektoria på korskiljebrystninga. Dei er ofte av marmor og rektangelforma, borne av (hjørne)søyler. Nokon har også halvsirkulær eller polygonal form.

Dei nord-europeiske skil seg frå dei italienske både i design og ikonografi. Tidleg i mellomalderen ser det ut som dei fleste kyrkjene i Nord-Europa kan ha hatt ein plass for evangelieleing og preike, og mange biskopar ser ut til å ha hatt ei preikesamling omsett til morsmålet, som vart kopiert til prestane.²⁷

Tyskland er det landet nord for alpane som har flest overlevande mellomalderpreikestolar. Rademacher rekna med at $\frac{3}{4}$ av desse er av stein og $\frac{1}{4}$ av tre.²⁸ Steinpreikestolane har overvekt i sør og trepreikestolane i nordvest. Karakteristisk trekk ved dei eldste er at dei er todelte vertikalt, t.d. preikestolen i Havixbek i Westfahlen.

England har bevart 160 mellomalderpreikestolar, 60 i stein og 100 i tre.²⁹ I Austerrike og Böhmen er det bevart 60-70 preikestolar. I Frankrike er det få overlevte, sameleis i Belgia, Nederland har tre landsbykyrkjer med gotiske preikestolar.³⁰ Mest alle mellomalderpreikestolar i Skandinavia er forsvunne, med unntak av Tistrup i Danmark som er tidfest til omkring 1300. Fasongen er særreigen, sett saman av steinplater.³¹

Det var preikebrørne på 1200- og 1300-talet som for alvor tok i bruk preikestolane. Sjølv nemninga preikestol er først kjend frå seinmellomalderen som parallell til bispestol. Domikanarane skulle kjempa mot vranglære og laut preika, og det kunne dei gjera kvarsomhelst. Om ein by var under interdikt, skulle det likevel preikast der.³²

²⁵ Kroesen 2004, s. 238.

²⁶ Kroesen 2004, s. 254 f. Dei refererer til Melchers liste over italienske preikestolar.

²⁷ Kroesen 2004, s. 238 f.

²⁸ Rademacher 1921, referert i Kroesen 2004, s. 262.

²⁹ Kroesen 2004, s. 262.

³⁰ Kroesen 2004, s. 266.

³¹ Kroesen 2004, s. 266.

³² Damblon, Liturgie IX, 2005.

Dei tidlegaste preikestolane som vart tekne i bruk av preikebrørne, kassar på fire bein som kunne flyttast, finst på fleire biletfremstillingar. Etter kvart kom enkel gjennomskoren dekor på sidene. Den første figurative dekoren på faste preikestolar var dei fire evangelistane, om det berre var midlar til ein, vart det Johannes + ørn. Kristus kom seinare til som ein femte figur under lesebrettet. I tillegg kunne kyrkjelærarane verta tekne med. Gotiske preikestolar hadde ofte framstilling av dei fire vestlege kyrkjefedrene, Augustin, Ambrosius, Hieronymus og Gregor.³³

I renessansen vart omfanget av preikestolane større, og oppgang, ryggfelt og himling vart faste delar. Også stolpen som bar korga fekk biletfremstilling. Dette kunne vera Moses med tavlene, seinare fungerte ofte patronen som berar. Kristi liv kan også vera motiv på preikestolen i renessansen. Over himlinga finst den oppstadne og englar med lidingsreiskapar. På dei lutherske preikestolane vart innskrifter viktige som ein integrert del av utsmykkinga.³⁴

Preikestolen i barokken, med biletfremstillingar som var ein del av forkynninga, sveva over folket, mot himmelen. Preikestolutsmykkinga understøtta preika og hadde i katolske kyrkjer eit motreformatorisk preg med vekt på barmhjertigheitsgjerningar. Det vi har gjort av godt her i verda, opnar vegen til himmelen.

Ser ein preikestolens utvikling gjennom historia, ser det såleis ut til at det tok til med ein stol, denne vart avløyst av ein *ambo*. Ein fekk så to *amboar* der den eine, evangeliamboen, etter kvart vart større enn epistelamboen og utvikla seg til preikestolen som overtek heilt og epistelamboen forsvinn. Sjølv om det ikkje er bevart norske preikestolar frå mellomalderen, vil ein ut frå det europeiske materialet rekna med at slike har funnest i ein del kyrkjer. Amboen forsvann heilt etter reformasjonen til fordel for preikestolen.

Dåpen

Dei eldste døypefontane i Noreg vitnar om ein annan dåpspraksis enn den som no er vanleg. Fontane hadde plass til full neddykking av speborn (*submersio*), men det vanlege i mellomalderen kan ha vore større eller mindre grad av neddykking (*immersio*) kombinert med overausing (*infusio*).³⁵ Etter reformasjonen vart det vanleg med dåp ved overausing og frå 1600-talet har vi bevart ei mengd dåpsfat, oftast i massing, som har stått på ein fot av tre eller stein. Plassen for dåpen i dei katolske kyrkjene var typisk på nordsida, like innafor inngangen i vest. Dette var som ein overgang frå tida med separat baptisterium, i det dåpen ved inngangen framleis peikte på at dåpen var ein føresetnad for inngang i det fulle gudstenestefellesskapet som inkluderte eucharistien. I enskilte kyrkjer har døypefonten stått sentralt heilt vest i kyrkja.

Luther skal ha gått imot denne praksisen og ynskja å trekka dåpen inn i sentrum av gudstenestelivet saman med preikestolen og altaret. I ei preike han heldt om dåpen, seier han at dåpen ikkje skulle finna stad "in einem Winkel oder heimlich".³⁶ Likevel ser det ut som den gamle praksisen med dåpen på nordsida innafor vestinngangen heldt fram på 16- og 1700-talet i Noreg. Her var gjerne døypefonten sett inn i eit lite rom skilt frå med tralevegg, i desse romma var det også plass for det næraste dåpsfølgjet. Ein slik "funt" eller dåpsrom er t.d. bevart i Gamle Gimmestad kyrkje i Sandane, Sogn og Fjordane. Her er også bevart ein døypefont frå renessansen.

Frå 1700-talet til utpå 1800-talet skjedde ei endring. Dåpsstaden vart flytta fram i koret i kyrkjene, og sjølv om døypefonten framleis var dåpsfat på font av tre eller stein, vart det

³³ Kroesen 2004, s. 247.

³⁴ Poscharsky, Liturgie IX, 2005.

³⁵ Solhaug 2001, Vol 1, s. 19 og 46 f.

³⁶ Sitert i Langel 2009.

også brukt ulike andre innretningar. Det enklaste var at ein hengsla ring av smijarn, festa på eine sida i kordøra, vart sett opp og heldt dåpsfatet ved dåp. Døme på dette finst i Holdhus kyrkje i Fusa i Hordaland. Frå 1790 og nokre år frametter vart det populært med dåpsenglar, og fleire slike er bevarte i Hordaland i Nykyrkja i Bergen og i Voss kyrkje. Englane sveva over koret og kunne heisast ned ved dåp, dei heldt dåpsfatet mellom hendene. I kyrkjene frå siste halvdel av 1800-talet er døypefontane ofte ein del av det generelle snekkararbeidet i kyrkja, med same formelement som inventaret elles. Plasseringa er den same som før.

Benkene

Frå 1000-talet og frametter finst ein del arkeologiske og skriftlege vitnemål om sittjeplassar i kyrkjene. På Gotland er det i eit par kyrkjer bevart trebenker frå 11- og 1200-talet.³⁷

I 1287 held ein engelsk biskop fram at ingen, med unntak av "noble persons and patrons" får gjera krav på sete i kyrkja, den som kjem først, får først velja. Dette impliserer at det var sete i kyrkjene i England alt før 1300.

Den vanlege praksisen har truleg vore at kyrkjelyden har stått og dels knela, men at det har vore einskilde benker ved veggene og her og der elles for gamle, sjuke og kvinner med små born.

Ettersom det utover i mellomalderen var fleire og lengre preiker, finn ein også opplysningar om kjøp og vøle av benker. T.d. på Sjælland har ein ved utgravingar funne fleire veggbenker av stein i romanske kyrkjer, alltid på veggene i nord sør og vest, i nord for kvinner.³⁸ Det same kan vi sjå i nokre av stavkyrkjene, t.d. i Borgund i Lærdal i Sogn og Fjordane.

Dei eldste benkene i England er truleg frå tidleg 1300-talet, kan henda frå seint 1200-tal i Dunsfold i Surry. Det vanlege har vore ein kombinasjon av faste veggbenker, ev i stein, og trebenker på golvet. På 14- og 1500-talet er det så mange at det no ser ut til å vera det vanlege.³⁹ Til vanleg har benkene ryggar, men det finst også benker med berre setefjøl og ev ein planke i ryggen. Vangane er høge, utskorne og elegante i East Anglia eller rektangulære og meir folkelege i sørvest.⁴⁰ I Tyskland har også ein del bevarte trebenker frå mellomalderen, men færre enn England. (277) Sveits har døme både på låge benker utan ryggstø, og på ryggstø utan benker(!).⁴¹

Det er ikkje heilt klart korleis sittjeplassane har utvikla seg i norske kyrkjer, men frå 1600-talet ser det ut som det har vore vanleg med benker. Ein del er bevarte. Av det eldste samanhengande benkeutstyret som er att, er benkekvartera i Gamle Eidfjord kyrkje. Desse er nærast enkle, høge rekker eller støtter med ei setefjøl festa nede i framkant. Etter kvart vart benkene eit sjølvsaugt utstyr i kyrkjene, ofte som heile benkekvarter på begge sider av ein midtgang mellom inngangsdør og kortrapp.

2.3 Dagens kyrkjer

Bygningane

Sentralkyrkjene frå 1950-talet og framover

I dagens europeiske kyrkjerøyndom vert dei fleste kyrkjer bygde som tilnærma sentralkyrkjer, og nygotikken vert av dei fleste oppfatta som eit tilbakelagt stadium. Dette radikale brotet med kyrkjeleg tradisjon er nær knytt til den liturgiske nyorienteringa i vår tid og *Den liturgiske reforma*, men kan også forklarast ut frå samfunnsutviklinga slik denne har gjeve seg utslag i arkitekturhistoria generelt. Den katolske arkitekten Moyra Doorly (UK) har gjeve ei slik forklaring, der ho knyter utviklinga til modernismen slik denne utvikla seg gjennom Bauhaus

³⁷ Kroesen 2004, s. 267.

³⁸ Kroesen 2004, s. 268.

³⁹ Kroesen 2004, s. 721.

⁴⁰ Kroesen 2004, s. 273.

⁴¹ Kroesen 2004, s. 277.

og ideane om det reine, opne rommet som ikkje var definert, ikkje hierarkisk, men relativistisk (*relativist space*) og universelt (*universal space*). For å skapa eit slikt rom, var det nødvendig å nullstilla seg i høve til ulike arkitektoniske retningar, og gripa attende til opphavlege, primitive bygningsuttrykk.⁴²

Tankane frå modernismen vert hjå Doorly utvikla til det vi kjenner frå det nye liturgiske rommet, der relativismen er rådande, og der det gjerne vert understreka at ingen stad i kyrkjebygningen eller kyrkjerommet er meir heilag enn nokon annan stad, men at det er det som skjer som er heilag.⁴³ Ein konsekvens av dette er også at kyrkjerommet får ein større fleksibilitet i bruken. Nærheit til det som skjer, likeverd og samling omkring måltidsbordet er i tråd med den liturgiske utviklinga viktige trekk i denne arkitekturen.

Utviklinga av kyrkjearkitekturen i denne perioden gjekk i to hovudsteg. Det første steget innebar at ein tok i bruk nye former, materialar og konstruksjonsmåtar frå den generelle utviklinga av arkitekturen. Dette kan ein sjå t.d. i kyrkjene til den tyske arkitekten Rudolf Schwartz frå midten av 1950-talet.⁴⁴ Dei første kyrkjene var modernistiske i utforminga og materialbruken, medan disponeringa av kyrkjeromma var tradisjonell med benkekvarter vende mot altarpartiet aust i langkyrkja. I eit andre steg vart også dei grunnleggjande egalitære ideane slik dei kort er skisserte ovafor trekte inn i kyrkjearkitekturen.⁴⁵

Nye tendensar: Mortensrud, Bøler og Sælen kyrkjer

Parallelt med den skisserte dominerande utviklinga av kyrkjebygga, har det i dei siste åra vore teikn til ei alternativ utvikling. Som døme på denne utviklinga kan Mortensrud kyrkje i austkanten av Oslo og Sælen kyrkje i Bergen nemnast. Desse kyrkjene vart bygde med bakgrunn i kyrkjeleg liturgisk vilje og ikkje ut frå stilhistorisk, arkitektonisk nyorientering, og det skjedde etter stor motstand frå den siste kyrkjekonsulenten som var tilsett i Kyrkjedepartementet. Dei har begge, som dei nemnde kyrkjene til Swartz, teke inn ny form og materialbruk, men har halde fast på eit innhald som signaliserer eit anna kyrkjesyn. Det norske kyrkjelandskapet og dermed truleg synet på gudstenesta er såleis ikkje einsarta.

Inventaret

Altaret

Vekta har, med Den liturgiske rørsle, gått frå offeraltar til matbord. Framleis vert nemninga 'altar' nytta, men like ofte 'altarbord' eller 'bordaltar' eller 'bord'. Det vert vist til at presten ikkje er offerprest, at bordet er eit festbord som samla Guds folk til feiring av måltidet, og at det er dette feirande Guds-folket og sjølve handlinga som er det heilage. Som følge av dette synet vert det framstilt som uheldig at altaret i eldre kyrkjer berre er tilgjengeleg frå ei side, og at presten då i visse delar av gudstenesta vert ståande med ryggen til kyrkjelyden. For å understreka fellesskapet skal han eller ho stå aust for altaret vende mot kyrkjelyden.

Løysinga vert enten å flytta altaret lengre fram, noko som eventuelt ber i seg å ta vekk altartavla, eller å setja eit andre bord nærare kyrkjelyden. I mange nye kyrkjer i Noreg er altaret plassert sentralt i ein halvkrins med sitjeplassar omkring altaret.

Altarringen

Ein ynskjer å understreka at Guds-folket har open tilgang til festbordet, og kneleskammelen vert difor opplevd som ei stengsle og som eit feil signal. Konsekvensen er at knefall vert laga i form av element som kan flyttast frå einannan og brukast på ulike måtar. I regelen vil knefallet ikkje utgjera ein samanhengande skranke om altaret slik det var vanleg tidlegare. Det er også vanleg å feira nattverdsmåltidet ved *intinksjon*, dvs at gjestene går fram mot

⁴² Doorly 2007, s. 35 f.

⁴³ Sjå også Sæther 1990.

⁴⁴ Schwartz 2009.

⁴⁵ Doorly 2007.

altaret, eller til andre "stasjonar" i kyrkjerommet, tek først imot brødet, dyppar det i vinkalken, og går attende til plassane sine. Eit nyttar då ikkje knefallet i det heile. I ein del nye kyrkjer finst ikkje knefall.

Altartavla

Altartavla kan ikkje sameinast med at presten står *versus populum*. Mellom anna er dette grunnen til at det ikkje vert nytta altartavlar i nye kyrkjer, og at det er ynskje om å ta vekk altartavlene frå altara i dei eldre kyrkjene. I nokre kyrkjer vert problemet løyst ved at ein lagar eit nytt altar nærare folket, og at det gamle altaret med altartavla vert ståande eller flytta heilt inntil austveggen. Dette siste har vorte ei vanleg løysing både i katolske og lutherske kyrkjer.

Korskiljet

Korskilje i form av skrankar eller korskiljevegger vert ikkje oppførte i nye kyrkjer. Tendensen har vore å fjerna dei i eldre kyrkjer, i den grad ein finn det mogeleg. I eldre kyrkjer der det framleis finst bevart korskilje frå 16- og 1700-talet er dei verna og får stå i fred. Når det gjeld kyrkjer frå siste halvdel av 1800-talet har det vore ein tendens til å vilja redusera brystningane i korskiljeopninga i høgde og breidde. I den grad det no vert laga eit visuelt skilje mellom altarområdet og resten av kyrkjerommet, er dette gjerne gjort ved å heva golvet i altarområdet og elles gjennom lysbruk og anna.

Døypefonten

Dåpen som sakrament har har alltid vore sentralt i kyrkja. I samband med Den liturgiske rørsla har ein også fokusert dåpen, noko som heng saman med vekta på gudsfolket som dei døypte. Ein har i større grad enn tidlegare trekt fram dei ulike symbolaspekta ved dåpshandlinga.

Ein viktig advokat for dåpen og på ei endring i dåpspraksisen var liturghistorikaren Anita Stauffer.⁴⁶ Ho hevdar at dei ulike symbolaspekta ved dåpen kjem dårleg til uttrykk gjennom kyrkja sin dåpspraksis med overausing.

I samband med det liturgiske reformarbeidet har det mellom anna vore arbeidd med dåpsstader med rennande vatn. Ynskjet om å gå attende til ein tidleg fase, saman med at ein har fått fleire tilfelle av dåp av større born og vaksne i kyrkja, har også ført til at tanken om å innføra dåpsbassenga att, har funne grobott, om dette enno ikkje er vanleg i Noreg. I dei generelle instruksane for kyrkjerommet, Generell orientering om Missale Romanum (GOMR), i Norsk Missale er det ingen konkrete anvisningar når det gjeld utstyret til dåpen. Dette heng truleg saman med at dåpen ikkje er ein fast del av *ordo*. Dei manglande instruksane har vore med og forsterka tendensen til eksperimentering, både i utforming av dåpsstaden og plassering av denne i kyrkjerommet. Her går impulsane på tvers av konfesjonsgrensene.

Situasjonen for døypefonten er ikkje avklart, det same gjeld dåpen sin plass i gudstenesta. Ein kan sjå to viktige tendensar: Dåpen vert i Den norske kyrkja ofte forretta tidleg i gudstenesta, og då gjerne like etter *Gloria*. Dåpen vert meir vektlagt enn tidlegare ved at fleire element kring dåpshandlinga er trekte inn som lystenning, presentasjon av dåpskandidaten med eventuell aklamasjon og meir.

Preikestolen

I samband med Den liturgiske rørsla og ynskjet om lekfolkets aktive medverknad, dukka lesepulten opp som eit tillegg til preikestolen i reformene på 70-talet. Etter kvart som prestens rolle har vorte nedtona, har også ho eller han i mange høve teke i bruk lesepulten til preikene, og preikestolane har i fleire kyrkjer vorte ståande unytta. Når det i vår tid vert argumentert mot bruken av preikestolen, er det med bakgrunn i at den skaper avstand

⁴⁶ Stauffer 1994.

mellom prest og folk og at presten får ein opphøgd posisjon som ikkje er ynskjeleg. Det som var bakgrunnen, nemleg markeringa av evangelieordet ved å markera den høge lesestaden, er sjeldan trekt inn i vurderinga. Heller ikkje vert det reint praktiske trekt inn ved at det, særleg i større forsamlingar, er lettare å sjå og å høyra ordet når det kjem frå preikestolen enn når forkynninga skjer frå golvnivå.

I mange norske kyrkjer er preikestolen likevel i vanleg bruk. Andre stader vert preika halden ved lesepulten eller frå korrappa eller andre stader i kyrkjerommet.

Ved liturgiveka i Münster i 2005, snakka A. Damblon om bruken av gamle preikestolar og amboar i dag. Han understreka at tolmod er viktig, og tenkte seg ulik alternativ bruk som drama, musikk og song eller også som ein plass for ordets liturgi i samband med preikegudstenester av ulike slag. Også for skriftlesingar. Tidlegare hadde ein bruk for å lesa/preika frå ein opphøgd stad, no har ein snarare angst for dette. I liturgiveka 2005 kom det også framlegg til bruk av preikestolen som ord-hus (Wort-haus) til oppbevaring av dei heilage bøkene som ein parallell til tabernaklet. Tankane om at gudstenesteleiing og preike kan skje frå ein særleg stol (*cathedra*, lærestol), som i synagogen ("Mose-Stuhl"), var også framme i diskusjonen.⁴⁷

Benkene

Benkene har fått stor plass i dagens diskusjon om kyrkjeinteriøra. Dei samanhengane benkerekkene som har tradisjonar attende til reformasjonstida, vert i vår tid av mange opplevde som statiske og lite fleksible. Dei har vore utsette for angrep frå dei reformivrige og ord som "nakkefellesskap" og "bussfellesskap" er knytte til benkeordninga. Motsett er stolar tenkte som meir fleksible møblar. Oppmuntra av den siste Kyrkjekonsulenten i Departementet har ei mengd kyrkjelydar søkt om å få ta vekk benker både bak og framme i kyrkja for å skapa meir fleksible rom.

Parament

Ein av dei mest markante og gjennomførte konsekvensane av den liturgiske reforma, er synet på dei liturgiske kleda. Her kan ein sjå ei samla utvikling der ein først, på 60-talet, trekte inn bruken av kyrkjeårsfargane og dei fleste kyrkjene har no skaffa seg messehaklar i alle fire fargar (grønt, kvitt, raudt og fiolett), medan enkle kyrkjer tidlegare gjerne hadde ein raud eller svart fløyelshakel med gullkross. Parallelt har haldninga til dei liturgiske kleda vorte meir uanstrengt. Tidlegare kunne ein sjå ein skildnad mellom den romersk-katolske kyrkja som var oppteken av staslege tekstilar, og den lutherske kyrkja der dette hadde underordna interesse. Reformarbeidet i siste del av 1900-talet førte med seg ei meir samla, økumenisk haldning til spørsmålet, der den kvite albaen saman med stola i kyrkjeårets fargar ofte er tilstrekkeleg som prestens klede. Når det gjeld messehaklar skal desse no gjerne vera enkle i utforminga.⁴⁸

2.4 Samla kunsthistorisk oversyn

Med bakgrunn i den liturgiske utviklinga har det i dei siste femti åra skjedd store endringar av kyrkjearkitektur og -interiør og -inventar. Ein har sett ei utvikling som har gått *frå langkyrkje til sentralkyrkje*. Presten sin sentrale rolle i samfunnet er endra. Han, eller etter dette skiftet like gjerne ho, er i kyrkja i stor grad flytta *frå preikestolen ned på golvet* saman med folket og *lesepulten* er vorte eit viktig element der presten så vel som representantar frå lekfolket kan ta del i gudstenesta gjennom tekstlesingar, orienteringar og andre innslag.

Medan ein før 1960-åra meir eller mindre tydleg skilde koret, "det heilage", og presteskapets plass frå kyrkjelyden gjennom *korskilje i form av brystningar, gitterverk, stolpar og nivåskildnader*, går tendensen no mot eit egalitært fellesskapsrom. Med dette følgjer også at ein ikkje får den tidlegare understrekinga av orientering og vegen fram mot eit mål, men ei vektlegging av samlinga om bord og ord, der kyrkjelyden vert samla rundt eitt eller fleire

⁴⁷ Richter 1999, s. 77.

⁴⁸ Yates 2008, s. 147.

midtpunkt. Altartavla har ingen plass i eit slikt rom, der *altaret* vert eit bord i sentrum. *Altarringar* er heller ikkje så viktige lengre i det kyrkjelyden like gjerne tek imot nattverden ståande.

Det tidlege luthersk kyrkjerommet med preikestolen som den sentrale staden der Ordet vart forkynt og der presten med den eine handa kunne visa til altaret og nattverds-sakramentet i aust, og med den andre handa kunne visa til døypefonten og dåpssakramentet i vest, er vorte ein del av saga. Kyrkjerommet vert no eit rom med måltidsbordet og fellesskapet omkring dette som det sentrale – dei andre elementa er marginaliserte. Dette har ikkje berre fått konsekvensar for utforminga av dei nye kyrkjene, men også for innreiinga i dei gamle langkyrkjene. Desse kyrkjene, som det er flest av, vert forsøkt tilpassa den nye liturgiske tankegangen. Ein har i aukande grad sett dei solide *benkerekkjene* på kvar side av midtgangen som eit hinder for livet i kyrkja. Særleg fremst i skipet der ein ynskjer eit meir *fleksibelt* rom med stolar og altarbord som kan flyttast, og bak i kyrkja, under vestgalleriet, der ein ynskjer plass for kyrkjekaffi, barnekrokar og liknande, eller meir teologisk uttrykt, for *gudsfolkets utsendingsaspekt*. *Benkene* har såleis blitt eit heilt sentralt diskusjonsemne, og rommet framme og bak i skipet har fått ein primær plass i endringsprosessen.

Eit felt der det har skjedd store endringar, utan nemneverdige konflikter, er ny prestedrakt og (ny)innføringa av dei liturgiske fargane. Desse endringane har særleg gjeve seg utslag innafor *kyrkjetekstil*-området. I ei vanleg bygdekyrkje i Noreg for femti år sida, ville ein sjå ein prest i svart samarie og pipekrage, med kvit messeskjorte og ein raud fløyels messehaket med kross og kanting av påmonterte gullband til bruk ved altaret og ved nattverden særleg. Knelepute ved altarringen, kneleskammel ved altaret og handlist på preikestolen var gjerne trekte med den same raude fløyelen med gullfrynser. Dei liturgiske endringane på 60- og 70-talet endra dette biletet totalt. Med unntak av nokre få prestar ber prestane no alba og stola, og messehaket. Også dei andre liturgiske tenestene har fått drakter. Altarfront, preikestol og lesepult er mange stader kledde med tekstilar i varierende farge etter kyrkjeåret, og med varierende opphav og kvalitet.

3 Liturghistorisk perspektiv med vekt på tida etter 1900

3.1 Bakgrunnen for endringa i vår tid og Den liturgiske rørsle

Dei endringane som har skjedd i kyrkja si sjølvforståing har ikkje skjedd i eit vakum. Den generelle kunsthistoriske utviklinga og ideane frå modernismen har vore med å forma dei nye kyrkjebygningane, og ei historieførståing der eit marxistisk fokus på maktstrukturar meir eller mindre medvite er ein del av grunnlaget, har også prega synet på kyrkja si rolle og kyrkja sin struktur. Medan lekfolket i andre halvdel av 1800-talet tok makt i organisasjonslivet utafor den etablerte kyrkja, er heile kyrkjestyret no demokratisert gjennom rådsstruktur og liturgireformer. Mellom dei viktige konsekvensane av dette for kyrkjerommet er eit fokus på todelinga mellom koret eller presbyteriet, presteskapets rom, og skipet som lekfolkets plass i kyrkja, som har vorte oppfatta som eit uheldig skilje.

I siste halvdel av 1900-talet kulminerte ei liturgisk utvikling som kan sporast attende til siste del av 1800-talet og som førde med seg endringar i synet på korleis eit kyrkjerom skulle vera forma og ordna, endringar som enno i vår tid ikkje er gjennomført alle stader. Denne liturgiske utviklinga går i litteraturen under namnet *Den liturgiske rørsle*.

Tankegodset frå tidlege fasar i Den liturgiske rørsle var drivkrafta bak komitéarbeida og dokumenta frå *Det andre vatikankonsilet* på 1960-talet på romersk-katolsk mark. Ringar frå konsilet kom til å spreia seg i kyrkjelivet langt utafor den romersk-katolske kyrkja, og har vore ei positiv kraft bak dei økumeniske tilnærmingane. Også mange lutherske kyrkjer, særleg i

Tyskland og Skandinavia, har slutta seg til tankane frå vatikankonsilet, og dette har fått konsekvensar for utforminga av kyrkjebygningane i desse landa.⁴⁹

Samstundes såg ein ei kyrkjeleg radikaliseringsprosess som til dels gjekk parallelt med den politiske radikaliseringsprosessen på 1960- og 70-talet. Medan ein sist på 1800-talet ville attende til mellomalderen, freista ein no å finna attende til røtene for kyrkja i dei første kyrkjelydane i Midt-Austen for 2000 år sida.

I Noreg vart arbeidet med ny liturgi utført av eit utval. *Liturgikommisjonen*, og låg føre i 1977. Endringar i kyrkjerommet med bakgrunn i liturgien frå 1977, framstår som ein del av den internasjonale rørsla. Desse endringane er forsøkt implementerte av Kyrkjedepartementet, mellom anna gjennom Kyrkjekonsulentene, og ved Kyrkjerådet gjennom utarbeiding av kyrkjelege handbøker og anna retningsgjevande materiell.

Under leiing av Kyrkjerådet er det no igjen utarbeidd framlegg til ei gudstenestereform. Fem undergrupper av *Nemnd for Gudstenesteliv* (NFG) la våren 2008 fram sine innstillingar på ulike felt. Reforma skal leggjast fram for Kyrkjemøtet i 2010. Frå hausten 2006 har ein del forsøksordningar vore utprøvde i utvalde kyrkjer. Meldingar frå desse kyrkjelydane har vore ein del av grunnlaget for utviklinga av arbeidet.

Den liturgiske rørsla

Tankane bak dei endringane som kyrkja har opplevd og opplever, kan sporast langt attende og utvikla seg til ei vidfemnande rørsla innafor vesteuropeisk og nordamerikansk kyrkjeliv, ei rørsla som vart kjent som *Den liturgiske rørsla* ('Den liturgiske bevegelse', 'The Liturgical Movement', 'Die liturgische Bewegung').

Klosteret Solesmes i Frankrike kom til å bli ein arena for liturgisk fornying under *Dom Prosper Guéranger*, OSB (1805-1875).⁵⁰ Hans agenda, som var knytt til situasjonen etter opplysningstida, skil seg i stor grad frå det som seinare vart sentralt, men mellom det han ivra for, var også ei sterkare og fornya deltaking frå dei truande si side i det liturgiske livet.⁵¹ Dette punktet har sida vore sentralt i fornyingsarbeidet.

Dom Lambert Beauduin OSB (1873-1960) frå Belgia gjekk vidare i tradisjonen frå Solesmes og med stønad i pave Pius X sitt ynskje om hyppig nattverdsdeltaking, fremja han lekfolkets liturgiske aktivitet. Gjennom å framheva liturgien som det sentrale i det kristne livet, meinte han å kunna nedkjempa ein uheldig individualisme og fremja samkjensla gjennom ein einskap av dei truande i kyrkja eller i 'Kristi mystiske Lekar'.⁵²

Religionsfilosofen *Romano Guardini* (1885-1968), fødd i Italia, men verksam i Tyskland, var ei sentral drivkraft innafor rørsla. Av helsegrunnar var han ikkje med i Vatikankonsilet. Eit hovudpoeng for Guardini var å omstrukturera den katolske messa slik at ho ikkje primært skulle vera ein aktivitet for presteskapet, men viktig for heile det kristne folket. Guardino hadde, saman med *Dom Odo Casel* (1886-1948), innverknad på utviklinga av Quickbornrørsla ved Maria Laach-klosteret i Tyskland i 1920-åra, og kom gjennom denne i kontakt med arkitekten Schwartz.

⁴⁹ Yates 2008, s. 154.

⁵⁰ OSB = Order of Saint Benedikt, Benediktinarordenen.

⁵¹ Schloeder 1998, s. 22.

⁵² Schloeder 1998, s. 22.

Rudolf Schwartz (1897-1961) teikna ei av dei første kyrkjene som var prega av den nye tankegangen, *Corpus Christi* i Aachen (1928-30).⁵³ Ein annan tysk katolsk arkitekt som vart viktig i fornying av kyrkjearkitekturen i Tyskland var *Domenikus Böhm* (1880-1955), medan arkitekten *August Perret* (1874-1954) representerte rørsla i Frankrike.

Eit felles mål, i tråd med den modernistiske arkitektur-utviklinga elles, var ei forenkling av rommet. Arkitektane ville forma eit universelt liturgisk rom, eit kyrkjerom etter egalitær modell.⁵⁴ Likevel ser ein at desse arkitektane dels hang att i den gamle tenkinga. Sjølv om bygningskroppane var nakne og geometriske, var det til dømes vanskeleg å kutta ut skiljet mellom kor og skip, og kyrkjene hadde framleis markert lengderetning og var orienterte mot aust.

I perioden frå 1920-åra og fram til 1950 hadde Den liturgiske rørsla spreidd seg frå tysk og belgisk-fransk område utover heile Vest-Europa og i USA, ikkje minst gjennom benediktinarane si verksemd. Rørsla fekk også støtte frå sentralt hald i den katolske kyrkja gjennom pave Pius XII's ensyklika om den heilage liturgien, *Mediator dei* (1947). Her er det rett nok visse atterhald, det vert mellom anna vist til problema med å gjera altaret om til eit reint matbord slik rørsla tenderte mot. Som reaksjon på rørsla si vekt på det altomfattande omgrepet *gudsfolket*, vart det i ensyklikaen peikt på skilje mellom det ministerielle prestedømme, som vert tildelt gjennom ordinasjonen, og det allmenne prestedømme, eller *Jesu kongelege prestedømme*, som vert tildelt gjennom dåpen. Skilnaden i liturgiske oppgåver mellom dei to ulike prestedømma vert understreka.⁵⁵

Som ein konsekvens av denne tankegangen, vart også etter kvart to ulike forståingar av kyrkjelyden ståande som alternativ. For *Den liturgiske rørsla* vart det uformelege omgrepet *gudsfolket*, som omfatta alle døypte, lek og lærd, det dominerande nøkkelbegrepet, medan det å forstå kyrkjelyden som *Kristi lekam* vart eit uttrykk for at ulike delar av kyrkja har ulike rollar å spela i det liturgiske livet, dette innebar såleis ein *hierarkisk modell*.

Det andre vatikankonsilet

Som forklaring av dei endringane ein ser i kyrkjerommet i vår tid, vert det ofte vist til det andre vatikankonsilet, utan nærare spesifisering. Fleire forfattarar nemner at mange av endringane har skjedd i "konsilets ånd" utan at grunnlaget for dei har nedfelt seg i konsildokumenta på nokon måte. Konsilet har slik hatt ein innverknad som har strekt seg vidt utover.

Det er grunn til å gå meir inn på delar av konsildokumenta for å klargjera føresetnadene for endringane. Dei dokumenta frå det andre vatikankonsilet som har mest å seia i vår samanheng er *Lumen genticum* (LG) og *Sacrosanctum Concilium* (SC).

I LG vidarefører konsilet nokre av trådane som vart avrivne ved oppløysinga av det første vatikankonsilet i 1870, samstundes som det trekker inn nye trådar frå samtalanane innafor Den liturgiske rørsla. Tre hovudsaker vert framheva i innleiinga til dokumentet, for det første ei utdjuping av teologien om *kyrkja som Kristi lekam* (der lemene har ulike oppgåver), for det andre ei framstilling av *bispeembetet* som ein del av kyrkjens gudgjevne forfatning, og for det tredje *lekfolkets organiske plass* i heilskapen på bakgrunn av læra om det allmenne prestedømmet.⁵⁶

⁵³ Schloeder 1998, s. 22 f. Schloeder viser vidare til artiklar i Tuzik 1990 for sine opplysningar. Sjølv om *Corpus Christi*-kyrkja var radikal i si utforming, er ho ikkje vorten spart for sekundære endringar som følgje av seinare utvikling.

⁵⁴ Schloeder 1998, s. 23.

⁵⁵ Schloeder 1998, s. 24 f.

⁵⁶ <http://www.katolsk.no/info/paul6/lg/lg>

Ikkje minst det siste punktet har vorte adoptert i eit vidare økumenisk perspektiv, og har hatt mykje å seia for utviklinga innafor Den norske kyrkja. Kapittel 4 i LG om lekfolket utfyller dette punktet.

SC gjev kanskje det viktigaste tilskotet frå konsilet til vår problematikk, i det det tek opp mange av elementa i den fysiske utforminga av kyrkja. Særleg viktige er Kap. 1, Generelle prinsipper for liturgiens fornyelse og fremme, Kap. 2, Eukaristiens mysterium, Kap. 6 om kyrkjemusikken og Kap. 7 om kyrkjekunsten og kultgjenstandane.⁵⁷

Eit omgrepsspar frå SC som meir enn noko har verka inn på den liturgiske samtalen og utviklinga gjennom dei siste tiåra, er 'aktiv deltaking' (*participatio actuosa*). Dette har lege til grunn for utforminga av kyrkjebygningar og kyrkjeinteriør frå konsil-tida fram til i dag med tolkingar som ikkje utan vidare er inkluderte i sjølve konsil-dokumentet.

Norsk Missale gjev den norske varianten av retningsliner for utstyr og innreiing i den romersk-katolske kyrkja. Dei er utarbeidde med bakgrunn i dokumenta frå det andre vatikankonsilet og har nedfelt seg i GOMR – Generell orientering om Missale Romanum pkt. 1 – 341 (GOMR).⁵⁸

3.2 Diskusjonen omkring endringane – internasjonale innspel

Ei så markant omvelting som den som har skjedd og skjer i kyrkja, både i den romersk-katolske kyrkja og i ulik grad også i dei reformerte kyrkjene, der dei skandinaviske lutherske kyrkjene er av dei som ivrigast sluttar seg til endringane, vert ikkje gjennomført utan kamp. Mellom dei som driv endringane fram, vert motargumenta gjerne stempla som reaksjonære, og i alle fall konservative. Men motargumenta har også sin bakgrunn i ein del av "gudsfolket", og må difor takast på alvor, også av dei som driv reforma fram. Kyrkja vil alltid vera i utvikling, men den retninga utviklinga tek, vert til ei kvar tid avgjort av ein samtale med ulike argument.

Både under konsilarbeidet og ved implementeringa i etterkant har ulike drivkrefter stått mot einannan,⁵⁹ Ei mengd kyrkjer, t d i Tyskland, har vorte totalt omstrukturerte, særleg i dei to første tiåra etter 1960, seinare har det vore tendensar til restaurering med oppattnying av tidlegare interiør. Særleg frå 1990-talet og frametter har diskusjonen mellom ulike retningar vore høgrøysta gjennom publiserte bøker, bloggar og andre diskusjonsfora. Bakteppet for den norske gudstenestereforma er såleis ikkje ei einsfarga flate som går i eitt med reforma.

Å gje eit representativt bilete av denne diskusjonen er krevjande, ikkje minst fordi det meste av den publiserte litteraturen på området har katolsk bakgrunn. Lite er skive frå luthersk synsstad, og mindre i Noreg enn i dei andre skandinaviske landa. *Gunnar Wemann* i Sverige har skriva omfattande om problematikken omkring nytt gudstenesteliv i gamle kyrkjer, men han er lite kritisk når det gjeld innhaldet i reforma.⁶⁰ Hjø oss har *Karl Gervin* klare kritiske merknader til reforma, særleg i innleiingskapitlet i si nye bok, *Har kirken mistet sin hukommelse?*, der han går sterkt i rette med Gudstenestereforma og peikar på dei tradisjonelle verdiane som kyrkja er i ferd med å kasta frå seg. Hans mål er ei styrkinga av gudstenestelivet gjennom fornying av kyrkjas spirituelle liv representert ved ulike kyrkjelege tradisjonar.⁶¹

Problematikken skulle vera den same og følgjer i store trekk i kjølvatnet av Vatikankonsilet både på katolsk og luthers mark. Før vatikankonsilet var det store skildnader mellom den

⁵⁷ <http://www.katolsk.no/info/paul6/sc/sc>

⁵⁸ *Norsk Missale*, 1982.

⁵⁹ Doorly 2007, s. 53 om "Rhin-gruppa".

⁶⁰ Wemann 2006.

⁶¹ Gervin 2010.

katolske og den lutherske kyrkja med omsyn til nattverdritualet, medan dette etter konsilet har endra seg i retning av ein forbausande parallellitet. Det same gjeld i synet på liturgiske klede som i begge desse kyrkjesamfunna har utvikla seg mot eit enklare formspråk, og alba med stola er blitt dei vanlegaste prestekleda.⁶² Av dei protestantiske kyrkjene som er mest påverka av Vatikankonsilet er dei skandinaviske lutherske kyrkjene og den evangeliske kyrkja i Tyskland.⁶³ Med ei slik felles utvikling, er det lite truleg at motargumenta berre skulle finnast innafor den katolske kyrkja. Ein del sentrale og mindre sentrale debattantar vert trekte fram nedafor for å visa noko av det som får ulike forfattarar på bana.

Joseph Ratzinger

Josef Kardinal Ratzinger (1927 -), den noverande pave Benedikt XVI, var ei sentral drivkraft i utforminga av LG og SC. I ettertid har han av mange liturgikarar vorte oppfatta som konservativ. Han har, mellom anna i *Der Geist der Liturgie : Eine Einführung* (2000) omsett til norsk som *Liturgiens ånd : En innføring* (2001), gjort meir utførleg greie for intensjonane bak ein del av formuleringane i dokumenta.

Ratzinger trekker i forordet lina attende til starten for Den liturgiske rørsla og Romano Guardinis bok *Vom Geist der Liturgie* frå 1918. Han understrekar at det var nødvendig med ei nyoppdaging av liturgien, av originalen under seinare målingslag, men ser med uro på utviklinga som han er redd kan øydeleggja heile kunstverket.⁶⁴ Mellom anna fryktar han ein del av dei konsekvensane tolkingane av dokumenta frå konsilet har hatt.

Ratzinger viser til viktige sider ved reforma som har blitt neglisjerte og som kunne gjeve meir djupn til endringane. Eit sentralt omgrep i SC er 'aktiv deltaking' eller '*participatio actuosa*'. Som vist er dette eit kjernepunkt i dei liturgiske endringane som skjer i vår tid. Ratzinger stiller spørsmålet om kva slags aktivitet det er snakk om, og seier at "Dessverre er ordet meget hurtig blitt misforstått på en overfladisk måte".⁶⁵ I dette legg han det faktum at 'aktiv deltaking' vert forstått som fysisk aktivitet eller "synleg aktiv deltaking" som det stundom vert kalla, og at så mange som råd får tildelt praktiske oppgåver som å vera kyrkjevertar, å lesa tekstar, å syngja, med meir. Han ser ikkje bort frå at dette kan vera aktuelt og rett, men peikar på at det er ei sekundær form for deltaking, i hovudsak knytt til den første delen av gudstenesta, Ordets liturgi. Det som ligg til grunn for '*participatio actuosa*' i SC er derimot deltaking i *oratio*, den eukaristiske bøna, der Gud handlar gjennom dei truande. Dette er sentralt i den liturgiske handlinga som konstituerer gudstenesta. Lekfolkets del i *oratio* vil i eit slikt perspektiv ikkje vera å følgja med på det presten gjer, men at prest og kyrkjelyd saman ser mot Herren og kjem han til møtes.⁶⁶ Med omgrepet 'aktiv deltaking' meiner altså Ratzinger ei mental, åndeleg deltaking der lekfolket saman med presten utfører ei prestegjering. I denne deltakinga utfører dei det kongelege prestedømme som alle døypte har del i.

Ratzinger stiller spørsmål ved den vekta som vert lagt på *circumferencis*, samlinga av dei døypte *kring* altarbordet. Dette signaliserer ein tilstand der det fullkomne er realisert, der ein framhevar at Gudsriket er her *alt no*, og gløymer at kyrkja har ei retning inn mot framtida, eit *ikkje enno*. Han teiknar kyrkjas historie i tre fasar som *skugge, bilete og røyndom* der 'skuggen' representerer gammaltestamentleg tid, 'biletet' nytestamentleg tid fram til i dag, og 'røyndommen', realiseringa av Gudsriket som kjem.⁶⁷ Om 'biletet', den tilstanden som kyrkja er i no, seier han mellom anna:

⁶² Yates 2008, s. 147.

⁶³ Yates 2008, s. 154.

⁶⁴ Ratzinger 2001, s. 7 f.

⁶⁵ Ratzinger 2001, s. 119.

⁶⁶ Ratzinger 2001, s. 122.

⁶⁷ Ratzinger 2001, s. 40.

Trenger vi – etter at tempelforhenget er revnet og Guds hjerte står åpent for oss i den Korsfestedes gjennomborte hjerte – fremdeles de hellige rom, den hellige tid, de symboler som formidler? Ja, vi trenger dem, nettopp fordi vi gjennom "bildet", gjennom tegnet, lærer å se den åpne himmel.⁶⁸

Ratzinger peikar på at den kristne forsamlinga svært tidleg retta blikket mot aust under bønna, mot den oppgåande sola, biletet på den inkarnerte Kristus som møtepunktet mellom Gud og menneske, men samstundes eskatologisk sett eit bilete på den kommande Kristus og morgonroden.⁶⁹

Det er ikke viktig å rette blikket mot presten, men i fellesskap å rette blikket mot Herren.⁷⁰

Han kjem likevel med eit praktisk framlegg om ei naudløysing i dei kyrkjene der ein alt har omstrukturert interiøret, nemleg å setja ein kross på altaret slik at både prest og kyrkjelyd kan sjå mot denne.

Klemens Richter

Teologen Klemens Richter (1940 -) i Münster er av dei liturgikarane som sterkast går inn for å starta heilt frå null, å leggja all kyrkjeleg arv tilsides og starta på nytt i eit tomt rom. I boka *Kirchenräume und Kirchenträume* under overskrifta "*Restaurative Tendenzen heute*" brukar han 1 ½ side til å argumentera mot motargumenta for omstruktureringane og noko av dette kan vera verd å nemna.

Han meiner tendensen i motreaksjonane mot reforma er "nicht unbedenklich" og "sogar "reaktionär".⁷¹

Richter hevdar at den restaurative tankegangen fører med seg at ein trekker ei mengd gamle element (altartavler, statuer etc) inn i altarrommet og gjer fellesskapsfeiringa vanskeleg og anstrengande. Han siterer S. Rau som seier at katolske "Christen treffen sich Sonntag nicht zur Anbetung vor dem Tabernakel, sondern bilden die Gemeinde Jesu Christi um den Altar". Det som er viktig i rommet er "Sitz, Ambo und Altar". Dersom ein skal gje opp fokuset på samlinga kring altaret, vil det for Rau vera det same som å gje opp tanken om *communio*, fellesskapet om altaret, og nøya seg med fokus på einskildmennesket. Dette ville vera å gje opp målet med reformtankane attende til Pius XII, som sette fellesskapskarakteren som det viktigaste målet for fornying av liturgien. Sameleis siterer Richter arkitekt Peter Kulka som deler denne bekymringa. "Stagnationen und restaurative Tendenzen bestimmen das kirchliche Bauen in der Bundesrepublik heute ...".

Noko av det desse forfattarane går til åtak på er det dei kallar "Gemütlichkeit" og "Sentimentalitet" og Richter let ikkje motstandaren sleppa til med vektige argument. Det tykkjast som han tolkar situasjonen slik at grunnen til motstand mot reforma er at alle ikkje enno har forstått målet og meininga med denne.

Kevin Seasoltz OSB

Seasoltz (1930 -) gav ut klassikaren *The House of God* i 1963, altså omtrent samtidig med vatikankonsilet. Han tek i boka for seg omgrepet *Sacred Art* og går så gjennom kyrkjebygninga. Hans bidrag er at han greier å sjå dei to sidene som har blitt ståande som motsetningar saman, på den eine sida at kyrkja er bygd av "levande steinar" og at det difor er forsamlinga som er kyrkja, og på den andre sida biletet av kyrkja som "Kristi lekam" på jorda der kvar av lemmene har sin funksjon. Han reknar klårt med ei todeling av forsamlinga i presteskap og lekfolk som har sine ulike rollar, og viser til Ignatius av Antiokia (død ca 115) til

⁶⁸ Ratzinger 2001, s. 43.

⁶⁹ Ratzinger 2001, s. 49.

⁷⁰ Ratzinger 2001, s. 59.

⁷¹ Richter 1999, s. 28.

inntekt for eit slikt syn.⁷² Seasoltz er klar når det gjeld kyrkjebygninga, som vert meiningsfull gjennom den funksjonen ho har.

*Apart from the community which it serves, the church edifice has no meaning, for it is first and foremost a building in which the Christians meet to carry out the liturgy.*⁷³

Og vidare:

*In evaluating church designs, however, one must approach the problem from the point of view of persons involved and functions performed rather than from the point of view of things.*⁷⁴

Med enkle skisser, slik vi kjenner det frå Arne Sæthers bok, viser han korleis ulike ordningar av kyrkjelyden i forhold til altar og himmelretingar virkar inn.⁷⁵ Den tradisjonelle ordninga der alle vender seg mot eit altar i aust, meiner han ikkje fungerer godt nok. "Unfortunately, it gives an incomplete expression to the mystery of the liturgical assembly".⁷⁶ Som katolikk argumenterer han med offertanken:

*It [altaret] is rather the center of the sacrifice and should stand between the priest, representing Christ, and the faithful.*⁷⁷

I det heile legg Seasoltz mykje større vekt på presten sin rolle enn det som er vanleg i dag. Som Kristi representant har presten "the most important role in the Church", medan det viktigaste inventarstykket er altaret.⁷⁸ Det Seasoltz opplever som det mest tilfredsstillande skjemaet for ordning av lekfolk og presteskap i forhold til altaret er det som var representert i dei gamle basilikaene med kyrkjelyden framfor og dels på sidene av altaret, og presteskapet i aust vende mot altaret i vest.⁷⁹

Steven J. Schloeder

Den amerikanske arkitekten Steven Schloeder (1960 -) driv eit arkitektfirma, Liturgical Environs, og er aktiv bidragsytar i katolsk kyrkjearkitektur i USA. Han har i boka *Architecture in communion: Implementing the Second Vatican Council through Liturgy and Architecture*, forsøkt å forklara grunnen til at så mange opplever postkonsiliær kyrkjearkitektur som lite tilfredsstillande og inspirerende, og meiner at det dels kjem av at den utviklinga som har skjedd, ikkje er i tråd med tekstane frå konsilet. Hans boteråd er å laga kyrkjer som har meir direkte kontakt med kyrkjens tradisjon, og han meiner å finna grunnlag for dette også i konsildokumenta.

Mellom det han argumenterer for er at modernismens universelle romforståing ikkje gjev plass for det heilage (jfr Moorly, nedafør). Denne tanken utviklar han særleg i det tredje kapitlet, *An Architecture for the Mass*, der han går inn på liturgiforståinga frå konsilet, der Herrens nattverd både er måltid og offer. Det å gjera nattverden berre til eit måltid, slik det har vore ein tendens til etter konsilet, og som ein også kan sjå i luthersk samanheng, tek frå nattverden karakteren av sakrament og med det mysteriet ved nattverden.⁸⁰ Sjølv om messeoffertanken kanskje er det viktigaste skiljet mellom luthersk og katolsk lære, er

⁷² Seasoltz 1963, s. 135.

⁷³ Seasoltz 1963, s. 131.

⁷⁴ Seasoltz 1963, s. 138.

⁷⁵ Seasoltz 1963, s. 135 ff.

⁷⁶ Seasoltz 1963, s. 139.

⁷⁷ Seasoltz 1963, s. 142.

⁷⁸ Seasoltz 1963, s. 155.

⁷⁹ Seasoltz 1963, s. 142.

⁸⁰ Schloeder 1990, s. 53.

nattverden også i luthersk samanheng eit sakrament, og argumenta får såleis overføringsverdi.

Schloeder tek også opp skiljet mellom *the sanctuary* (rommet for det heilage, det vi på norsk vanlegvis kallar koret) og *the nave* (skipet). Korskiljet har lenge vore avskrive, og i nyare kyrkjer vert det unngått å laga noko form for skilje mellom dei to. Schloeder meiner å finna grunnlag i konsildokumenta for at eit slikt skilje framleis er nødvendig, at det er essensielt for forståinga av prestens særlege rolle ved altaret, å markera eit skilje mellom dei to. Han viser også til korleis folk gjennom alle tider har markert heilage stader der Gud har vist seg på ein særleg måte. Når delar av liturgiutviklinga har ført til modernistiske universelle utformingar av altarrommet, vil dette vera med på å undergrava opplevinga av det heilage.

Schloeder stiller spørsmål ved tendensen til å ignorera dei historiske arkitektoniske formene som er knytte til kyrkjer, og å tru at en kan skapa noko heilt nytt som vil bli forstått.⁸¹ Han er oppteken av omgrepet 'bilete', *eikon* (gr), med utgangspunkt i Jesus Kristus som den usynlege Guds bilete.⁸² Gjennom kyrkjeleg arkitekturhistorie viser han korleis bygningane ofte har fungert som ikon, som meiningsbærar, og konkluderer med at ein også i vår tid bør tilstreba kyrkjer som utvendt er bilete på kva kyrkja handlar om internt. Han viser til fleire kyrkjer, både frå 500-talet, i gotikken og i renessansen, der det utvendt er lett å lesa dei ulike funksjonane som er tekne vare på inne i kyrkja, og meiner at modernismens krav til universalitet har øydelagt denne ikonfunksjonen. Kyrkjebygningen skal også i dag ha ein bodskap som kan tolkast i det byrommet der kyrkja finst.

*In fact, we have lost this approach to church design only in this century: it has been lost to the "universal space" of the Modern movement.*⁸³

Michael S. Rose

Rose (1969 -) er forfattar av fleire bøker og artiklar som hevdar eit konservativt syn på utviklinga innafor den katolske kyrkja etter vatikankonsilet. Ikkje minst gjeld dette kyrkjearkitektur og kyrkjeinteriør. Berre titlane på eit par av dei bøkene han har publisert, seier mykje om hans ståstad. Det gjeld t.d. *Ugly as Sin : Why They Changed Our Churches from Sacred Places to Meeting Spaces – and How We Can Change Them Back Again* (Manchester 2001) og *The renovation Manipulation: The Church Counter-Renovation Handbook* (2001).

I *Ugly as Sin* legg han i klartekst ut korleis kyrkjene er blitt avhelga og profaniserte gjennom dei siste femti åra.

The problem with new style churches isn't just that they're ugly – they actually distort the Faith and lead Catholics away from Catholicism.

Han set opp tre "naturlover" for kyrkjebygg. Kyrkja må ha vertikalitet (s. 17), permanens (s. 21) og ikonografi (s. 26) og fører så ein pilgrim gjennom eit "House of the Lord" og så gjennom "the worship space of the people". Så stiller han spørsmålet kvifor moderne arkitektar sekulariserer kyrkjene. Til slutt gjev han råd om korleis ein kan ta kyrkjene attende som guds-hus og restaurera trua.

Denne rett-på-sak-argumentasjonen er eit klårt, men noko einsidig uttrykk for den motstanden som finst mot den utviklinga av kyrkjearkitekturen som også til dels kjem til uttrykk gjennom det norske framlegget til gudstenestereform.

⁸¹ Schloeder 1990, s. 227.

⁸² Schloeder 1990, s. 146, med tilvisingar til Bibelen.

⁸³ Schloeder 1990, s. 241.

Rose peikar på eit sentralt poeng, menneskets lengt etter Gud, som vert ståande som ein motsetnad til eit av hovudpoenga for utvikliga dei siste tiåra, feiringa av måltidsfellesskapet:

*Throughout the Christian centuries, the church building has been understood to be [...] the domus Dei ("house of God") and the porta coeli ("gate of Heaven"), that dwelling place where we go to find God, that sacred place in which we seek the treasures of the heavenly kingdom.*⁸⁴

Han viser korleis den nye tolkinga av kyrkjerommet øydelegg denne funksjonen og trekker fram den profilerte, protestantiske amerikanske arkitekten Edward Sövik som versting på feltet.⁸⁵ Sövik har teikna mange kyrkjer, både lutherske og katolske, over store delar av USA. Sjølv skreiv Sövik eit retrospektivt innlegg i *Journal on Religion, Art & Architecture* der han går gjennom og vurderer det synet han hevda i same tidsskrift 30 år seinare. Synet representerer ein ytterfløy der skiljet mellom profant og sakralt vert utviska heilt etter logisk deduksjon, og om ein set det norske reformforslaget i relasjon til Söviks syn, står det, slik eg oppfattar det, fram som ein etter måten forsiktig variant.⁸⁶ I eit siste kapittel går Rose inn for å "ta attende" kyrkjene, og viser til kyrkjer der ei reorientering og tilbakeføring har skjedd.

Sjølv om Rose har ei populær form, er det verd å merkja seg at han ikkje nemner kulturminnevernomsyn som grunnen til å ta vare på kyrkjene og inventaret, men berre kyrkjelege og pastorale omsyn. Dette kan vera ei påminning i samband med den endelege utforminga av delar av reformtekstane og særleg dei som har konsekvensar for kyrkjerommet. Sett frå kulturminnevernet si side, ville det likevel vore ein risk om Rose fekk råda: få av betongkyrkjene frå 1960- og 70-talet ville då vorte ståande.

Moyra Doorly

Doorly er arkitekt og journalist, busett i England. Ho er også av dei som er sterkt kritiske til den postkonsilære kyrkjearkitekturen. I boka *No place for God: The Denial of the Transcendent in Modern Church Architecture* (2007), peikar ho på korleis ny kyrkjearkitektur har omfamna modernismens tankegodts prega av relativisme med fornektning av hierarkisk romstruktur, tradisjon og symbolisme. Ho peikar også på korleis dette har tømt eldre kyrkjer for innhald og korleis nye kyrkjer, "kvite boksar" utan sakralt innhald, vert oppførte over alt.

Vidare peikar ho på det fenomenet i tida at menneske søker djupare livsmeining på ein brei arena, men at dei tomme kyrkjene, som er innretta på det menneskelege "fellesskapet", ikkje kan tilby den sakraliteten og transcendensen som folk søker.

Doorly viser fellestrekk mellom Bauhaus-skulen og modernismens arkitektur og utviklinga innafor kyrkjearkitekturen og utforminga av kyrkjerommet på 1900-talet. Eit kjenneteikn i denne delen av arkitekturhistoria er eit ynskje om å gå attende til opphavlege, primitive strukturar. Det ein oppfattar som ein rein og enkel opphavstilstand er såleis truleg meir ein del av tidsånda i kjølvatnet av modernismen enn ei spegling av ei sannare, meir opphavleg utgåve av kristendommen.

Ein konsekvens av dette er at ein ikkje bør kjenna seg bunden av ei kyrkjehistorisk tolking som går ut på at alt som har skjedd etter eit visst årstal er kyrkjesoge med feil retning. Dei mellomliggjande stadiene i kyrkja si utvikling vil også vera gyldige som informasjon til ei kyrkje som i dag skal forma sin ståstad.

Kor galt det kan gå, vert eksemplifisert ved ei katolsk kyrkje i London, Saint Joseph's i Bunhill Row, som i 1922 hadde ei tradisjonell innreiing med tabernakel på og baldakin over altaret i aust. I 1970 vart kyrkja omordna etter dei nye idealane, baldakinen forsvann, tabernakelet vart

⁸⁴ Rose 2000, s. 7.

⁸⁵ Rose 2000, s. 154 ff.

⁸⁶ Sövik 1997.

flytta, korskiljebrystninga vart fjerna, og enkelt, nytt altar og preikestol stod fram mot ein kvitmåla austvegg. Dette skapte misnøye og motreaksjonar, og i 1990 vart intriøret forsøkt tilbakeført med visse modifikasjonar, skulpturar og baldakin kom på plass og tabernaklet stod på altaret att. Sidan, i 2002-2003, tok den nye presten saka i sine egne hender og hogg ned baldakinen og kyrkja har no eit moderne interiør og tverrstilte benker.⁸⁷ Denne historia har truleg ikkje styrkt fellesskapet i kyrkjelyden.

Eit utopisk ideal?

Ei viktig drivkraft bak gudstenestereformene både i den romersk-katolske og den evangeliske kyrkja har vore eit ynskje om å komma attende til ein uforfalska opphavstilstand i kristendommens historie. Utfrå det eg kan sjå, må dette i stor grad verta utopisk. Av dei elementa som er trekte fram som opphavlege, ser det ut som arbeidet i stor grad har ført til eit selektivt utval av det ein måtte finna, og det ein måtte ynskja å finna, frå den første tida. Sameleis er det ulike tidspunkt og ideal som vert trekte fram av ulike forfattarar.

Ein hypotese kan vera at idealet kan vera primært og det ein finn i tidlege liturgiformer, arkitektur og gjenstandar vil verta valt ut dersom det høver inn i idealet. Ein definerer *Ecclesia* som samlinga av dei døypte, medan ein neglisjerer at samlinga i t.d. *Doura Europos* skjedd i eit langt, rektangulært rom (*Doura Europos* er elles eit særtilfelle, eit mellombels anlegg i ein garnisonsby i utkanten av Romarriket. Det har truleg vore trekt altfor mange generelle konklusjonar ut frå denne eine huskyrkja). Mange peikar på det enkle måltidsbordet, medan den gamle tradisjonen med å venda seg mot aust i bøn vert neglisjert. Ein tek med det sosiale livet i forsamlinga, men ikkje dei kristnes forventning om Kristi snarlege komme og framtida i ei kommande verd. For nokon er huskyrkjene sett fram som ideal, medan andre trekker fram basilikaliturgien som rettesnor.

Dersom det er noko i denne hypotesen, må ein i tilfelle konsentrera tankeverksemda på kvar idealet har sitt opphav, og då kan det vera like relevant å leita i rørsler i samtida. Målet med eit slik eventuelt grunnlagsarbeid må vera å gjera klart kvar liturgireforma har sitt grunnlag, om reformrørsla har rota opp verdfullt tankegods, som mange vil meina, og om det er andre sider som i omrotinga har vorte løynde.

Spørsmålet om sakralitet

Ein konsekvens av modernismens romtolking har vore at ein i arkitekturen har rive ned skilje mellom ulike romformer og gjort alt tilgjengeleg for alle, universelt, og relativt i verdilading. I kyrkja betyr det at ingen stader i kyrkjerommet vert oppfatta som meir eller mindre heilage. Det er det som skjer der, møtet av Gudsfolket kring altaret, som er heilag. Såleis kan dei mest reformvennlige hevda at kyrkja ikkje er noko anna enn eit vanleg hus, dersom ikkje kyrkjelyden er samla til gudsteneste. Fleire forfattarar, mellom dei Michael Rose, etterlyser *det sakrale* kyrkjerommet, og det kan hevdast at tankegangen bak ulike tidlegare kyrkjeromsutformingar var å gje rom for sakraliteten. Delar av medlemmene i kyrkja kjenner seg fråtekne ein viktig dimensjon ved det å oppsøka "Guds hus" som no er vorte til "Kyrkjas hus" for ikkje å seia "Folkets hus".

Spørsmålet om *sakralitet* knytt til ein stad eller ein bygning er omfattande. Frå gammalt har stader for gudstenestefeiring vore vigsla, sameleis altar og gjenstandar med rituell funksjon. Dette er eit punkt som ikkje er framme i Den liturgiske rørsla, og det er få som går djupare inn på kva som ligg i ei slik vigslingshandling. I bibelens gamle testament ser vi fleire døme på at stader der Gud på ein særleg måte har komme til syne, vert utpeikte som heilage stader som vert æra av folket. Eit døme er der Jakob etter ein utvida draum utbryt at "Sanneleg, her er himlens port!" og reiste eit altar der, for Herren. At også folk i vår tid har tilsvarande kjensler knytte til stader der dei har hatt religiøse opplevingar, kjenner ein frå tilfelle der det t.d. skal skiftast altartavle i ei kyrkje. Tavla kan vera dårleg måla, men dersom

⁸⁷ Doorly 2007, s. 62 f.

ho for einskilde er knytt til viktige religiøse opplevingar, kanskje kombinert med musikk, salmesong, lesing eller utlegging av ordet, vert ho viktig som *bilete* (jfr. Ratzinger). Dei som går inn for reformtanken hevdar gjerne at ein ikkje kan definera noko som meir heilagt enn noko anna, for heile livet er skapt og vidare heilaggjort gjennom inkarnasjonen. Her er det synspunkt som ikkje kan sameinast og som krev nærare utgreiing, men omgrep som vørnad og ærefrykt som var eit viktig omgrep i Rudolf Ottos *Das Heilige*, bør takast med i ein kyrkjeleg gjennomgang av spørsmålet om sakralitet knytt til kyrkjerommet og dei rituelle gjenstandane. Vernetanken er ikkje uavhengig av kva ein slik gjennomgang av sakralitetsomgrepet kan føra til.

3.3 Endringar i norske kyrkjerom etter vatikan-konsilet

Frå 1960- og ikkje minst -70-talet vart det gjennomført ein del merkbare endringar i mange av dei eldre norske kyrkjeromma parallelt med at det vart sett i gang ei rekke kyrkjebygg tilpassa arkitekturutviklinga generelt og ny arkitektur og liturgi. Endringane hadde i utstrekkt grad samband med Den liturgiske rørsle slik ho hadde nedfelt seg i konsildokumenta og på andre kyrkjearenaer.

Aktiv deltaking var eit av måla med endringane. Dette gav seg utslag i at *lesepulten* vart innført i mange kyrkjer. Medan dei to episteltekstane og evangelieteksten (preiketeksten) tidlegare vart lesne av presten, vart det no vanleg at lekfolk frå kyrkjelyden las episteltekstane frå lesepulten. *Parament* var eit anna felt der det tidleg skjedde store endringar i det mange kyrkjer skaffa messehaklar og stolar i dei fire liturgiske fargane som skiftar med kyrkjeårstidene. Desse kledda vart gjerne supplerte med antependier for preikestol og lesepult, også i liturgiske fargar.

Etter kvart vart det også fleire stader, men ikkje gjennomgåande, initiert *omordningar* av kyrkjerommet i dei gamle kyrkjene slik at dei gamle altara med altartavler enten vart flytta inn til vegg, tekne vekk, eller demonterte og erstatta av eit frittstående atlar der ein kunne forretta versus populum. Med ei slik endring følgde så ynskjet om meir *fleksibel* ordning av sitjeplassar, då gjerne i form av stolar i staden for benker, og med fjerning av benker vest i skipet slik at ein her kunne få plass for barnevogner, leiker, bord og stolar til kyrkjekaffi etc.

Ei viktig rolle i implementeringa av desse endringane skjedde gjennom rådgjeving frå kyrkjedepartementet ved kyrkjekonsulenten som var sterkt engasjert i reformarbeidet. Vidare skjedde det gjennom kyrkjas offisielle dokument som t.d. Rettningslinene i Gudstenesteboka frå 1991. Også *Kunsten å være kyrkje* (2005), kyrkjas kulturmelding, fremjar tankar som ligg i reforma.

Kyrkjekonsulentens rådgjeving

Kyrkjekonsulentens rolle har vore viktig i utviklinga etter vatikankonsilet. Arne Sæter hadde denne stillinga i ein viktig periode fram til 2008. Han har ikkje berre vore Kyrkje- og kulturdepartementet sin forlengte arm, men sett eit markant personleg preg på stillinga. Det som kjenneteiknar hans periode er at han har gått aktivt inn i arbeidet med å innføra idear frå Den internasjonale liturgiske utviklinga. Dette har han gjort gjennom utvikling av temaark om fornying av kyrkjerom, gjennom boka *Kirken som bygg og bilde* i fleire utgåver og gjennom nettstaden www.kirkekonsulenten.no. På nettstaden presenterer han si oppgave slik:

Min oppgave er å gi råd til menighetene slik at kirkebyggene blir både praktisk og liturgisk funksjonelle.

For å utføra denne oppgåva mest mogeleg effektivt, reiste han også ut til mange av kyrkjene, analyserte situasjonen i kvar einskild kyrkje, og skreiv ein rapport med råd om korleis kyrkja kunne bli meir praktisk og funksjonell, ut frå hans synsstad.

I desse rapportane er dei gjennomgåande trekka at ein i langkyrkjer skal ta vekk benkene under galleriet og nytta plassen der til 'barnekrok' (plass med bord og stolar der små born kan aktiviserast under gudstenesta), hyller til salmebøker og anna. Framme i kyrkja vert det også ofte gjort framlegg om å ta vekk benker og setja inn stolar, dette for å gjera rommet meir fleksibelt. Det vert også tenkt på ei god plassering av rullestolar og barnevogner. I nokre tilfelle vert det tilrådt å laga eit ekstra, mobilt bordaltar som kan flyttast nærare folket og då gjerne ned i midtgangen aust i skipet med stolrekker i vinkel på kvar side av altaret.

Som følgje av desse rapportane vert det så sendt søknader frå sokneråda til biskopane om løyve til å endra interiøra, oftast ikkje med så høg endringsgrad som framlegget frå kyrkjekonsulenten inneber.⁸⁸ Likevel medfører dei omsøkte endringane ofte tiltak som kjem i konflikt med kulturminnevernet.

Gudstenesteboka som vart endeleg godkjend av Kyrkjemøtet i 1992, inneheld Rettleiing om liturgisk inventar og utstyr.⁸⁹ Rettleiinga er inndelt i tre punkt, Liturgisk inventar, Liturgisk utstyr og Liturgisk utstyr til ei soknekyrkje. Denne rettleiinga er prega av tankegods frå Den liturgiske rørsla, t.d. ved at det er "viktig at kyrkjerommet er fleksibelt når det gjeld møblering" (1.2). Det er gitt rom både for det tradisjonelle altaret og bordaltaret, men altaret skal vera sentralt i kyrkjerommet og "bør" stå slik at det kan forrettast *versus populum* (1.4). Eit sentralt punkt i den gjeldande rettleiinga står i innleiinga:

*Desse retningslinene skal leggjast til grunn i fyrste rekkje ved nybygg, og dessutan ved restaurering og oppussing av nyare kyrkjer.*⁹⁰

Dette avsnittet gjev ein fridom til å bevare det opphavlege inventaret og interiøret dersom det skulle vera ynskjeleg.

Kulturmeldinga frå Den norske kyrkja

Norske kirkeakademier har, etter oppdrag frå Kyrkjerådet lagt fram ei kulturmelding for den norske kyrkja, *Kunsten å være kirke : om kirke, kunst og kultur* (2005).

I sjølve oppdraget frå Kyrkjerådet er det ikkje nemnt noko særskilt om kulturminnevern eller omsyn til tidlegare tidars uttrykksformer. I kortversjon går oppdraget ut på å *kartleggja* det som skjer på kulturfeltet, utvikla ein *teologisk refleksjon* omkring oppdrag og uttrykksformer, utarbeida ein *strategi* og trekka fram nasjonale, regionale og lokale aspekt.⁹¹

I utvalet er det musikalske aspektet i kyrkja vektlagt ved at fleire av medlemmene har kyrkjemusikalsk bakgrunn og kompetanse. Ingen av dei elleve medlemmene har kulturminnebakgrunn. Dette speglar seg også i innhaldet i meldinga. Gleda over den store skatten kyrkja har arva frå tidlegare tider er lite gjennomtrengjande i Kulturmeldinga. I dei første kapitla er kyrkjekunst og kyrkjearkitektur rett nok nemnt somme stader, men då helst knytt til moglege nytte i samband med Den kulturelle skulesekken.⁹²

Det som lettast let seg relatera til vernet av kyrkja sin kyrkje- og kulturhistoriske materielle arv, finst i kapitla *Visuell kunst* (s. 130 – 140) og *Arkitektur* (s. 145 – 153) og i oppfølging av desse kapitla i strategidelen s. 221 – 227.

Under *Visuell kunst* vert det etterlyst auka kunnskap når det gjeld kyrkjas materielle arv og peikt på at kyrkja i dag har manglande kompetanse til å stå i ein fagleg diskusjon med dei

⁸⁸ Dette byggjer på forfattarens røynsle som sakshandsandsamar hjå Biskopen i Bjørgvin.

⁸⁹ Gudstenestebok II, s. 256 ff.

⁹⁰ Gudstenestebok II, s. 256.

⁹¹ Kulturmeldinga, s. 29.

⁹² T. d. Kulturmeldinga, s. 131.

antikvariske styresmaktene om eventuelle konflikter.⁹³ Ein slik auka kunnskap er også viktig i forhold til kyrkja sin bruk av kyrkjekunsten med tanke på biletradisjonar, symbol og meningsinnhald, heiter det.

NIKUs prosjekt *Norges Kirker* vert trekt fram som ein serie som freistar å leggja fram slik nødvendig informasjon. Vidare vert det lagt fram eit ynskje om tilstrekkelege løyvingar til Riksantikvaren sitt vern av kyrkjekunsten.⁹⁴

I kapitlet om *Arkitektur* (s. 145 – 153) finst det gode anslag som peikar på meir djuptgripande grunngevingar bak form og endring. Etter kapitlet følgjer eit kasus, Nidaros domkyrkje, men dette fungerer ikkje så godt etter som det er ei kyrkje som på alle måtar, både når det gjeld status og former for drift/stønad, skil seg frå alle andre kyrkjebygningar. Kapitlet peikar mellom anna på korleis ein frå 1950-åra og frametter bygde kyrkjer som litt triste og nakne bygningar ut frå tankegangen at bygningen ikkje skulle vera heilag i og for seg, men at det som skjedde der var det heilage. Vidare vert det peikt på ei kursendring som ein i dei seinare åra kan merka gjennom nokre av dei nye kyrkjene. Mortensrud og Bøler kyrkjer vert nemnde, vidare kan ein ta med Sælen kyrkje i Bergen. Desse kyrkjene er nærast protestbygg mot det kvardagslege og praktiske, og eit steg i retning av det meir sakrale rommet med vekt på opplevingar av høgtid og heilagdom.

I strategidelen til slutt har meldinga delt opp det relevante stoffet i tre underkapittel: *Visuell kunst og arkitektur i høvesvis nye kyrkjer*, i *eksisterande kyrkjebygg* og med omsyn til *kyrkjestad og kyrkjegard*.

Når det gjeld *dei nye kyrkjene*, vert det tilrådt at det vert lagt vekt på kvalitet og unike løysingar både i kyrkjebygget og i kyrkjekunsten. Kyrkjene skal vera praktiske, men skal også som symbolbygg gje uttrykk for det "mysteriet dei gjev rom til". Under rubrikken *Konsekvenser og råd* for nye kyrkjer legg utvalet vekt på auka kompetanse og samarbeid mellom ulike faggrupper. Denne haldninga vil, om det vert økonomisk mogeleg å ta henne til følge, føra til tilvekst i kyrkjens skattekkammer som igjen vil aktualisera verneproblematikken i si tid.⁹⁵

Dei *eksisterande kyrkjebygga* reiser ein noko anna problematikk. *Konsekvensar og råd* understrekar også her at ein treng auka kompetanse og forskning omkring den plassen kyrkjebygget og kyrkjestaden har i folks medvit. Ein peikar her spesifikt på KIFO (Stiftelsen Kirkeforskning). Dette er eit arbeid der også NIKU (Norsk Institutt for kulturminneforskning) vil kunna bidra. Vidare understrekar ein informasjonskanalar som kan virka kompetansefremjande (Kyrkjebyggdatabasen, Kyrkjetenarskulen, trusopplæringa, den kulturelle skulesekken m fl). Når det gjeld sjølve vernetanken, er utvalet oppteke av vern-gjennom-bruk-tanken, og då variert og alternativ bruk som kan hindra kyrkjenedlegging. Ein ynskjer auka kompetanse frå kyrkja si side før ein går til vesentlege endringar, og auka forståing av bruken frå Riksantikvaren si side.⁹⁶

Vernet og bruken av *kyrkjestaden og kyrkjegarden* treng også medvitne haldningar og auka kunnskap om kyrkjegardskultur og gravminne.⁹⁷

Desse tankane er lite integrerte i innhaldet elles i meldinga som fokuserer på "virksomhet". Slik sett spriker meldinga på dette området. Kyrkja er den største eigaren av kulturminne i landet innafor område som arkitektur, snekkarkunst, bilethoggararbeid, måleri, sølv- og gullsmedkunst, tekstilkunst, glasmåleri og meir. På denne bakgrunnen er det underleg og

⁹³ Kulturmeldinga, s. 139.

⁹⁴ Kulturmeldinga, s. 139.

⁹⁵ Kulturmeldinga, s. 222 ff.

⁹⁶ Kulturmeldinga, s. 224 ff.

⁹⁷ Kulturmeldinga, s. 227.

uforståeleg at det vert vist så lite omsorg for kulturarven i kyrkja og det denne inneber i kyrkja sitt liv, når kyrkja først har teke arbeidet med å utarbeida ei eiga kulturmelding.

Når vernetanken er så lite integrert, kan det skuldast at kyrkja, i polaritet mot Riksantikvaren, har utvikla ei haldning som inneber at det er Riksantikvaren si sak å ta vare på den gamle eigedommen i kyrkja. Vidare kan det ha samanheng med at ein i luthersk tradisjon legg vekt på det talte og sungne ordet, og på musikken i kulturomgrepet, og har eit lite medvite forhold til korleis den visuelle og taktile kunsten også formidlar eit kyrkjeleg innhald.

3.3 Reformtekstane

Det aktuelle reformarbeidet vart sett i verk utfrå eit ynskje frå Ungdommens kyrkjemøte i 2003 som skissert ovafor. Premissane for reforma er konkretisert i dei tre orda *Fleksibilitet, involvering og stedegegnhet*, ord som signaliserer ei utvikling i same retning som den ein har sett etter vatikankonsilet.

Som forarbeid for reforma har Kyrkjerådet sendt ut høyringsdokument til kyrkjelydane og til andre høyringsinstansar. Av det som er sendt ut er eit Høyringsnotat : Reform av kyrkjas gudstenesteliv, Orientering om Høyringsdokumenta. Høyringsdokumenta er Liturgi : Framlegg til Ny ordning for hovudgudsteneste i Den norske kyrkja, Ny tekstbok for Den norske kyrkja og Ny salmebok for Den norske kyrkja. I desse bøkene finn ein innhaldet i reformframlegget.

I vår samanheng er det først og fremst *Høyringsnotatet* og *Liturgiboka* som er relevante. I løpet av arbeidet med reformmaterialet i NFG vart det sett saman ei gruppe med to personar frå NFG og to frå Ra som drøfta ev motstridande interesser. Drøftinga nedfelte seg i notatet *Gamle kyrkjerom for ny liturgi* som vart sendt ut som vedlegg til høyringsnotat og liturgibok. Dette tek opp mykje av den problematikken som er handsama her i rapporten.

Høyringsnotatet

I høyringsnotatet er det særleg innleiinga (s. 7-17) med bakgrunnen for reforma og Kapittel 1 (s. 17- 35) om Ny ordning for hovudgudsteneste i Den norske kyrkja, som gjeld vår problemstilling. I avsnittet om bruk av rommet og plassering av altar vert det argumentert for at at det er ynskjeleg med feiring *versus populum* også i eldre kyrkjerom. Målet med ei slik endring av kyrkjerommet er å "styrkje kyrkjelyden som fellesskap og aktivt handlende forsamling" (s. 23). Den gamle innreiinga *ad orientem*, vert det hevda, "kan nok underbygge den individuelle tilbedinga, men den er ikkje med på å styrke fellesskapet i særleg grad" (s. 23). Det heiter vidare at dette bør få konsekvensar for heile kyrkjerommet "med altaret ståande meir i sentrum i rommet" med ei "medviten" samling kring altaret etter *circumstantes*-prinsippet. Dette vil også bryta ned "skiljet mellom kor og skip [...] til fordel for eitt felles kyrkjerom" (s. 24). I eldre kyrkjerom, heiter det vidare, må ein kunna "flytte på dei ulike komponentane i kyrkjerommet, som alter, døypefont, lesepult og stoler/kyrkjebenker" for å kunna "tilpasse rommet til den aktuelle situasjonen" (s. 24). Her er det fleksibiliteten som vert teken vare på. Det vert vidare hevda at dette godt vil kunna kombinerast med antikvariske omsyn, ettersom "rommet da ikkje blir utsett for irreversible inngrep". Også *døypefonten* vert kommentert. Ein har no komme fram til større medvit om at denne treng ein eigen "stad i kyrkjerommet, med eigen plass og tyngde rundt seg" (s. 24). (Det er likevel heilt ope kvar denne staden best kan vera). Dette kan opplevast som motstridande til fleksibilitetstanken i førre avsnitt. Ynsket om større døypefontar med rennande vatn og plass for full neddykking, vert nemnt.

Også avsnittet om Gudstenesterommet (s. 28 f) er relevant med omsyn til konsekvensar for kulturminnevernet. Det første som vert trekt fram er også her ynskjet om frittstående altar, også i eldre kyrkjer. Det vert også gjort framlegg om "langt på veg å fjerne alterringen". Samstundes skal det ikkje vera noko absolutt påbod om frittstående altar, og avgjerda om

dette vert lagd til kvar einskild kyrkjelyd. Når det vidare gjeld omsynet til verneinteressene, vert det vist til heftet Gamle kyrkjerom for ny liturgi.

Liturgiboka

Liturgiboka har ulike punkt som vedrører rom og inventar i kyrkjene, og særleg kap. 5 tek for seg noko av det som er samla Under rettleiing om liturgisk inventar og utstyr i Gudstenesteboka frå 1992.

Punkt 2.4 (s. 23) handlar om at den som leiar gudstenesta skal ha ein fast, godt synleg plass der ho eller han kan sitja dersom andre utfører liturgiske handlingar som lesingar, bønner og anna. Også andre som har fleire liturgiske funksjonar kan ha ein eigen lett synleg plass. Plassering av forsongarar, kor og orgel er eit emne som vert teke opp i avsnittet. På den eine sida skal dei vera plasserte slik at dei kan utøva tenesta på ein fullgod måte, samstundes bør ein "unngå plasseringar som skyggjer for altaret og på andre måtar tek for mykje merksemd". Dette speglar ei utvikling der kor og orgel i dei nye kyrkjene har flytta fram i retning av altarmrådet, ei utvikling som ein fleire stader freistar få til i kyrkjer med orgelgalleri i vest.

Kap. 5 om Gudstenesterommet (s. 27 – 30) er det mest omfattande med relevans i vår samanheng. I innleiinga vert det sagt at ein skal ta omsyn til kyrkjerommet ved lokal utforming av gudstenesta og at ein skal ta vare på symbolspråket i eldre kyrkjerom og bruka dette som ein resurs. På den andre sida skal ein også her ha med ideala i reforma: fellesskap, aktiv deltaking av alle, og desse ideala kan stundom kreva endringar i rommet. Avsnittet om altaret, som kanskje er det mest sentrale punktet når det gjeld omorganisering av kyrkjerommet, er ikkje kategorisk med omsyn til at det skal vera eit frittstående altar. Det vert likevel lagt opp til dette, enten ved at altaret vert frigjort frå altartavla slik at presten kan stå *versus populum*, eller ved å setja eit ekstra "alterbord i koret eller øvst i skipet" (s. 28). Når det gjeld altarringen, vert det peikt på at denne no er mindre viktig, men at ei fleksibel løysing kan vera å opna han i front, og ta vekk ein del som ved behov kan setjast inn att. Også omtalen av preikestolen (s. 29) er balansert. Det har vore ein tendens til å vilja fjerna store preikestolar, også i kyrkjer frå 1960- og 70-talet. Her vert det oppmoda til ein balanse mellom det fokuset preikestolen gjev til ordet og det som elles vert framført derifrå, og ei eventuell kjensle av avstand som preikestolen gjev. Det vert lagt opp til ein vidare bruk av preikestolen enn den tradisjonelle.

Når det gjeld orgel og andre instrument til bruk i gudstenesta, vert det på den eine sida peikt på at det kan vera ynskjeleg ut frå reformtankane å ha desse framme i kyrkja. På den andre sida vert det understreka at desse ikkje må stå i vegen for eller kyggja for det andre liturgiske inventaret eller gangen i gudstenesta.

I kapittel 5 vert det gjennomgåande forsøkt å peika på rikdommen i den arven dei gamle kyrkjeromma gjev, men samstundes vert det teke omsyn til reformynskjene. Kapitlet skil seg frå mange andre delar av liturgiheftet der fokus er sterkare på nyordning og endring.

Gamle kyrkjerom for ny liturgi

Heftet, som er på 17 sider er nemnt ovafor. Det tek for seg problema som oppstår i møtet mellom kulturminnevern og gudstenestereform og inneheld mange av dei problemområda som er tekne opp i denne rapporten, men utan at ein har gått inn i bakgrunnen for reforma og diskusjonane omkring denne.

Det vert gjort greie for bakgrunnen for heftet, for det regelverket som gjeld for ulike grupper kyrkjer, og for kyrkjerommet som kulturminne. Det vert lagt vekt på at ein må freista å sameina brukarinteresser og kulturminneinteresser i størst mogeleg grad. Vidare vert det i eit historisk avsnitt vist til kva for endringar som har skjedd i kyrkjerommet gjennom tidene, og korleis verdi har vorte vurdert ulikt til ulike tider. Det vert peikt på at både kyrkje og antikvariske styresmakter har ansvar når det gjeld kyrkjenes kulturminnevern, at ulike rollar

krev gjensidig respekt, og på at både Riksantikvaren og Bispeontora har ei heilskapleg rolle med ansvar for å ta vare på både kyrkjelege verdiar og kulturminneverdiar.

Så går ein over til dei vanskelege verdivala og freistar å leggja ulike strategiar for korleis ein skal balansera mellom ulike synspunkt i ulike kyrkjer. Strategi 1 gjeld freda og listeførte kyrkjer, der ein skal ha sterke avgrensingar i forhold til endring. Strategi 2 går ut på nyskaping innafor verneverdige rammer, medan strategi 3, i hovudsak retta mot ikkje særleg verna kyrkjer, går i retning av større justeringar innafor eksisterande ramme.

Tilslutt vert ulike aktuelle inventardelar trekte fram og diskuterte, som altaret og plassering av dette, altarringen, døypefonten, preikestolen og benkene. Sjølv kyrkjerommet og korleis dette virkar inn, vert teke opp.

Korleis desse dokumenta og ny Rettleiing for liturgisk inventar og utstyr vert utforma i den endelege versjonen av reformtekstane, står att å sjå.

4 Kyrkja og kulturminnevernet

Den norske kyrkja står i ein verdsvid og 2000-årig samanheng med ei mangfassettert gruppe kyrkjer med ulike tradisjonar og ulike kyrkjehus med varierende utstyr. I einskilde kyrkjesamfunn er det lite endring i arkitektur og inventar, andre stader, som kyrkja i vest, har bygningar og innbu variert meir i takt med dei store endringane både i og utafør kyrkja.

Endringane som skjer i vår tid, gjennom Den liturgiske reforma, det andre Vatikankonsilet og Gudstenestereformene i Noreg i 1977 og 2010, kan karakteriserast som ei radikaliserings i den meining at ein søker attende til røtene for kyrkja. Konsentrasjonen er retta mot livet, for ikkje å seia aktivitetane, i kyrkjelydane. I debatten innafor kyrkja kan få inntrykk av at kulturminnevernet i kyrkja er lite interessant og relevant ut frå ein kyrkjeleg ståstad. Ein kan stundom få inntrykk av at kyrkja legg ansvaret for kyrkja sine kulturminne over på Ra åleine. Ei slik haldning samsvarar ikkje med lover og reglar som styrer kyrkje og kulturminnevern, og det kan heller ikkje samsvara med kyrkja si eiga interesse. Ikkje berre rettsleg sett, men også utfrå kyrkja si eiga interesse som trussamfunn, er det grunnleggjande viktig å ta vare på minnene om den kristne kulturen slik han har vorte utøvd gjennom tidene.

4.1 Kyrkja sitt verneansvar etter lova

Kyrkjene er verna etter ulike lover og reguleringar. Det gjeld kyrkjelova, Kulturminnelova og Rundskriv T-3/2000. I tillegg finst reglar nedfelte i Gudstenesteboka under "Rettleiing om liturgisk inventar og utstyr".

I *Kyrkjelova* er det særleg paragrafane 18, pkt 4 og 21 som omfattar kyrkja sitt verneansvar. §18,4 seier at "Anskaffelse og avhendelse av inventar og utstyr skal godkjennes av biskopen". § 21 seier at "Oppføring, ombygging [...] av kirke skal godkjennes av departementet", men dette er delegert til Biskopen. Det er også her Biskopen som har godkjenningssmynde.

Rundskriv T - 3/2000 vart utarbeidd i samarbeid mellom Kyrkje- og Miljøverndepartementa og Ra. Det definerer kva som kjem inn under ulike omgrep i Kyrkjelova. Dette gjeld t.d. ordet "Ombygging" som ikkje berre gjeld flytting av vegger, og nye bygningsdelar, men også endringar som ommøblering av fast inventar som benker, altar og altarring.

Kulturminnelova definerer kva for kyrkjer som er freda som kulturminne. I § 4 er alle kyrkjer som er oppførte før reformasjonen i 1537, og i tillegg dei som er oppførte mellom reformasjonen og 1649, automatisk freda. Einskilde kyrkjer som er yngre enn 1649 kan verta freda med grunnlag i § 15. Når det gjeld desse kyrkjene, må ein ha løyve etter Kulturminnelova for å kunna utføra nærare bestemte tiltak. Slike løyve vert gjevne av Ra.

Kyrkjer som er bygde i tidsrommet 1650 – 1850 er definerte som kyrkjer med verneverdi på nasjonalt plan. I tillegg er mange kyrkjer bygde etter 1850 "listeførte". Etter ulike kriterier er dei valde ut til å ha det same vernet som kyrkjene frå 1650 – 1850. For desse kyrkjene er det Biskopen som har avgjerdsmynde, men det skal hentast inn råd frå Ra.

Når det gjeld tiltak i ikkje listeførte kyrkjer oppførte etter 1850 skal det søkast Biskopen om løyve og her har han åleine avgjerdsmynde.

Kyrkja har også utarbeidd "Rettleiing om liturgisk inventar og utstyr".⁹⁸ Dette er retningsliner for kyrkjerom og inventar som skal leggjast til grunn "i fyrste rekkje ved nybygg, og dessutan ved restaurering og oppussing av nyare kyrkjer". Rettleiinga og kor vidt denne gjeld, vil truleg få endra utforming i samband med Gudstenestereforma.

Det vil seia at for tiltak i alle kyrkjer som er oppførte etter 1650, med unntak av freda kyrkjer, er det Biskopen som har endeleg avgjerdsmynde i samband med endringar. Kyrkja har dermed etter lova eit svært omfattande ansvar for landets kulturarv, eit ansvar som krev ein god dialog med Ra.

Samstundes er det sider ved forvaltingsansvaret som vert utydleggjort ved at fleire, ikkje samordna instansar deler ansvaret for kva som skjer i kyrkjebygningane.⁹⁹ Den eine er embetet gjennom biskopane som vist over har stor makt. Det kommunale gjennom kyrkjeveverjene har også stor innverknad. Korleis dette siste vil fungera ved eit eventuelt skilje mellom kyrkje og stat, er uvisst. Ein tredje instans er den demokratiske rådsstrukturen med sokneråd, Kyrkjeråd og Kyrkjemøte som tek viktige avgjerder. Desse instansane har ikkje gjensidig instruksjonsmynde, noko som gjev ein uklår situasjon. Ein fjerde instans innafor kyrkja som spelar ein aukande rolle i dette området, er KA – Kirkens arbeidsgiver- og interessorganisasjon.

Kompetansekrav

Det store forvaltingsansvaret som er lagt til bispenivå er ikkje følgt opp med tilsvarande krav om kunst- og kulturminnefagleg kompetanse. Ein slik kompetanse er viktig både i den dialogen som må finna stad mellom kyrkja og Ra, og for det indrekyrkjelege vernet. Biskopane kan knyta til seg *fagråd* som grunnlag for arbeidet, men dette fungerer berre hjå eit fåtal biskopar i dag. Det finst heller ikkje retningsliner for kompetansekrava til slike fagråd. Biskopane kan også søka råd hjå Ra og i Kyrkjerådet, men saksmengda er så stor og tidkrevjande at dette ikkje kan fungera som den normale ordninga. Også i kyrkja si kulturmelding vert dette med kompetanse på kyrkjeleg side teke opp:

*Kirken, både gjennom fellesråd/menigheter og sentrale organer, og Riksantikvaren trenger å stå i en dialog om balansepunktet mellom bevaring og bruk av kirkene. På kirkelig hold mangler i dag den nødvendige kompetansen til å gå inn i en slik dialog.*¹⁰⁰

Eit tilleggsproblem i denne samanhengen er at ein har røynsle med at mange endringar vert utførte i kyrkjene utan godkjenning frå Biskopen.¹⁰¹ Her er eit *opplysningsarbeid andsynes kyrkjelydane* viktig. Det er til dømes ei vanleg misforståing at berre fast utstyr og berre nytt utstyr treng godkjenning.¹⁰²

⁹⁸ Gudstenestebok, del II, X.

⁹⁹ Karl Gervin har gjort meg merksam på denne problematikken.

¹⁰⁰ Kulturmeldinga, s. 139.

¹⁰¹ Kulturmeldinga, s. 139.

¹⁰² Jfr kapitlet "2. Regelverk" i notatet *Gamle kirkerom forny liturgi*, s. 3 f.

Det vil på slikt likevel vera problematisk å verna kyrkjene utan at brukarane ser den eigeninteressa som ligg i vernet, utan dette vil ein nettopp få dei uheldige motsetningane som ein bør kunna unngå.

4.2 Kyrkja sitt verneansvar som trussamfunn

Innafor kyrkja, både hjå oss og i andre land, er det i samband med Den liturgiske reforma og vekta på kyrkja som møtestad og på fellesskapet i kyrkjelyden, lagt meir vekt på fornying enn på vern. Nett i slike fornyingsprosessar er det lett for å lata seg riva med i dei nye tankane, og å lata desse dominera over eit heilskapleg oversyn der ein ser dei verdiane ein ikkje har råd til å missa. Husmorvindaugane var lette å vaska og ein slapp ekstraglase om vinteren, men at dei ikkje passa inn i fassaden til 100 år gamle hus, såg ein ikkje før lenge etterpå.

I ein fornyingssituasjon har kyrkja, også av eiga interesse som trussamfunn, eit ansvar for å vurdera både det nye som kjem inn og det ein har frå før, og å gjera gode og kloke val.

Meiningane innafor reformrørsla skil seg mellom ytterpunkt. Dei mest ekstreme innafor rørsla meiner det er uinteressant kvar ein feirar gudsteneste dersom ein har eit bord, ein lesepult og eit prestesete + sete for dei truande kring bordet. Dette synet er helst representert av puristiske liturgikarar, t.d. Klemens Richter i Trier, Tyskland. Det andre ytterpunktet er at ein søker attende, og ynskjer å re-restaurera kyrkjer som alt er innreidde i tråd med reformrørsla. Som døme på den siste står arkitektane Moyra Doorly i England og Michael S. Rose og Steven J. Schloeder i Amerika.

Den norske kvardagen er til vanleg anleis enn begge desse ytterpunkta. Der ein har ei kyrkje, er det denne som er utgangspunktet, og så varierer det kor mykje ein ynskjer å endra i kyrkjebyggingen. I denne prosessen gjer kyrkjelydane ved sokneråda sine val, etter ulike innspel, og desse skal så godkjennast av rett styresmakt.

I desse prosessane må det vera viktig også frå kyrkja si side å vurdera interiørendringar i forhold til bygningen. Dersom ein har ei tidstypisk, nygotisk kyrkje frå slutten av 1800-talet, så er denne tenkt som og talar som ein einskap. "Pilene" i rommet peikar oppover og frametter, mot det høge og heilage. Det gjeld høgda i rommet som er understreka gjennom at konstruksjonselement som stolpar og sperreverk er markerte, det gjeld midtgangen som prosjesjonsveg, det opphøga koret som ligg som eit "skrin" der framme, der ein samlast kring bordet. Skranke, portal og vern, og samstundes opning og fri tilgang.

Dersom ein forsøker å gjera dette rommet om til eit sentralrom ved å ta vekk benkene, setja eit ekstra altarbord nede i kyrkja og stolar kring bordet, vil bygning og interiør stri mot einannan og ikkje kommunisera ein samla bodskap. Dette vil merkast om kvar einskild ikkje er medviten om det. Det vert som husmorvindauget i sveitserstilvillaen.

Det må vera kyrkja sitt ansvar å unngå slik forvirra tale, men korleis skal ein greia det om bygningen snakkar eit galt språk sett ut frå tidas liturgiske krav? Det vert hevda at desse kyrkjene vert for prestedominerte og arbeider imot fellesskapet av dei truande. Termar som "bussfellesskap" og "nakkefellesskap" vert nytta nedlatande for å visa at ei felles retning mot altaret er uheldig. Men om supportarane til eit fotballag sit etter kvarandre på tribuna, opplever dei likevel eit sterkt fellesskap når laget skårar eller målvakta reddar. Det er opplevinga av det som skjer som skapar fellesskap.

Dei kyrkjebyggingane som vart oppførte frå 1960-talet og frametter har eit anna språk, som også speglar seg i interiøret. Også her er det heilskaplege konsept som viser ein felles vilje, eit felles mål. Desse kyrkjehusa er representantar for vår tid, for ein annan type kvardag og liv i tettstader ved dei store byane. Og slik bør dei truleg bli ståande, sjølv om heller ikkje alle opplever desse kyrkjene som gode kyrkjerom. Desse kyrkjene vil også ofte vera bygde like

mykje som samfunnshus med kristent stempel, der aktivitetar av ulike slag gjennom heile veka skal finna stad, kombinert med kontorlokale for dei tilsette.

Saman vil desse to kyrkjetypane – og mange fleire – gje eit mangfald og ein rikdom i den kyrkjelege arven, og denne rikdommen må kyrkja ta ansvar for, for sin eigen del, også ettersom medlemsmassen i kyrkja er ein samansett storleik.

Mangfaldet i den kyrkjelege arven er i tillegg viktig for kyrkja som *formidlingsarena* og som uttrykk for eit utvida *fellesskap i tid og rom* og også utafor tida og rommet. Dette gjer at ein ikkje kan avgrensa fellesskapet til dei som er tilstades til eikvar tid, men må tenkja vidare. Om det vert sett som nødvendig å gjera endringar ved kyrkja / kyrkjerommet, er det i ein slik situasjon viktig å kunna ta fram att det som ein tek vekk, *reversibilitet*, dersom ein skulle sjå at det likevel var ei betre løysing.

Formidling

Om formidlinga av kyrkjekunsten skriv Kulturmeldinga følgjande:

*Kirken har store utfordringer i forhold til formidling av kirkekunstens verdier, liturgiske funksjon og fortolkningsmuligheter. Bedre kjennskap til billedtradisjoner og symboler, kirkerommet, liturgi og samtidens kunstneriske uttrykksformer, gir et mangfold av muligheter til meningsrikdom.*¹⁰³

Meiningsinnhaldet ved det eksisterande kyrkjerommet med interiør og inventar for einskildbrukarar og kyrkjelydar, vil vera ulikt. For nokre vil det vera meiningslaust å ha store portrett av velstående donatorar hengande på kyrkjeveggene. For andre vil det gje god meining å vita at for 300 år sida var det folk i bygda som brukte si makt i teneste for kyrkja.

Ein brei og djup kunnskapsbasis vil vera avgjerande for i kor stor grad eldre gjenstandar vil kunna brukast med sitt meiningsinnhald i ein formidlingskontekst. I den grad ein forstår kyrkja sitt uttrykk i tidlegare periodar, vil ein også kunna få ei reflektert haldning til den utviklinga kyrkja står i dag.

Alt treng likevel ikkje vera oppe i dagen for å kunna fungera i ein formidlingssamanheng. Ein kan godt leva i ein by i årevis utan å tenkja på innhaldet i gatenamn og på grunnen til at nokre hus ser anleis ut enn andre og at husa har ulik alder. Gleda ved å oppdaga og forstå litt etter litt kan også vera ein rikdom i kvar einskild sine møte med kyrkjebyggingen og kyrkjerommet.

Om det er aktiv formidling eller gjenstandane sin eigen tale over tid, vil kyrkjene med sin arkitektur, interiør og inventar opna for historisk og teologisk tankegang og tidlegare levd liv i kyrkja.

Fellesskap i tid og rom

Når kyrkjelyden er samla for å feira gudsteneste, står den einskilde forsamlinga ikkje åleine. Samstundes er andre kyrkjelydar i same tidssone samla om den same liturgien, og etter som sola lyser opp nye delar av jorda, held feiringa fram. Såleis vil kyrkjelyden som samlast no, alltid stå i samheng med tidlegare tider og med tider som skal komma. I det som har vore, har ulike retningar og einskildpersonar sett frå seg sine fotefar. For å kunna synleggjera å minna om desse fotefara, må dagens kyrkje ha tilgang til dei, gjennom gjenstandar og forståingsnøklar til desse, gjennom musikk, skriftlege kjelder, dokumentasjon og litteratur som kan gje innsyn og samkjensle med Kyrkja i vidare meining.

I Kulturmeldinga vert også kyrkja sin historiske samheng teken opp. Det heiter til dømes:

¹⁰³ Kulturmeldinga, s. 139.

Å ta ansvar for at kunstuttrykk fra hele denne [tusenårige] kultur-, kirke- og troshistorien blir bevart på en forsvarlig måte, er en viktig oppgave for å sette vår tids tro inn i en historisk sammenheng.¹⁰⁴

Den rike arven som kyrkja rår over, og som den materielle arven kan vera med å formidla, bør kunna nyttast av kyrkjelyden som ein mangfasettert eigedom. Medlemmene i kyrkja spenner vidt i bakgrunn, trusinnhald og tankegang. Kyrkja har her mykje å henta, eller mykje å gje/formidla, ved å visa breidde og djupn ved den kristne trua representert gjennom tidlegare tiders uttrykk. Dette handlar om inkludering i fellesskapen av ein større del av medlemsmassen, fleksibilitet i fokus for formidling og stadeigenheit i fokus på den lokale materielle kyrkjelege arven.

Den kristne kyrkjelyden har også eit fellesskap ut over tida, "Din kyrkjelyd i himmelen og på jorda" som det heiter i den eukaristiske bøna. Dette er også ein samanheng som ein finn uttrykk for i eldre kyrkjeinteriør, og som er viktig å ta med inn i nye kyrkjer. Kyrkja er alltid i ein tilstand mellom fortid og framtid, og alltid i eit forhold til eit Gudsrike som "ikkje er av denne verda". Fleire forfattarar peikar på dette, men særleg *Joseph Kardinal Ratzinger* gjev ein analyse som er opplysende og grunnleggjande. Han deler kyrkja sine tider i tre, med gammaltestamentleg tid som *skugge*, tida etter Kristi oppstode som *bilete* og realiseringa som *røyndom*. Dette inneber at kyrkja i dag rett nok lever i ei tid der ein samlast om nattverden, men der kyrkja framleis ser framover mot full realisering av Gudsriket. Med dette som utgangspunkt, kan tanken om *circumferensis*, gudsfolkets samling rundt bordet, virka ekskluderande og sjølvtilstrekkeleg og ikkje på ein god nok måte visa at kyrkja er på vandring mot eit mål. Det ber i seg at kyrkja også bør ha symbol som viser denne tilstanden mellom fortid og framtid.

Reversibilitet

Kyrkja har til alle tider vore i vekst og endring, som vist har dette også samband med den generelle utviklinga i samfunnet. Problem oppstår når ein i ein endringsfase følgjer pendelen så langt ut til sida at tidlegare uttrykk vert øydelagde, og så etter ei stund saknar noko av det ein har forkasta. Dette er noko av bakgrunnen for kravet om reversibilitet frå kulturminnevernet si side.

Den litteraturen som er vist til ovafor viser då også til ei mengd tilfelle der ein i samband med den postkonsilære reforma frå kyrkja si side ynskjer ei *re-reform* i det det har vorte klårt at ein i reforma har vore for fokusert på avgrensa aspekt og gløymt andre sider ved det liturgiske livet. I den tyske litteraturen vert det såleis ofte vist til endringar som skjedde på 60- og 70-talet som noko avleggs.

Det kan tykkjast som vi i Noreg ikkje enno er komne til dette vendepunktet. Kan henda vil det heller ikkje komma eit vendepunkt, men ei utvikling i ei anna retning som tek opp i seg sider som har vorte vekkgløymde under fana "stadeigenheit, fleksibilitet, inkludering".

Vern gjennom vedlikehald, konservering og restaurering

Det å ta vare på eldre kulturminne og nyare kunstgjenstandar stiller krav ikkje berre til bruk/lagring, men også til eit forsvarleg vedlikehald og i fleire tilfelle restaurering eller konservering.

Med omsyn til dagleg vedlikehald, til dømes i omgang med rituelle kar og parament, vert dette forsøkt styrkt gjennom kyrkjetenarskulen og gjennom ulike publikasjonar både frå Ra og KA. Ein ser likevel i praksis at variasjonane er store etter i kva grad kyrkjetenaren og

¹⁰⁴ Kulturmeldinga, s. 140.

andre har eit personleg engasjement i at kyrkja sitt utstyr vert teke vare på. Den kunstskatten og kulturarven kyrkja rår over er nærast uendeleg, og denne skatten og arven må kyrkja forvalta både ved å ta han i bruk og ved å verna han mot øydelegging og skade. I dei tilfella der gjenstandar treng profesjonelt arbeid frå konservatorar og andre fagfolk, vil dette kunna innebera store økonomiske utlegg, samstundes vil vern og vedlikehald i den daglege bruken også kunna spara kyrkja for store kostnader. Ei løysing av problemet med store kostnader krev meir omfattande gjennomgang i politiske fora.

4.3 Kyrkja sitt verneansvar som samfunnsaktør

I eit samfunn der ein majoritet av innbyggjarane er døypte medlemmer av kyrkja, kan det vera vanskeleg å skilja mellom samfunn og trussamfunn. Likevel kan eit slikt skilje vera mogeleg dersom ein definerer trussamfunnet som ein del av storsamfunnet. Mykje av det som er skriva ovafor om kyrkja sitt ansvar som trussamfunn, vil også gjelda for kyrkja som samfunnsaktør. Det gjeld formidling til samfunnet, t.d. skulen, om lokalhistorie og kyrkjehistorie. Det gjeld vidare kyrkja sin plass som identitetsberar i lokalsamfunna og det gjeld kyrkja i møte med omvera utafør lokalsamfunnet, t.d. for turistar, som oppsøker kyrkja eller opplever henne som ein del av eit bygdelag eller eit bymiljø. I det følgjande skal det peikast på ein del sider ved kyrkja som samfunnsaktør som kan vera relevante i samanhengen.

Formidling av ein kulturarv

I mange kyrkjelydar er kyrkja sine jubileumsbøker eit krafttak med dugnadsarbeid mellom dei historisk medvitne og skriveføre i kyrkjelyden. Kyrkja var det kulturelle sentrumet i soknet i alle fall fram til ca 1900, og ei slik jubileumsbok representerer slik det meste av soknets historie. Det vert sett som viktig å ta med både endringar i kyrkjebygning og innbu og om livet i kyrkjelyden attover i tid. Gamle foto som vert publiserte har ofte ei særleg stor interesse og viser rammene om livets høgdepunkt som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravfølge, prestar og prestegardar og ulike forsamlingar i og utafør kyrkja og lekmanns-samlingar. Slik samlar ein i stor grad stadens historie mellom to permar. Den kunsthistoriske delen av kulturarven i kyrkja har også ein slik samfunnsrelevans.

4.4 Ein kyrkjeleg vernestrategi

Den endringa som har skjedd og skjer med kyrkjerommet i vår tid, har ført med seg utfordringar for kulturminnevernet. Det er som nemnt ikkje første gongen kyrkjeinteriøret har endra seg, men truleg er det den mest gjennomgripande endringa som, med grunnlag i liturgiske krav, er gjennomført etter at det vart sett i verk eit offisielt vern av kyrkjene som kulturminne i stor skala frå midten av 1800-talet og frametter.

I periodar etter at vi fekk eit aktivt kulturminnevern har det komme til konfliktfylte situasjonar der kulturminnevernet har opplevt kyrkja sitt liv i kyrkjene som problematisk. Motsett hender det at kyrkja opplever kulturminnevernet som ein bremsekloss og eit hinder for kyrkja si utfolding. Dette er ein uheldig situasjon. Sjølv om ein alltid må rekna med at vern og vekslende bruk kan føra til ulike prioriteringar, ville det vera ei føremon om ein kunne nå fram til ein felles plattform der det å ta vare på det som er verd å verna, vart eit mål både for kyrkja og for kulturmiljøvernet. Eit forsøk på å etablara ein slik plattform vart gjort i samband med reformarbeidet og vart nedfelt i det nemnde notatet "Gamle kirkerom for ny liturgi : En utredning om det nye liturgiforslagets konsekvenser for kirkerommene", som følgde med høyringsdokumenta. Dette kan vera eit utgangspunkt for eit meir omfattande arbeid.

Arbeidet kan bli parallelt med landsverneplanarbeidet for alle dei statlege etatane, med heimel i kgl. res. av 1. okt. 2006 om forvaltning av statens kulturhistoriske eigedommar som forankrar vernearbeidet i etatane.

kunst- og kulturminnefagleg kompetanse

I det store forvaltingsansvaret som er lagt til bispenivå er det ikkje no føresegner om kunst- og kulturminnefagleg kompetanse. Ein slik kompetanse er viktig både i den dialogen som må finna stad mellom kyrkja og Ra og for det indrekyrkjelege vernet. Biskopane kan knyta til seg Fagråd som grunnlag for arbeidet, men dette fungerer berre hjå eit fåtal biskopar i dag. Det finst heller ikkje retningsliner for kompetansekrava til slike fagråd. Biskopane kan også søka råd hjå sentralt tilsette hjå Ra og Kyrkjerådet, men saksmengda er så stor og tidkrevjande at dette ikkje kan fungera som den normale ordninga. Også i kyrkja si kulturmelding vert dette med kompetanse på kyrkjeleg side teke opp:

*Kirken, både gjennom fellesråd/menigheter og sentrale organer, og Riksantikvaren trenger å stå i en dialog om balansepunktet mellom bevaring og bruk av kirkene. På kirkelig hold mangler i dag den nødvendige kompetansen til å gå inn i en slik dialog.*¹⁰⁵

Eit tilleggsproblem i denne samanhengen er at ein har røynsle med at mange endringar vert utførte i kyrkjene utan godkjenning frå biskopen.¹⁰⁶ Her er eit *opplysningsarbeid andsynes kyrkjelydane* viktig. Det er til dømes ei vanleg misforståing at berre fast utstyr og berre nytt utstyr treng godkjenning.

Vern gjennom vedlikehald, konservering og restaurering

Det å ta vare på eldre kulturminne og nyare kunstgjenstandar stiller krav ikkje berre til bruk/lagring, men også til eit forsvarleg vedlikehald og i fleire tilfelle restaurering eller konservering. Med omsyn til dagleg vedlikehald, til dømes i omgang med rituelle kar og parament, vert dette forsøkt styrkt gjennom kyrkjetenarskulen og gjennom ulike publikasjonar. Ein ser likevel i praksis at variasjonane er store etter i kva grad kyrkjetenaren og andre har eit personleg engasjement i at kyrkja sitt utstyr vert teke vare på. I dei tilfella der gjenstandar treng profesjonelt arbeid frå konservatorar og andre fagfolk, vil dette kunna innebera store økonomiske utlegg. Ei løysing på dette problemområdet krev meir omfattande gjennomgang.

Impulsar til ein vernestrategi

Innspel til ein vernestrategi bygt på kyrkjeleg grunnlag vil kunna henta impulsar internasjonalt. Her vert arbeidet i Tyskland trekt fram som eit døme. Tilsvarande materiale vil truleg finnast også frå andre europeiske land. Dei tyske kyrkjene, både den katolske og den lutherske, arbeider med spørsmålet. Her finst til dømes to parallelle former for inventarisering. Den eine er eit statleg føretak der dei kyrkjene som er vurderte som særleg viktige kulturminne vert registrerte. Samstundes står Kyrkja sjølv for registrering av kyrkjene, dette siste arbeidet fungerer ulikt og er ulikt langt komme i ulike delstatar.

I februar 1991 vart det halde ein katolsk fagkonferanse i emnet i Bensberg.¹⁰⁷

Innleiingsforedraget vart halde av biskop *Karl Kardinal Lehmann*, under tittelen "Geschichte zwischen Bauen und Bewahren – vom Geist kirchlicher Denkmalpflege".¹⁰⁸ Lehmann gjev, med sin bakgrunn i filosofi og teologi, solid argumentasjon for bevaringssynspunktet, og det er verd å ta med ein del av hans synspunkt i parafrasert form:

Tradisjonen kan endra oss og gjera oss rikare ved å bidra til eiga identitetsfinning, men alltid ut frå det utgangspunktet vi møter tradisjonen med (s. 7).

Det å vera open for noko anna (gammalt eller nytt) er å ta sjansen på at dette kan endra meg. Det å lata tradisjonen gjelda er altså ikkje kritikklaut. Det gamle vert provosert gjennom det

¹⁰⁵ Kulturmeldinga, s. 139.

¹⁰⁶ Kulturmeldinga, s. 139.

¹⁰⁷ *Inventarisaton von Denkmälern.*

¹⁰⁸ *Inventarisaton von Denkmälern, s. 7 – 17.*

nye, det nye vert formidla gjennom det gamle. Alle erfaringar er ein slik konfrontasjon. Det nye er berre verkeleg nytt og overtydande dersom det kan slå gjennom noko (s. 7).

I møtet mellom det gamle og det nye skjer den samtalen som heiter historie. Men samtalen med det som er forbi kan verta forvrent eller komma ut av sporet. Dette kan skje når ein sivilisasjon er så overtydd om framsteg på eitt eller anna felt at ein får eit asymmetrisk forhold til det som er forbi. Det nye set seg då for lett gjennom, utan motstand frå det som var. Det står då i fare for igjen raskt å bli overkøyr av det nyaste. Det gamle må ha gode advokatar for å vera med i samtalen. Det gamle må relativisera det nye og det nye må innrømme det gamle ein rett. Rein aktualitet er eit sjølvbedrag, er historielaus historie. Det nye vert i ein slik samanheng fort gammalt (s. 8).

Eit kulturminne er pr definisjon noko som ikkje er bestemt ut frå aktualitet, men som har trossa tidsstraumen og det forgjengelege. Ikkje berre gjennom trassig eigenvekt, men gjennom sin betydning (s. 8).

Det er historiske skattar som står fram som bevaringsverdige. Tre klassiske årsaker til at noko er bevaringsverdig: Vitskaplege, kunstnarlege og heimstadshistoriske (s. 9).

Korleis skal mennesket i spenninga mellom det å byggja og det å bevare handsama kulturminne? Bygging sikrar eit 'vere' og er med det også bevaring. Ein bygning bevarar mot kvileløyse, mot vind og vær ... I det ein byggjer tek ein bustad (s. 9).

Grense: Babels tårn. Mennesket må byggja under gitte føresetnader, i samsvar med naturen. Mennesket er aldri berre byggjande, det må samstundes verna og pleia, bevare og skåna. ... Slik bevaring og skåning framskaffar likevel ikkje romantisk villvekst, men ber i seg rydding, opprotting av landet, og temming av ville dyr (s. 10).

Men sjølv om bygging og bevaring er to sider av same sak, ligg det også ein polaritet i dette ordparet. Det kan difor verta naudsynt å avvise ekstrem vektlegging på eitt av orda. ... Kulturminnevern har vilje til reform, men ikkje attende til eit null-punkt. Bevaring av eit normativt grunnriss. Heller ikkje mot alt nytt, men meir om fornuftig kontroll av utviklinga. Kulturminne i bruk er ikkje identisk med museumsgods (s. 11).

Dette gjeld på ein særleg måte for bygningar. Bevaring krev vanlegvis bruk. Likevel kan ein finna døme på at bygningar som er tekne ut av bruk, som mange kyrkjer og kloster under opplysningstida, og under kommunismen, er vortne tekne i bruk att etter samfunnsendingar og uventa religiøse rørsler. Føresetnad for nybruk er at bygningane fekk stå. Også underkjende stilepokar (som nygotikken) kan ha bruk for vern i periodar (s. 12).

Kulturminnevernet kan utsetja mykje, men kan det i lengre tid handla mot straumen og den offentlege meininga? Ofte står kulturminnevernet åleine i striden mot den offentlege meininga i tida – utan støtte frå det politiske livet. Dersom ein oppgjev vernet av eit kulturminne, er det borte for all tid. Kopiar kan aldri erstatta originalen. Kulturminnevernet fungerer ofte som framtidens advokat. ... Vernaren må hoppa over eigen skugge og ikkje lata seg forføra av sin eigen smak.

Kulturminnevernet treng langsam pust, og er forplikta på den heilage gagnløysa ved sann kunst. Kulturminnevern og kyrkje høyrer også historisk nær saman. Medan det statlege kulturminnevernet er relativt nytt, har kyrkja gått føre (s. 13). Når kyrkjer har vorte for små har ein laga tilbygg, eller bygt ei ny på dei gamle ruinene. Mange kyrkjer er bygde opp att etter omfattande øydeleggingar (s. 14).

Kyrkjer endrar seg, dei er berre levande når dei vert trekte inn i det aktuelle liturgiske livet. Men det lurar ein fare på den andre sida: nemleg ein mange gonger sorglaus tilpassing til samtidige behov, innordning under kortvarige trendar. Når ein ikkje er seg dette bevisst, kan det føra til store skader. Her er det nødvendig med eit kulturminnevern som kan gripa inn. Det er naturleg at interessene hjå kyrkje og vern stundom fører til konflikt. Døme på dette er dei såkalla "Volksaltäre", om forskjiljet har nokon funksjon, om meininga med altarringen. Det er ikkje alltid nødvendig å fjerna noko fordi om det ikkje lengre har ein funksjon.

Dokumenta frå Konsilet har tilrådd ein klok balanse mellom det gamle og det nye, stort sett til og med heller ein "bewarende Empfehlung". Men diverre viser ein gjerne til konsilets "Ånd" utan å kjenna bokstaven (s. 15).

Den gode konservator vil hjelpa kyrkjelyden til å kunna realisera sine ynskje utan at det historiske og kulturminnene må lida for dette.

Både det statlege og det kyrkjelege kulturminnevernet får ein del problem som følgje av at mange av dei etterkonsiliære råda og gruppene som er oppnemnde har meir makt enn kunnskap. Mot dette hjelper berre opplysning og kompetansebevaring/oppbygging. Her er presteutdanninga eit stebarn.

Samstundes er det utenkjeleg at den store samfunnsomveltinga som skjer i vår tid ikkje skulle merkast i kyrkjene. Kyrkja må ikkje underkasta seg ideologiske diktat ut frå motestyrt tendensar, enten desse er innafør det kyrkjelege eller det kulturminnevernande området.

Historiske rekonstruksjonar av kyrkjer kan gje meining, meir i kyrkja enn i museumssamanheng. Men det kan ikkje vera noko mål å laga rekonstruksjonar av barokkaltar i alle kyrkjer. Torsoen har og sin funksjon, som medvite fragment, påminning og vitnemål. Ein viss strid vil liggja i korta mellom kyrkjeleg og statleg kulturminnevern, dette av di målsetjinga er ulik. Mennesket kan ikkje fri seg frå grunnspenninga mellom å byggja og å bevare, balansen mellom kyrkje og kulturminne kan heller ikkje avskrivast. Men likevel er det meir fellesinteresse enn skilje. Felles ansvar og felles medvit om historieløysa, felles kamp mot øydelegging av miljøet, "Wo aber Gefahr ist, wächst das Rettende auch" (s. 17).

Fleire av foredraga i referatet er interessante. Det gjeld t.d. foredraget til Wolfram Lübbecke: "Die staatliche Inventarisierung in den deutschen Ländern" (Statleg inventarisering i dei tyske lændene/delstatane). Vidare har *Peter B. Steiner* interessante tankar om "Begründung und Zielsetzung kirchlicher Inventarisierung" (Grunngjeving og målsetting for kyrkjeleg inventarisering). Tankane hans byggjer på det Romerske rundskrivet frå Kleruskongregasjonen frå 11.04.1971 der det heiter at kvar "bischöflichen Ordinariates" har plikt til å sjå til at kyrkjeforvaltinga ved hjelp av fagfolk lagar ei inventarisering av kultbygningar og alle gjenstandar av historisk og kunstnarleg verdi. Han peikar på at det med denne forordninga ikkje følgjer grunngjeving, og vil i sin artikkel bidra til ei slik, med mål å få fleire til å realisera forordninga.¹⁰⁹ Av hans innspel finn eg det vert å ta med følgjande:

"Wie kann man Rechenschaft leisten, ohne ein fachrechtes Inventar aller Kunstgegenstände in kirchlichem Eigentum, ganz gleich ob sie sich im Pfarrhof, in der Kirche oder auf dem Dachboden befinden, ob sie beim Kirchenverwalter abgestellt oder an das Heimatmuseum ausgeliehen sind." (s. 67)

(Korleis kan ein halda rekneskap, utan eit fagleg oversyn over alle kunstgjenstandar som er i kyrkja si eige, om dei no finst i prestegarden, i kyrkja eller på loftet, om dei er sette vekk av kyrkjetenaren, eller er utlånte til lokalmuseet.)

Aber die Gebäude, die Gegenstände der Kirche, die geschichtlichen und künstlerischen Wert haben, müssen nicht nur ihres materiellen Wertes wenigen sorgfältig aufgezeichnet und bewahrt werden, sondern vor allem als Zeugnisse der Geschichte der Kirche. (s. 68)

(Men bygningane og kyrkja sine gjenstandar som har historisk og kunstnareleg verdi, må ikkje berre nedteiknast nøyaktig og takast vare på utfrå materiell verdi, men framfor alt som vitnemål om kyrkjas historie).

Historia høyrer til kjernen i trua. Kristendommens Gud har gått inn i saga den gongen Kvirinius var landshovding i Syria. Ved kvar gudsteneste vedkjenner kyrkjelyden trua på ei framtid med Gud. Slik er den historiske dimensjonen viktigare i kristendommen enn i mange andre religionar. Gjennom 2000 år har kyrkja tenkt og skrive om si forståing av dette sentrale

¹⁰⁹ *Inventarisierung von Denkmälern*, s. 66.

i religionen, og denne saga er kyrkja sin arv. Gud har gitt seg over i det menneskelege, virkar og vil virka gjennom menneska. Frelsa vert i kristendommen realisert i historia. For den kristne er historia frelseshistorie, den kristne står i ein samanheng og kan ikkje brått ta til på nytt med Jesus. Det er tendensar til eit slikt forsøk i det andre vaticankonsilet. Men samstundes forsøk på å halda fast tråden, mellom anna med forordninga om *”Sorge für das geschichtliche und künstlerische Erbe”* (Omsut for den historiske og kunstnarlege arven). Den inventariseringa som vert utført i kyrkjene gjev vitnemål om kyrkjas identitet. Kvar feiring av liturgien viser ut over seg sjølv både i rom og tid.

Denne samanhengen kjem til syne gjennom dei historiske vitnemåla i kyrkja, gjennom 500 år gamle kyrkjedører, gjennom 200 år gamle messehaklar, gjennom den 300 år gamle kalken, måleri av læresveinane og gjennom kyrkjegarden rundt kyrkja. Difor står det også i det omtalte rundskrivet at dei gamle kyrkjelege kunstverka må bevarast, ikkje først og frems som formue, men i første line fordi dei tener det liturgiske livet og hjelper folket til aktiv deltaking.

Wie könnte ich Gläubigen, Kindern, Andersgläubigen etwas von Heilsgeschichte erzählen, wenn ich die Zeugnisse der Geschichte vernachlässige, beiseite räume oder zerstören lasse? (Korleis kunne eg fortelja truande, born og anderleis truande noko om frelseshistoria dersom eg kvittar meg med vitnemåla frå historia, set dei tilsides eller øydelegg dei?)

Korleis kan ein synleggjera tanken om ei heilag feiring og eit heilagt fellesskap om ikkje gjennom dei gamle bileta, kara og høgtidlege romma? (s.68f)

På evangelisk side il Tyskland er det publisert ei handbok for inventarisering der det også kjem fram ein del prinsipielle haldningar til korleis kyrkja kan og skal stilla seg til det eldre inventaret.¹¹⁰ Nemast skal også *Stiftung KIBA – Stiftung zur Bewahrung kirchlicher Baudenkmäler in Deutschland*.

4.5 Dokumentasjon

Til alle tider har menneske laga lister over eigedommane sine, slike lister er mellom dei eldste bevarte skriftlege kjelder som finst, det finst endå undersøkingar som tydar på at skriftera nettopp oppsto til denne bruken.¹¹¹

Også hjå oss er inventarlistar frå kyrkjene dokument som kan førast langt attende, nokre få til tidleg 1300-tal. Slik dokumentasjon kan vera meir eller mindre omfattande. Inventarlistene frå 16- og tidleg 1700-tal er så knappe som det går an, det står ofte berre opplyst om det til dømes finst to eller fleire lysestakar i ei kyrkje. Men det kan også vera oppgitt om dei er omstøpte, om dei har to armar, materialet, gjevaren og anna, opplysningar som kan vera med å tidfesta, opphavsfesta og vurdera gjenstandar.

I periodar der det generelt vert lagt opp til endringar i kyrkjeinteriøra, slik som ved ei gudstenestereform, er dokumentasjon av tilstanden før omgjeringa særleg viktig. Yates understrekar også kor sentralt dokumentasjon av kyrkjene er for å kunna gjera eit kvalifisert utval av verneverdige kyrkjer.¹¹² Etter impulsar frå Den liturgiske rørsle og det andre vaticankonsilet har det alt skjedd store endringar av mange norske kyrkjer, og truleg vil dette halda fram på ulike vis. Inventarisering av kyrkjene er i tillegg viktig med tanke på brand, tjuveri og anna skadeverk, tvil om eigedomsrett med vidare.

Men dokumentasjonen tener ikkje berre den materielle omsuta for eigedomen som forsikring, tjuverisikring og liknande. Vel så viktig kan det vera at god dokumentasjon vil gje auka

¹¹⁰ *Werkzeuge des Glaubens : Handbuch der Inventarisierung in den evangelischen Landeskirchen Deutschlands*. 2004.

¹¹¹ Steiner 1991.

¹¹² Yates 2008, s. 164.

forståing for eigedommen. Ein fagleg dokumentasjon vil ikkje berre gje oversyn over dei ulike eignelutane, men også plassera dei i tid og rom, og gjera greie for korleis gjenstandane/romma har vore brukte og kva slags meiningsinnhald som ligg i dei. Berre slik kan ein gje eldre bygningar, rom og gjenstandar ein pregnant funksjon i ei ny tid, berre slik kan dei gamle gjenstandane vera med å utvida forståinga for kyrkja sin veg gjennom historia. Her kan ein parallell trekkast til kyrkjemusikken. Eldre verk får si meining gjennom bruk og auka kunnskap, og kan gje viktige opplevingar for dei som brukar kyrkja.

Ein dokumentasjon bør såleis ikkje berre bera i seg verbal beskriving, metrisk og visuell dokumentasjon som foto og oppmåling, men så langt som råd er også seia noko om plassering og bruk og gjera greie for ikonografien for kvar einskild gjenstand. Dette vil liggja nær kyrkja sitt eige interessefelt, noko som er med på å understreka det kyrkjelege aspektet i dokumentasjonsarbeidet.

For å understreka verdien av kyrkjedokumentasjonene tok NIKU initiativ til eit seminar om Norges Kirker som vart halde 21. november 1996 med deltakarar frå Ra, UiO, arkivverket, NIKU, Økokrim og Kyrkjedepartementet.¹¹³ Som følgje av seminaret vart det sett ned eit arbeidsutval under leiing av tidlegare ekspedisjonssjef i Kyrkjedepartementet, Ole Hermann Fisknes. Utvalet leverte si innstilling til Miljøverndepartementet 6. april 1998. Denne innstillinga tek opp fleire av dei spørsmåla som reiser seg i samband med eit fagleg dokumentasjonsarbeid. **Stortinget** slo fast at det kunne takast midlar frå Opplysningsvesenets fond til eit slikt arbeid. Innstillinga har til no ikkje vorte følgd opp, dette skuldast dels manglande avkasting frå fondet, dels manglande samordning mellom dei to involverte departementa.

Kyrkjedepartementet har likevel sett det ansvaret det har for dokumentasjon, noko som viser seg ved løyvingar til dokumentasjonsarbeid i KAs kyrkjebyggdatabase og ei ekstraløyving til arbeidet med Norges Kirker.

Kulturminnevernet ved Ra vil primært ha ei interesse for dei kyrkjebygningane som er freda, med interiør og inventar. Dei skal også uttala seg om verna og listeførte kyrkjer, sjølv om avgjerdsmyndet her ligg hjå biskopane. Kulturminnevernet vil visa størst omsorg for sjølv bygningane, interiøret og dei faste inventardelane, medan lause eignelutar som rituelle kar og parament meir vert sett som eit indrekyrkjeleg ansvar. Vidare er det ein del kyrkjer som ikkje er listeførte, og desse er også utafør kulturminnevernet sitt område.

Kyrkja har på ein annan måte ansvar for heile eigedommen, og for at denne, med bygningar og utstyr, til ei kvar tid tener det gudstenestlege livet i kyrkjelydane på ein sakssvarande måte. Som nemnt har kyrkja gjennom biskopane utstrekt sjølvråderett over den kyrkjelege eigedommen, og dersom denne skal utøvast med skjønn, både når det gjeld bevaring og bruk, nyskaffing og avhending, er eit godt oversyn ein føresetnad.

Kyrkjebyggdatabasen (KA)

Kirkens arbeidsgiver- og interesseorganisasjon – KA gjennomfører gjennom oppbygginga av kyrkjedatabasen eit dokumentasjonsarbeid som vil vera av stor verdi, ikkje minst av di det i prinsippet kan gjennomførast raskt og omfattar alle kyrkjer. I samband med termofotografering av det elektriske anlegget vart det teke fotoopptak i kvar kyrkje. I tillegg er kyrkjeveverjene bedne om å fylla ut opplysningar om bygning og gjenstandar i databasen. Det varierer sterkt kor nøyaktig og omfattande denne utfyllinga har vore til no. Kvaliteten på opplysningane vil også vera variabel etter som ein her ikkje kan rekna med at den nødvendige kunstfaglege kompetansen er tilstades. Men som ei førstehjelp, og som grunnlag for forsikring av eigedommen, vil databasen vera verdfull. Arbeidet med Kyrkjebyggdatabasen er finansisert av Kyrkjedepartementet.

¹¹³ Fikkan 1996.

Norges Kirker (NIKU)

Eit omfattande dokumentasjonsverk, *Norges Kirker*, vart sett i verk i 1950 etter initiativ frå Riksantikvaren. Dette prosjektet var ei oppfølging av dei store inventariseringsverka som oppstod i Europa kring 1900, og som i 1912 fekk sitt nedslag i Sverige med *Sveriges Kyrkor*, og i 1933 i Danmark med *Danmarks Kirker*. *Norges Kirker* har gjennom 60 år hatt varierende arbeidsstyrke under skiftande organisatorisk plassering og finansiering. No er arbeidet plassert i NIKU med ei støtte på 800 000 årleg frå Kyrkjedepartementet (FAD). I tildelingsbrev til Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) understrekar departementet "viktigheten av at forsknings- og dokumentasjonsarbeidet med tilknytning til det tidlige bokprosjektet "Norges kirker" videreføres".¹¹⁴ Det er også mogeleg på sikt å gje ut stoffet i bokform om det skulle vera ynskjeleg. Fram til no er alle tidlegare publiserte bøker scanna og lagt ut på nettstaden www.norgeskirker.no I tillegg er kyrkjene i Valdres, Oppland og Hardanger og Voss, Hordaland, lagde ut. I 2010 vert ei samankopling av nettstaden og KAs database drøfta. Drøftingane er til no ikkje slutførte.

Askeladden

Askeladden er Ra's kulturminnedatabase og har eit kortfatta oversyn over kyrkjene og andre kulturminne. Kyrkjedokumentasjonen byggjer dels på arkivmaterialet i Antikvarisk Arkiv, dels på arbeid utført av Norges Kirker, dels på andre kjelder.

Ny giv for kyrkjeleg dokumentasjon

Som nemnt vart det kring 1900 sett i gang *store inventariseringsverk* over heile Europa. Nokre tok for seg viktige kulturminne generelt, slott, borger og kyrkjer, medan andre konsentrerte seg om ei gruppe kulturminne, som kyrkjer. Ein del av desse arbeida har stoppa opp, og andre held seg framleis.

Med datateknologiens framvekst såg ein effektiviteten av å systematisera opplysningar i *skjema og listeform*, og ulike former for slike lister vart sette i verk i mange land.¹¹⁵

Frå slutten av 1900-talet har ein, truleg med bakgrunn i Den liturgiske reforma, fått trong til å *styrkja dokumentasjonsarbeidet på kyrkjeleg grunn*. Reinhard Gratz peikar såleis på korleis liturgireforma på 60- og 70-talet førte til mykje øydelegging, og korleis ein i ettertid fleire stader har angra på det som vart gjort og forsøkt å rekonstruera den tidlegare situasjonen.¹¹⁶

Alt i 1971 sende "die päpstliche Kongregation für den Klerus" (den pavelege kongregasjonen for presteskapat) ut eit rundskriv om ansvarsfull omgang med kyrkjelege kunsteigedom, og bad om at arbeidet med inventarisering måtte forserast. Det vart der også lagt vekt på kvaliteten av inventariseringa, "ausdrücklich sollen 'Fachleute' mit dieser Aufgabe betraut werden" (Ein understrekar at denne oppgåva må overlatast til fagfolk).¹¹⁷ For å leggja enno meir vekt på arbeidet grunnla pave Johannes Paul II i 1989 "die Päpstliche Kommission für die Erhaltung des künstlerischen und geschichtlichen Bestandes der Kirche" (den pavelege kommisjonen for bevaring av kyrkjens kunstnarlege og historiske eigedom), som under leiing av erkebiskop Marchisano i 1999 sende ut rundskrivet "Notwendigkeit und Dringlichkeit der Inventarisierung und Katalogisierung von Kulturgütern der Kirche" (Behov og tvingande nødvendighet av inventarisering og katalogisering av kyrkja sitt kulturgods).¹¹⁸ Dei tyske bispedømme i Den katolske kyrkja fekk frå 1995 ein *Arbeitskreis für die Inventarisierung des kirchlichen Kunstgutes in den deutschen (Erz-)Bistümern* (Arbeidskrins for inventarisering av den kyrkjelege kultureigdommen i dei tyske (erke-)bispedømme), med årlege fagseminar

¹¹⁴ Det kgl. Kultur- og kirkedepartement, brev dagsett 15.10.2007.

¹¹⁵ Sjå oversyn i *Acte du Colloque sur les Inventaires des Biens Culturels en Europe*, 1984.

¹¹⁶ Gratz, u.å.

¹¹⁷ Referert etter Gratz, s. 496.

¹¹⁸ Referert etter Gratz, s. 496.

som også er opne for folk frå andre land.¹¹⁹ Den evangeliske kyrkja i Tyskland (EKD) driv også eit eige inventariseringsprogram.

5 Konklusjonar og framlegg til tiltak

5.1 Konklusjonar

Konklusjonar av Gudstenestereforma for kyrkjens kulturminnevern

Stikkorda som Kyrkjerådet gav for reformarbeidet, 'involvering', 'fleksibilitet' og 'stedegenhet', er kjerneord i reformrørsla, og det er ingen tvil om at ein ei slik føring ynskter ei reform i tråd med den generelle utviklinga i kjølvatnet av det andre Vatikankonsilet.

Sjølve reformtekstane inneheld ein del føringar som har direkte konsekvensar for kyrkjearkitektur og inventaret i kyrkja, men dette har, med unntak av *altaret*, ikkje fått sterk vekt i tekstane. Også når det gjeld altaret, som både i den katolske og den evangeliske kyrkja har vore sentrum i striden etter det andre Vatikankonsilet, er det likevel doble signal i reformtekstane, i det det på den eine sida vert lagt opp til at det i alle kyrkjer skal vera eit frittstående altar med høve til å forretta *versus populum*, medan det på den andre sida vert overlevert til kvar einskild kyrkjelyd å ta avgjerd i saka.

Dei same mekanismene vil her, som ved konsilet, truleg gjera seg gjeldande. Tekstane som vert liggjande som grunnlag er komne fram som eit kompromis mellom ulike tilnærmingar, og tolkinga av dei vil alltid verta trekt i den retninga ein ynskjer å gå.

Slik vil konsekvensane av Gudstenestereforma dels vera avhengig av dei føringane som ligg i dei tekstane som vert vedtekne, men desse fører ikkje nødvendigvis til store endringar i kyrkjene, sjølv om dei opnar for det.

Dels vil konsekvensane vera avhengig av dei drivkreftene som førte til reforma og som framleis vil virka i den daglege implementeringa av reforma. Reforma vil derfor verta forstått og implementert i ulik grad frå bispedømme til bispedømme, frå prosti til prosti og i ulike miljø, noko som kanskje også ligg i retningsslina om "stedegenhet".

Konsekvensane av reforma for vernet av kyrkjene kan såleis bli svært ulike på ulike stader, alt etter kva for formelle og uformelle drivkrefter som får virka.

Konklusjonane kan stikkordsvis formulerast i følgjande punkt:

- Reformtekstane har ingen tvungne endringspåbod.
- Tekstane legg press mot gjennomføring av frittstående altar.
- Reforma oppmuntrar til å halda fram med gjennomføringa av omstrukturering av kyrkjeromma i same retning som Kyrkjekonsulentene og andre har arbeidd for dei siste tiåra.
- Det er internasjonalt sterke motreaksjonar mot reformrørsla. Også i Noreg er det oppført nye kyrkjer som går i ein annan retning enn reforma. Polarisering fremjar slagordprega argumentasjon. Det er uvisst korleis utviklinga vil gå framover.

Konklusjonar i rapporten

Gudstenestereforma byggjer på utviklinga som har liner over hundre år attende til Den liturgiske rørsla. Tankane frå denne rørsla fekk store konsekvensar både for den Romerskkatolske kyrkja og i eit større, økumenisk perspektiv. I Noreg og i fleire land vart det gjennomført liturgireformer i kjølvatnet av Vatikan-konsilet på 70- og 80-talet, og det er ei vidareføring av tankar frå den norske reforma som ligg i Gudstenestereforma som skal handsamast på Kyrkjemøtet hausten 2010.

¹¹⁹ Gratz, s. 496.

Ein del av dei sidene som vert vektlagde i reforma er kontroversielle og det er ikkje ei samstemt kyrkje som står bak. Gjennomgang av litteratur frå ulike kontekstar viser korleis ein utover i den verdsvide kyrkja, og også i Noreg, har sett at arkitektar, teologar og andre, har stilt spørsmål om ein i desse reformene er i ferd med å gje avkall på sentrale religiøse og kulturelle verdiar som er knytte til tidlegare liturgi-, kunst- og arkitekturformer. Det er peikt på korleis Den norske kyrkja har eit ansvar i fleire retningar for å verna dei verdiane som er representerte ved kyrkja sine bygningar, interiør og inventar, både dei materielle og dei immaterielle verdiane.

5.2 Tiltak

Styrking av den kyrkjelege forvaltninga

Med grunnlag i det lovverket som no ligg føre, har biskopen stort forvaltingsmynde. Tidlegare hadde biskopen *stiftsdireksjonen* å stø seg til i forvaltningssakene. No er det ikkje noko formelt krav til kunst- / kulturminnefagleg kompetanse ved bispekontora. Skal biskopane sitt store forvaltingsansvar takast på alvor, må dette problemet løysast. I Sverige har ein løyst det ved å tilsetja ein Stiftsantikvarie i kvart bispedømme. I Noreg er det til no gjort forsøk med oppretting av frivillige Fagråd for kyrkjekunst knytte til kvar biskop. Dette fungerer berre ved ein skilde bispekontor. Det vil i tillegg vera viktig å gjera ein gjennomgang av forvaltingsapparatet innafor kyrkja, der rollane til ulike kyrkjelege instansar vert klargjorde.

Styrking av dokumentasjonsarbeidet

Inventarisering av kyrkjene er viktig med tanke på brand, tjuveri og anna skadeverk, tvil om eigedomsrett med vidare, men i tillegg har det ein eigen, grunnleggjande kyrkjeleg verdi. Kyrkjebyggdatabase (KA), Norges Kirker (NIKU) og Askeladden (Ra) er dokumentasjonsarbeid som no vert utført på nasjonalt plan. I tillegg vert det lagt ned eit stort arbeid lokalt i samband med jubileumsskriv og liknande.

I ein situasjon der det etter Gudstenestereforma venteleg framleis vil skje omstrukturering av fleire kyrkjerom, er det i særleg grad viktig å dokumentera bygningane med innbu slik dei er før eventuell omordning.

Dokumentasjonsarbeidet av kyrkjene bør gjelda alle kyrkjer, og vera så omfattande at det også kan gå inn på den bruken og betydninga dei ulike gjenstandar og innretningar har hatt i si tid, kvifor dei er som dei er, og kvifor dei er der dei er, for å gje kyrkjelyden og kyrkja som samfunnsaktør eit breitt grunnlag til å forstå kyrkja sin plass i samfunnet i fortid og notid. Det dokumentasjonsarbeidet som no vert gjennomført er dels for knapt og tilfeldig, dels går det for seint og for lite i djupna. Eit viktig tiltak vil vera å styrka dokumentasjonen av kyrkjene, kanskje ved eit samarbeid mellom Kyrkjedepartementet og Miljøverndepartementet. Seminaret som vart arrangert av NIKU i 1996 og påfølgjande innstilling kan ev vera ein del av grunnlaget for ein fornya gjennomgang av norsk kyrkjedokumentasjon.

Utarbeiding av ein kyrkjeleg verneideologi

Det har, frå Den norske kyrkja si side, generelt vore for lite fokus på den omfattande eigedommen kyrkjene har i kyrkjebygningane med innhald. Dette gjeld både den materielle verdien og den kunstnarlege og kyrkjehistoriske verdien som kan gje tolkingsnøklar til kyrkja sin funksjon og eksistens, og som kan formidla sider ved trua på ein særleg måte. Ved å sjå på det som er gjort av denne typen arbeid i andre land og dels i andre kyrkjesamfunn, kan det vera råd å arbeida fram eit kyrkjeleg grunnlag for haldning og handsaming av kyrkjelege kulturminne. Som eit døme er det i rapporten teke med delar av ein gjennomgang av emnet av den tyske Karl Kardinal Lehmann. Dette kan utformast som ei kyrkjeleg *Kulturminnemelding*. Kyrkja har alt gitt ut ei kyrkjeleg Kulturmelding, *Kunsten å være kirke*. Det som er nedfelt om kulturmiljøvernet i Kulturmeldinga er sentralt og peikar på ei rekke viktige poeng. Det er likevel ikkje gått grundig nok til verks, og mellom alle gode intensjonar som elles dominerer meldinga, vil desse einskildutsegnene lett forsvinna.

Inkludera verneideologi i kyrkja sine grunnleggjande dokument

Ein slik verneideologi må også liggja innbakt i kyrkja sine generelle dokument som vedrører området. Av avgjerande betydning vert det å inkludera omsynet til kyrkja sin kulturarv i utforming av dei nye generalrubrikkane i Gudstenestebok for Den norske kyrkja. Sjølv om det i Gudstenestereforma vert lagt vekt på "stedegenhet" og rom for lokal fridom og fleksibilitet, bør det liggja til grunn ein sentral vilje til bevaring av verdier i kyrkjene og til ei fornuftig styring i retning av vakre og verdige kyrkjerom.

Kjelder

- Acte du Colloque sur les Inventaires des Biens Culturels en Europe*, 1984
- Adriani, G., *Der mittelalterliche Predigtort und seine Ausgestaltung*, Tübingen 1966
- Andrén, O. og P. Beskow (omsetting og kommentar), *De apostoliska fäderna*, Malmø 2006
- Bibelen*, Det norske Bibelselskap 1978, Oslo 1992
- Cox, J. C., *Pulpits, Lecterns & Organs in English Churches*, Oxford 1915, s 2
- Doorly, Moyra, *No Place for God : the Denial of the Transcendent in Modern Church Architecture*, San Francisco, USA, 2007
- Egeria, *Resebrev frå det heliga landet*, ca 380. Omsett frå latin til svensk av Christina Sandquist Öberg, Historisk innleiing og kommentar ved Per Beskow, Malmö 2007
- Fikkan, A., "Rapport fra seminar om Norges kirker", NIKUs Oppdragsmelding nr 028, Oslo 1996
- Gervin, K., *Har kirken mistet sin hukommelse*, utan stad, 2010
- Graz, Reinhard, "Inventarisierung als Voraussetzung für die Erhaltung kirchlicher Kunst : Allgemeine Bemerkungen über den Nutzen der Inventarisierung", www.kirchen.net/upload/17120_r_gratz.pdf
- Gudstenestebok for Den norske kyrkja*, Oslo 1996. ("Ved kongelege resolusjonar 1977-1990 og etter vedtak i Kyrkjemøtet 1986-1991 er denne boka godkjend til bruk i Den norske kyrkja")
- Inge, John, *A Christian Theology of Place*, Hampshire (UK) 2003
- Inventarisierung von Denkmälern und Kunstgütern als kirchliche Aufgabe*. Dokumentation einer Fachtagung 1991 in Bensberg, De. Herausgeber: Sekretariat der deutschen Bishopskonferenz, Bonn
- KN, *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*, 2. opplag, Viborg 1980
- Kroesen, Justin og Regenerus Steensma, *The Interior of the Medieval Village Church – Het Middeleeuwse Dorpskerkinterieur*. Louvain / Paris / Dudley, MA 2004
- Kulturmeldinga*, Norske kirkeakademier, *Kunsten å være kirke : om kirke, kunst og kultur*, Oslo 2005
- Kulturmiljøvård 3-4/96*, Riksantikvarieämbetet, Stockholm 1996
- Kyrjekonsulentent, Infoblad 1 - 1994 om nytt liv under galleriet
- Kyrjekonsulentent, Infoblad 1 – 1996 om rom og liturgi
- Kyrjekonsulentent, Infoblad 1 – 1999 om "Landskapet i kirkerommet"
- Langel, M., "Tauforte im Kirchenraum : Bedeutung und Gestaltung im Wandel der Zeit", I *das münster* 3/2009
- Lehmann, K., "Bauen – Bewahren – Verkünden : Denkmalpflege und Kirche" i *das münster* 3/2006
- Lehmann, K., "Geschichte zwischen Bauen und Bewahren – vom Geist kirchlicher Denkmalpflege", i *Inventarisierung von Denkmälern und Kunstgütern als kirchliche Aufgabe*, Bonn 1991
- Melcher, R., *Die mittelalterlichen Kanzeln der Toskana*, Worms 2000, s. 175
- Ministere de la Culture, *Acte du Colloque sur les Inventaires des Biens Culturels en Europe*, Paris 1984
- Norsk Missale*, Freiburg/Brsg. 1982
- Panofsky, E., "Abbot Suger of St. Denis" i *Meaning in the Visual Arts*, (USA 1955), GB 1987, s. 139-180
- Panofsky, E., *Gothic Architecture and Scolasticism*, Saint Vincent Archabbey 1951, 12. utg.
- Panofsky, E.: *Meaning in the visual arts, 'Abbot Suger of St. Denis'*. USA 1955, GB 1987
- Paulsen, G., *Konstens världshistoria, Medeltiden*, © 1969, tredje opplag, Lund 1977
- Poscharsky, P., *Die Kanzel, Erscheinungsformen im Protestantismus bis zum Ende des Barocks*, Gütersloh 1963, s. 15

- Ratzinger, Joseph: *Liturgiens ånd : En innføring*, Oslo 2001. (Omsett til norsk av Gunnar Wicklund-Hansen. Originalens tittel: *Der Geist der Liturgie. Eine Einführung*, Freiburg i. Br. 2000)
- Richter, Klemens: *Kirchenräume und Kirchenträume : Die Bedeutung des Kirchenraums für eine lebendige Gemeinde*, Freiburg im Brsg., Tyskland 1999
- Rose, Michael S., *Ugly as Sin : Why They Changed Our Churches from Sacred Places to Meeting Spaces – and How we Can Change Them Back Again*, Manchester, New Hampshire, USA, 2001
- Steiner, P.B.: "Bergündung und Zielsetzung kirchlicher Inventarisierung" i *Inventarisierung von Denkmälern*, 1991
- Sæter, A.E., *Kirken som bygg og bilde : rom og liturgi mot et tusenårsskifte*, Asker 1990
- Schloeder, Seven J., *Architecture in Communion : Implementing the Second Vatican Council through Liturgy and Architecture*, San Francisco 1998
- Schwartz, Maria, "Berichte über die Planung des Bauens und Gestaltens einer Reihe von Taufstellen in Kirchenbauten von Rudolf Schwartz" i *das münster* 3/2009
- Seasoltz, Kevin, *The House of God : Sacred Art and Church Architecture*, NY 1963
- Seasoltz, Kevin, *A Sence of the Sacred : Theological Foundations of Christian Architecture and Art*, USA 2005
- Seyderhelm, B.: "Inventarisierung – Nutzungsmöglichkeiten für die Verkündigung und Öffentlichkeitsarbeit", i *Werkzeuge des Glaubens ...* s. 119-124
- Solhaug, M.B., *Middelalderens døpefonter I Norge*, Vol I-II, Oslo 2000
- Sövik, Ed., 'Remembrance and Hope' i *Journal on Religion, Art & Architecture*, 2/1997, <http://faithnform.tripod.com/specissu.htm>
- Stauffer, Anita, *On Baptismal Fonts: Ancient and Modern (Alcuin/GROV Liturgical Study 29-30)*, Bramcote, Nottingham 1994
- Tuzik, R. (red.), *Leaders of the Liturgical Movement*, Liturgy Training Publications. Chicago 1990
- Weman, Gunnar, *Nutida gudstjänst och medeltida kyrkorum : Förhållandet mellan det sena 1900-talets liturgireform och det medeltida gudstjänstrummet i Svenska kyrkan*. Skellefteå S 2006
- Werkzeuge des Glaubens : Handbuch der Inventarisierung in den evangelischen Landeskirchen Deutschlands*. Herausgegeben von der Arbeitsgemeinschaft Inventarisierung in der Evangelischen Kirche in Deutschland (EKD), 2004
- Yates, Nigel, *Liturgical Space :Christian Worship and Church Buildings in Western Europe 1500 – 2000*, Hampshire (UK) 2008

"Liturgie IX", Internationale Theologisch-Kunsthistorische Studienwoche, Wort-Orte: Lese-, Verkündigungs- und Gebetsorte im Kirchenraum, 5.-9. september 2005, førelesingsnotatar.

- Peter Poscharsky, Nürnberg. Doktorarbeid om preikestolen i protestantismen, forfattarens referat frå førelesing på Liturgiveka i Münster 2005
- Albert Damblon, 'Kanzel als Ort der Verkündigung und Lesung bis zum 1950' (preikestolen som forkynnings- og lesestad fram til 1950), forfattarens referat frå førelesing på Liturgiveka i Münster i 2005

Sak NFG 22/08, *Gamle kirkerom for ny liturgi: En utredning om det nye liturgiforslagets konsekvenser for kirkerommene*

NIKU publikasjonsliste/Publications

pr. 22. septembert 2010

Fra 2003 avslutter NIKU tidligere serier og etablerer to nye, NIKU Rapport og NIKU Tema. F.o.m. 2001 er samtlige utgivelser tilgjengelig på www.niku.no som pdf-filer.

Kontaktadresse/Publications can be bought from:

NIKU, Postboks 736 Sentrum, N-0105 Oslo

Tlf./Tel.: (+47) 23 35 50 00. Faks/Fax: (+47) 23 35 50 01

E-mail: kirsti.e.sundet@niku.no

Nye serier f.o.m. 2003

NIKU Rapport

- 1 Bergstadens Ziir; Røros kirke. Tilstand og tiltak. *Brønne, J. 2003. 97 s.*
- 2 «Intet forandrer seg så ofte som fortiden». Om krusifiksene i Ringebu stavkirke. *Stein, M., Bronken, I. A., Nyhlén, T., Strandskogen, K. og E. S. Tveit. 2003. 114 s.*
- 3 Den bemalte og forgylte kalvariegruppen fra 1100-tallet i Urnes stavkirke. Konservering 2001-2003. *Frøysaker, T. 2003. 89 s.*
- 4 Samiske Kirkegårder. Registrering av automatisk freda samiske kirkegårder i Nord Troms og Finnmark. *Svestad A. og S. Barlindhaug. 2003. 15 s. **Utsolgt, kun som pdf-fil***
- 5 Alterskapet i Grip stavkirke. Et 1700-talls alterskap fra middelalderen. Konservering 2001-2003. *Olstad, T.M. 2003. 59 s.*
- 6 Hamar Cathedral ruin. Archaeological investigations 1996-1998. *Reed, Stan. 2005. 244 s. **Utsolgt, kun som pdf-fil***
- 7 Samiske urgraver. Statusrapport med forslag til miljøovervåkingsprogram. *Myrvoll, E. R. 2005. 37 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 8 Lysekroner frå Nøstetangen glasverk. Dokumentasjon, vurdering av originalitet, sikring og konservering. *Bjørke, A. 2006. 55 s.*
- 9 Evaluering av digitale dokumentasjonssystemer for arkeologiske utgravninger. *Molaug, P.B., Petersén, A., Risan, T., 2006. 19 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 10 Kulturminneforvaltningens og planarbeidets historie på Røros. "Kulturav og verdiskaping. Økonomiske virkninger av kulturarven på Røros". Arbeidspakke 1. *Andersen, S. og Brønne, J. 2006. 89 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 11 Ikonene i St. Georgs kapell, Neiden, Sør-Varanger kommune. Kontekst, motiver, teknikk og restaurering. *Norsted, T., 2006. 71 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 12 Landskap og historie-GIS. Historisk landskapsanalyse i Vestre Slidre, Oppland. *Guttormsen, T. S., 2007. 43 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 13 Konservering av Peter Reimers' altermalerier i Valle kirke, Lindesnes kommune i Vest-Agder. *Ford, T. O. og Frøysaker T. 2007. 30 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
14. Samiske kirkegårder. Registrering av automatisk freda samiske kirkegårder i Finnmark, Troms og Nordland. *E. R. Myrvoll. 2007. 36 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 15 Kulturav som kapital. En analyse av kulturavskapitalens diversitet på Røros som et grunnlag for tenkning om verdiskaping. Delprosjekt 5 i forskerprosjektet "Verdiskaping Røros". *T. S. Guttormsen, & K. Fageraas. 2007. 105 s + vedl.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 16 Konservering av kirkeskip. Bønsnes kirke, Hole kommune i Buskerud. *Smith, H. 2007. 22 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 17 Kulturhistoriske registreringer. Porsangermoen – Halkavarri skytefelt. *Barlindhaug, S., Risan, T. & Thuestad, A.E. 2007. 127 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)

- 18** Flybåren laserskanning og registrering av kulturminner i skog. Fase 2. *Risbøl, O., Gjertsen, A. K. og K. Skare. 2007. 33 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 19** Kulturminneverdier i by mellom bevaring og byutvikling. Et kunnskapsgrunnlag. *Omland, A., Berg, S. K., Mehren, A. og Eldal, J. C. 2007. 59 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 20** Lokala røster och lokala värden. En studie av Ålgårds kyrkas betydelse för icke-kyrkogångare. *Grahn, W. 2007. 30 s.* (Finnes kun som PDF-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 21** Alterskapet fra senmiddelalderen i Hadsel kirke – et alterskap attribuert til Lekagruppen. Undersøkelser og behandling av alterskapet. Oppmåling av fire skap i Lekagruppen. *Olstad, T. 2008. 83 s.*
- 22** Flybåren laserskanning og registrering av kulturminner i skog. Fase 3. *Risbøl, O., Gjertsen, A.K., og Skare, K. 2008. 43 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 23** Maleriene i Fingalshula, Gravvik i Nærøy. *Norsted, T. 2008. 101 s.* (Finnes kun som Pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 24** Samiske helligsteder. Tradisjon – registrering – forvaltning. *Myrvoll, E. R. 2008. 50 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 25** Krusifikset og madonnaskapet i Hedalen stavkirke. Undersøkelse 2006-2008. *Stein, M. og Andersen, E. 2008. 82 s.*
- 26** Før og etter. Overvåking av tilrettelagte kulturminner. *Myrvoll, E. R. og Thuestad, A. E. 2009. 128 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 27** Interseksjonella konstruksjoner och kulturminnesförvaltning. *Grahn, W. 2009. 60 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 28** Kulturmiljøvurdering i Hammerdalen – Larvik. *Berg, S. K., Hvinden-Haug, L. J. og Larsen, K. C. 2009. 66 s + vedl.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 29** Kulturmiljøbegrepet som teoretisk/analytisk begrep og som praktisk begrep for forvaltningen? *Molaug, P. B., Sollund, M.-L. B., Sæterdal, A. 2009. 41 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 30** Visuell innvirkning på kulturminner og kulturmiljøer. En studie med utgangspunkt i vindparkutbygging på Lista. *Larsen, K. og Jerpåsen, G. 2009. 29 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 31** Evaluering av "Spesielle miljøtiltak i jordbruket" (SMIL). Freda og verneverdige bygninger og andre kulturminner og -miljøer. *Sætren, A. 2009. 72 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 32** Om retningslinjer for håndtering og forvaltning av skjelett- og gravfunn fra nyere tid. Rapport til Riksantikvaren. *Sellevold, B. 2009. 49 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 33** I pilegrimenes fotefar. Pilegrimsleden som verdiskapingsprosjekt. *Berg, S. K., Nesbakken, A. 2009. 66 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 34** Godt fungerende bevaringsområder. *Nyseth, T.; Sognnæs, J. 2009. 124 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 35** Kulturminneforvaltningens kunnskapsbehov 2005-2009. *Larsen, K.C., Myrvoll, M. og Fløisand, I. 2009. 124 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 36** Nasjonalt resultatmål 3 for kulturminnevernet. En undersøkelse av status og mulighet for måloppnåelse i 2020. *Sætren, Anne. 2010. 79 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 37** Etablering av sentre for verdensarven. *Marit Myrvoll. 2010. 27 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 38** Tilbygning og påbygning av verneverdige bygninger – Kulturminnevern og tilpasning. *Hvinden-Haug, L., Andersen, E. 2010. 65 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 39** Verdier i Listalandskapet. Utpøving av metode for medvirkning i landskapskarakterisering. Rapport fra dialogseminar på Lista 7. og 8. oktober 2009. *Thomassen, J.; K. C. Larsen; W. Grahn og T. Risan. 2010. 49 s. 2010.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)

40 100-årsgransen for automatisk fredete samiske kulturminner: Status og scenarier. Holm-Olsen, I. M., Myrvoll, E. R., Myrvoll, M., Thuestad, A. 2010. 52 s. (*Finnes kun som PDF-fil på nett. Utskrift kan bestilles hos NIKU.*)

NIKU Tema

- 1 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Eidskog kommune, Hedmark 2002. *Sollund, M.-L. B. 2003. 20 s.*
- 2 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Saltedal kommune, Nordland 2002. *Barindhaug, S. og Holm-Olsen, I. M. 2003. 22 s.*
- 3 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Sandnes kommune, Rogaland 2002. *Haavaldsen, P. 2003. 16 s.*
- 4 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Skjåk kommune, Oppland 2002. *Binns, K. S. 2003. 22 s.*
- 5 NIKU strategiske instituttprogram 2001-2006. Verneideologi. NIKU-seminar 4. februar og 25. april 2002. *Seip, E. (red.) 2003. 77 s.*
- 6 Bevaring av samlingane ved fem statlege museer. Undersøkingar utført for Riksrevisjonen. *Bjørke, A. 2003. 95 s.*
- 7 På vandring i fortiden. Mennesker og landskap i Gråfjell gjennom 10 000 år. *Amundsen, H. R., Risbøl, O. & K. Skare (red.) 2003. 112 s. **Utsolgt, kun pdf-fil***
- 8 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Børnlo kommune, Hordaland, 2003. *Binns, K.S. 2004. 20 s.*
- 9 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Horten kommune, Vestfold, 2003. *Sollund, M.-L. B. 2004. 17 s.*
- 10 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Lillesand kommune, Aust-Agder, 2003. *Sollund, M.-L. B. 2004. 20 s.*
- 11 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Sortland kommune, Nordland, 2003. *Holm-Olsen, I. M. 2004. 17 s.*
- 12 Landskap under press – Urbanisering og kulturminnevern. En studie med eksempler fra Nannestad og Stavanger. *Swensen, G, Jerpåsen, G, Skogheim, R., Saglie, I-L, Guttormsen, T. S. 2004. 95 s.*
- 13 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Sarpsborg kommune, Østfold, 2004. *Sollund, M.-L. B. 2005. 29 s.*
- 14 Fra vernesone til risikosone. Studier i middelalderbyene Bergen og Tønsbergs randsoner. *Nordeide, S. Walaker (red.) 2005. 76 s.*
- 15 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Skien kommune, Telemark 2005. *Sollund, M.-L. B. 2006. 24 s.*
- 16 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Grong kommune, Nord-Trøndelag 2005. *Sollund, M.-L. B. 2006. 26 s*
- 17 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Tromsø kommune, Troms 2005. *Holm-Olsen, I. M. 2006. 22 s.*
- 18 Kultur – minner og miljøer. Strategiske instituttprogrammer 2001-2005. *Red. Egenberg I. M., Skar B. og Swensen, G 2006. 354 s.*
- 19 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Fræna kommune, Møre og Romsdal, 2006. *Sollund, M.-L. B. 2007. 19 s.*
- 20 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Nord-Aurdal kommune, Oppland, 2006. *Sollund, M.-L. B. 2007. 21 s.*
- 21 Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Eidskog kommune, Hedmark 2007. *Sollund, M.-L. B. 2008. 20 s.*

- 22** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Sandnes kommune, Rogaland 2007. *Sollund, M.-L. B. 2008. 20 s.*
- 23** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Saltdal kommune, Nordland 2007. *Thuestad, A. E. 2008. 20 s.*
- 24** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Skjåk kommune, Oppland, 2006. *Thuestad, A. E. 2008. 21 s.*
- 25** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Guovdageainnu suohkan / Kautokeino kommune, Finnmark 2006. *Holm-Olsen, I. M. og Thuestad, A. E. 2008. 19 s.*
- 26** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Lillesand kommune, Aust-Agder 2008. *Sollund, M.-L. B. 2009. 21 s.*
- 27** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Bømlo kommune, Hordaland 2008. *Sollund, M.-L. B. 2009. 21 s.*
- 28** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Horten kommune, Vestfold 2008. *Sollund, M.-L. B. 2009. 17 s.*
- 29** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Sortland kommune, Nordland 2008. *Thuestad, A.E. 2009. 20 s.*
- 30** Kulturarv og stedsidentitet. Prosjektsammendrag. *Swensen, G (red.). 2009. 9 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 31** Kulturarv og stedsidentitet. Kulturmiljø i kryssilden mellom bevaring og utvikling. *Swensen, G, Larsen, K.C., Molaug, P.M. og Sognnæs, J. 2009. 85 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)
- 32** Fortidens minner i dagens landskap. Status for automatisk fredete kulturminner i Sarpsborg kommune, Østfold 2009. *Sollund, M.-L. B. 2010. 25 s.*
- 33** Fragmentert eller representativt? Konstruksjonen av kulturminneverdier langs Akerselva i Oslo. *Grahn, W., Berg, S.K., Larsen, K.C. 2010. 65 s.* (Finnes kun som pdf-fil på nettet. Utskrift kan bestilles hos NIKU.)

Annet

Kulturminner – en ressurs i tiden (Jubileumsbok – NIKU 10 år). *Red. C.Paludan-Müller & G. Gundhus, G. 2005. 184 s.*